

Ei undersøking av finansterminologi i undervisning og formidling

Trude Bukve



Mastergradsoppgåve i allmenn lingvistik
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

UNIVERSITETET I BERGEN

Mai 2012

Forord	5
0. Summary	6
1. Innleiing	7
1.1 Bakgrunn og mi tilnærming	8
2. Domenetap	11
2.1 Om domenetap	11
2.1.1 Engelsk – notidas Tyrannosaurus Rex?	11
2.1.2 Lingvistisk imperialisme	12
3. Sosiolingvistikk	14
3.1 Det sosiolingvistiske forskingsfeltet	14
3.2 Den sosiale sida ved språket: haldningar, identitet og normer	15
3.3 Sosialpsykologi	15
3.4 Ei sosiolingvistisk tilnærming til terminologi og fagspråk	17
4. Fagspråk og terminologi	18
4.1 Kategorisering som grunnlag for allmennspråk og terminologi	18
4.2 Terminologi	21
4.2.1 Termen.....	23
4.2.2 Omgrepet.....	25
4.2.3 Korleis dannar ein termar?	27
4.3 Læringseffekt ved bruk av framandspråk	35
4.4 Ein meir brukarretta terminologi?	36
4.5 Språket som premissleverandør	37
4.6 Akademia i samfunnet eller samfunnet i akademia?	38
5. Metodar og datamaterial	39
5.1 Haldningsundersøking: syn på bruken av engelsk i ei norsk undervisning	39
5.1.1 Spørjeskjema	39
5.1.2 Utforming av undersøkinga	40
5.1.3 Respondentar	42
5.1.4 Haldningar som undersøkingssubjekt.....	43
5.2 Kasusstudie: termar nytta i undervisning og formidling	46
5.2.1 Utforming og mål med kasusstudiet	46
5.2.2 Norsk aviskorpus.....	47
5.2.3 Pensumlister, lærebøker og ordlister	49
5.2.4 Datamateriale.....	49
5.3 Metodiske utfordringar ved bruken av spørjeskjema og haldningsundersøkingar	49
6. Resultat	52
6.1 Kasusstudie: gjennomgang av termbruk i lærebøker, ordlister og aviser	52
6.1.1 Termene.....	52
6.1.2 Kva typar termar vert mest nytta.....	57
6.2 Haldningar: resultat og analyse	58
6.2.1 Syn på bruken av engelske termar i undervisninga	58
6.2.2 Fordelar ved bruken av engelsk i undervisninga	63
6.2.3 Haldningar til utvalde termar	67
6.3 Skilnader mellom grupper	69
6.3.1 Er det skilnad mellom kvinner og menn?	69
6.3.2 Er det skilnad mellom studentar ved NHH og UiB?	72
6.3.3 Er det skilnad mellom studentar på ulike utdanningssteg?.....	75
7. Diskusjon	77
7.1 Sosiolingvistikk og terminologi: sosioterminologi?	77

7.2	Er redsla for engelsk overdriven?	79
7.3	Domenetap: frå haldning til handling	81
7.4	Internasjonalisering = anglifisering?	83
7.5	Kva haldningar dominerer blant studentane?	85
7.6	Lid formidlingsspråket under mangelen på standardiserte termar/mangel på konsistent språkbruk?	87
8.	Konklusjon	91
	Litteratur	92

Vedlegg 1: Pensumlister

Vedlegg 2: Spørjeskjema

Oversyn over figurar:

Figur 1	Fyrste figur (A og B) syner til dei aristoteliske kategorigrensene, medan neste figur (C og D) syner til medlemmar av ein kategori som meir eller mindre perifere eller del av den prototypiske kjernen.....	20
Figur 2	Relasjonen mellom allmennspråk, fagspråk og terminologi	22
Figur 3	Relasjonen mellom omgrep, term, referent og definisjon	25
Figur 4	Firefeltmodell til Wüster med ei kontekstuell ramme inkludert av Myking i Laurén, Myking og Picht (1997:92).....	26
Figur 5	Utdrag av figuren hjå Nänny & Fischer 1999, som syner relasjonen mellom dei ulike typane ikonisitet.....	32
Figur 6	Her vart studentane bedne om å ta stilling til kva språk som gav best læringseffekt	40
Figur 7	Studentane vart her bedne om å ta stilling til om dei trudde det var lettare å få jobb i utlandet dersom dei nytta engelsk som fagspråk.	45
Figur 8	”Det blir brukt for mange engelske termar i undervisninga”	59
Figur 9	”Dei norske termene som blir nytta i undervisninga er gode”	60
Figur 10	”Det er viktig at ein utviklar norske termar”	61
Figur 11	”Kva undervisningsspråk gir best læringseffekt?”	62
Figur 12	”Det er akkurat det same kva språk ein nyttar dersom ein forstår kva som er meininga”	62
Figur 13	”Når undervisninga blir gitt på norsk, bør termene også vera norske”	63
Figur 14	”Dei engelske termene er meir presise enn dei norske”	64
Figur 15:	”Det blir lettare å få jobb i utlandet om ein brukar engelsk som fagspråk”	65
Figur 16	”Eit norsk fagspråk gjer det lettare å formidle økonomifag til dei som ikkje har utdanning innan økonomi (’folk flest’)	67
Figur 17	Er 'kredittskvis' ei god omsetting av 'credit crunch'	67
Figur 18	Er høyriskoprodukt ei god omsetjing av CFD (Contract for difference)?	68
Figur 19	CDS (Credit default swap) eller derivat?	68
Figur 20	Er hedgefond betre likt enn hedge fund?.....	69
Figur 21	Skilnad i haldningar mellom kvinnelege og mannlege studentar.....	71
Figur 22	Er det skilnad mellom studentar ved NHH og UiB?	74
Figur 23	Syner skilnad i haldningar mellom studentar, delt i to grupper (utdanningar i mindre og meir enn eit halvt år)	75

Forord

Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg oppdaga eit svært interessant felt som eg hadde gjort meg få tankar om før eg starta som masterstudent i lingvistikk. Sosiolingvistikk, terminologi og fagspråk er likevel eit felt eg har trivst godt å jobba med. Her har eg fått kombinera ei sterk språkinteresse med ei like sterkt politisk engasjement.

Fyrst og fremst vil eg takka hovudrettleiaren min, Øivin Andersen, for å ha introdusert meg for dette feltet. Marita Kristiansen, birettleiaren min, har også vore ei inspirasjonskjelde innan dette faget. Med desse to på laget har eg hatt mykje god støtte og hjelp og dei har utan tvil mykje av æra for at eg har klart å koma i land med dette prosjektet.

Eg vil også nytta høvet til å takka Språkrådet som fann prosjektet mitt verdt å sponsa gjennom stipendet de lyste ut. Dette har gjort til at eg har kunna reist rundt på ulike konferansar og kurs og lært endå meir om feltet. Eg har også vore så heldig at eg har fått ta del i forskingsgruppa *Tekst, diskurs og fagkommunikasjon* og her har eg møtt mange kompetente forskarar som har kome med gode og verdifulle innspel.

I tillegg til dette har eg hatt god hjelp frå både vener og familie. Eilert har vore god å ha når eg ikkje har skjønt opp og ned på finastermane. Kari har gitt meg råd og tips når det kjem til omgrep og teoriar knytt til psykologi. I tillegg til dette har Galina, Irine og Janne vore gode å ha som selskap på lesesalen.

Mor og far har vore ei god støtte og har ringt tett og ofte, både for å diskutere oppgåva og for å halde motivasjonen min oppe i innspurten.

Til slutt vil eg takka Gunnar og Amalie. Gunnar er grunnen til at eg har klart å gjennomføra dette. Han har i store periodar vore både mor og far for Amalie, medan eg har sete nedgrave i bøker på lesesalen. I tillegg til dette har han ein vore ei uvurderleg støtte i sjøve arbeidet. Eg trur nok at du på dette tidspunktet kan nesten like mykje om dette feltet som meg, etter alt arbeidet du har lagt ned for å hjelpa meg. Og Amalie, no skal endeleg mamma få tid til å lesa Harry Potter til deg att!

0. Summary

In the present master thesis I have studied the relations between the sociolinguistic framework and methods in relation to the field of terminology. The aim has been to make the traditional “wüsterian” terminology theory and working methods more user oriented.

The first research questions concerns the status of Norwegian financial language and to what extent Norwegian terminology is used and created. Another research theme deals with the question; to what extent is there a systematic relationship between the terms used in textbooks and dictionaries and the terms one uses in the more popularized setting? To answer these I have carried out a small case study where I compared terms from dictionaries with terms already extracted from the Norwegian newspaper corpus. After analysing the results from the case study I have found that terminology used in newspapers not necessarily correspond to terminology used in teaching settings. Earlier research (Kristiansen 2012) suggests that the Norwegian financial language is in need of language planning strategies, and that there exists a comprehensive collection of Norwegian term in the field. In this thesis I have tried to explore reasons why some of these existing terms aren't in use. This is where I shift my focus from terms and terminology and over to more sociolinguistic methods.

My last research question deals with student attitudes towards the use of English in Norwegian teaching contexts. In examining these, I have handed out a questionnaire to students where this is one of the themes. Some specialists and lecturers tend to think of Norwegian as a language which cannot be used if you want to become a part of the academic elite. One of my aims with this research has been to see whether students display the same kinds of attitudes as these specialists. Comparing groups in the sample, I find reasons to believe that female students and students that only recently started studying in the field of economics tend to have less positive attitudes towards the use of English in the teaching contexts than do their counterparts (male students and students with longer academic records).

1. Innleiing

Domenetap oppstår når eit språk tapar terreng til fordel for eit anna språk. Her til lands skjer denne prosessen hovudsakleg ved at norsk vert skyvd til sides av engelsk. Problemstillinga knytt til engelskbølgja som har skylt over landet har vore gjenstand for mykje debatt i media, så vel som hjå forskings- og undervisningsinstitusjonar landet rundt. I denne masteroppgåva nyttar eg ei sosiolingvistisk og terminologisk vinkling som kan hjelpe å belysa denne debatten.

Grunnen til oppgåvetemaet botnar hovudsakleg i mi eiga interesse for sosiolingvistikk og norsk språk. Som nynorsk språkbrukar har eg fått interesse for språkpolitikk inn med morsmjølka. Haldningar og identitet er nært kopla til språk, og gjennom språket syner ein kven ein er og kva verdiar ein verdset. Etter kvart har eg fått augo opp for at språket ein nyttar seg av innan forskning og academia også kan gi verdifull kunnskap knytt til språkendingar i samfunnet. Domenetap vil ha ringverknader langt utover kvar einskild forskingsinstitusjon. Det kan også føra til at studentar lyt operera med eit engelsk fagspråk og at formidlarar innan media lyt skriva om forskning utan å ha eit godt språkleg verkty. Dokumentert kunnskap basert på forskning er naudsynt, men dette kan verta vanskeleg å formidla dersom ein ikkje har eit kjend språk å formidla det på.

Denne oppgåva er i eit skjeringspunkt mellom sosiolingvistikk, fagspråk og terminologi. Hovudtemaet er norske økonomistudentar sine haldningar til bruken av norske og engelske termar i undervisning og lærebøker. For å avgrensa området har eg fokusert på finansterminologi. Finans, og økonomi generelt, er eit fagfelt som dei fleste av oss gjer oss tankar kring, og den økonomiske informasjonen har vorte ein del av kvardagen vår gjennom media (Nissilä 2008: 17).

Forsking på finans- og finanskriseterminologi er eit aktuelt tema og eg har vore så heldig å få ta del i eit miljø på Norges Handelshøgskole (NHH) og Universitetet i Bergen (UiB) som har terminologi- og fagspråkforskning som primærforskningsområde og nytt godt av deira kunnskap. I tillegg har eg fått støtte frå Språkrådet for å gjennomføra prosjektet, noko som har gjeve meg moglegheita til å mellom anna reisa på relevante kurs og konferansar innanlands, så vel som utanlands.

Oppgåva har følgjande problemstillingar:

1. *Kva er statusen til norsk fagspråk innan finans? Finst det døme på at norsk fagspråk vert utvikla?*
2. *Korleis samsvarer termene som ein gjer seg bruk av i lærebøker og ordlister med dei termene som norske aviser nyttar når dei skriv om finanstema?*
3. *Kva tykkjer studentane om termene som vert nytta? Er det positiv eller negativ haldning til bruken av engelske termar i ei elles norsk undervisning?*

1.1 Bakgrunn og mi tilnærming

Etter finanskrisa slo inn for fullt i 2007 har finans vore eit dominerande tema i norske aviser. Sidan faget er i kontinuerleg utvikling og graden av 'anglisismelån' er stor vert det vanskeleg å etablere ein god norskspråkleg praksis innan området. Og til lenger ein går utan at norske termar vert introduserte og standardiserte, til vanskelegare vil det vera å få innpass for dei norske alternativa hjå dei som nyttar faguttrykka mest, nemleg spesialistane.

Det teoretiske utgangspunktet for denne oppgåva er henta frå sosiolingvistikken og terminologien. Under det overordna lingvistiske rammeverket, tek eg altså på meg både dei sosiolingvistiske og dei terminologiske brillene, og blant anna i kapittel 3 vil eg syna til forskning og diskusjonar på dette området og sjå om det kan vera funksjonelt og praktisk å slå saman desse to greinene for å danne eit paradigme å sjå fagspråksforskninga ut ifrå. Fyrst greier eg ut om relasjonen mellom allmennspråk og fagspråket. Ein meir utførleg diskusjon av emnet vil eg gjera i kapittel 8.1, *Sosiolingvistik og terminologi: sositologi?*

Det er ikkje gjort mykje forskning innan sositologi i Noreg i dag. Eg har difor stilt meg i ein tradisjon som enno ikkje kan seiast å vera fullt ut utvikla. Myking (2000: 93) meiner at sositologi burde vera særst interessant i Norden:

nordisk språkforskning er kjenneteikna av ei sterk interesse for sosiolingvistik, dessutan at sosiolingvistik og språkplanlegging heng tett saman (...). Alt peikar derfor mot at ei terminologisk retning som tematiserer samfunnet, burde ha spesiell interesse og relevans for dei nordiske språksamfunna".

Mitt mål med denne oppgåva har vore å gå eit steg i retninga av å gjera terminologien meir tilgjengeleg for språkbrukaren og sjå terminologi og språkbruk frå eit brukarperspektiv.

Fleire har hatt økonomi som felt for terminologisk forskning. Nissilä (2008: 65) set økonomien og den wüsterske fagspråkslingvistikken i samanheng:

Intresset för forskning i ekonomins fackspråk är ungefär lika gammalt som terminologiläran. Ekonomins språk är en av de första branscher där man har börjat tillämpa lingvistikens metoder inom andra vetenskapsområden. I den så kallade Wirtschaftslinguistik-inriktningen undersökte man sambandet mellan den ekonomiska utvecklingen och språket vid tyska, schweiziska och holländska handelshögskolor.

Ein av grunnane til at det er interessant å undersøkje terminologien i økonomifaget, er at det er eit fagspråk som er i stadig og rask endring. Laurén og Nordman (1987: 159) syner til at "[e]konomins fackspråk är också instabilt på grund av de ständiga förändringarna och den snabba utvecklingen inom området". Kristiansen (2011a: 1) syner at det er viktig å auka språket si evne til å tilpassa seg hurtig til endringar i sosiale forhold. Vidare viser ho til at ein i Noreg har fått eit auka fokus på faren for domenetap innan fleire fagområde ved at engelsk tek over og at ein føretrekk engelsk som kommunikasjonsspråk.

I samband med utviklinga av fagspråket innan økonomi har eit viktig tema vore korleis den engelske terminologien påverkar utviklinga av eit norsk fagspråk. Kristiansen (ibid.) peikar på at etablerte språkhaldningar ikkje "nødvendigvis talar til fordel for terminologiutvikling på norsk", og at dette er ei av årsakene til domenetap. Kristiansen og Vikør (2006: 63) syner i sin studie, som omhandlar nordiske språkhaldningar, at 10,3 prosent av menn var 'heilt einige' i at engelsk burde vera det einaste morsmålet i verda, medan 6 prosent av kvinnene tykte det same. Samtidig syner det seg at somme forelesarar og forskarar meiner engelsk er eit meir presist språk enn norsk, samt at norsk er som ei "treski" (Ystenes 2004) i forskarsamanheng: utdatert og ikkje ein tilstrekkeleg reiskap for å oppnå internasjonal merksemd og erkjenning.

Språkhaldningar har vore hovudfokuset i masteroppgåva mi også, men her har eg valt å leggja vekt på studentperspektivet. Det har ikkje vorte gjort mange undersøkingar som tek føre seg haldningane som studentar syner ovanfor bruken av engelsk i norske undervisningssituasjonar. Eg har difor hatt som mål å finna ut om studentane er positive eller negative til bruken av engelsk som fagspråk. Dette har eg gjort gjennom å dela ut ei haldningsundersøking som tek føre seg innslag av engelsk i norske

undervisningar. Her vart studentane bedne om å ta stilling til både positive og negative sider ved å nytta eit framandspråk i læringa, så vel som formidlinga ut til ålmenta.

I tillegg til dette studiet har eg utført eit lite kasusstudie der eg samanliknar termbruken mellom tre kjelder: *lærebøker*, *ordlister* og *aviser*. Eg har også nytta litteraturlister frå NHH og UiB for å sjå kor stor del av pensum som vert lagt opp å norsk, og kor mykje som er på engelsk. Til sist har eg sett på eit utval av termar og faguttrykk som vert nytta i dei tre kasusa. Målet har vore å finna ut om dei syner visse trekk som er kjende for norsk termdanning og om desse vert nytta i større grad enn dei som ikkje syner desse trekka, eller om det er slik at det er dei engelske termane som vert nytta. Denne analysen støttar seg hovudsakleg på ei onomasiologisk tilnærming, ved at den tek utgangspunkt i ei omgrepsbasert tolking av termuttrykka eg studerer.

2. Domenetap

Med termen domenetap referer ein gjerne til at eit språk tapar terreng i forhold til eit anna. Resultatet av domenetapet vert då som oftast at det truga språket går ut av bruk innan eit eller fleire samfunnsområde:

(...) domenetap blir nytta om prosessen der eit språk gradvis trengjer eit anna til sides innan eit domene, og resultatet der eit språk er gått ut av bruk på eit domene. (...) Domenetap er ein svakare variant av språkdød, at eit språk dør ut (St.meld. nr. 35: 78).

2.1 Om domenetap

Dette omgrepet har vore gjenstand for mykje debatt i norske språkdiskusjonar og vert ofte nytta som det verst tenkjelege utfallet om ein let framandspråk, som til dømes engelsk, herja fritt. Laurén, Myking og Picht (Laurén mfl., som sitert i Ljosand 2008: 36) definerer domene som ”fagområde eller kunnskapsområde som eit språk er brukande for”. Vidare syner dei til at omgrepet for fyrste gong vart nytta i 1989 av den danske språkvitaren Jørn Lund som uttrykkjer følgjene av domenetap som ”[d]e situasjonar, hvor det er passende at bruke sproget, kan blive færre og færre” (Lund, som sitert i Ljosand 2008: 30). Domenetap vert vidare definert som ei ”[s]tatusendring som fører med seg tap av uttrykksmiddel innafor eit kunnskapsområde for eit språk, på grunna av manglande utvikling av dei fagspråklege uttrykksmidla” (Laurén mfl., som sitert i Ljosand 2008: 36).

Den største utfordringa ein står over i dag er stort innslag av engelsk innan viktige fagfelt og samfunnsområde. Men i følgje Simonsen (2004) tek domenetaps-debatten fokuset bort frå det som eigentleg burde ha hatt fokus, nemleg språkbrukaren. Det er jo fyrst og fremst den jamne språkbrukar som får problem når norske termar ikkje lenger vert vidareutvikla.

2.1.1 Engelsk – notidas Tyrannosaurus Rex?

Somme meiner at problemet med bruken av denne termen ligg i at språket vert sett på som ein levande organisme, som har eigen vilje og sjølvstendig vilje til handling. Ein ser då på engelsk som “a powerful carnivore gobbling up the other denizens of the academic linguistic grazing grounds” (Swales 1997: 374). Her tek forfattaren opp problematikken med at det engelske språket utbreier seg

på ein slik måte at minoritetsspråka på eit biletleg nivå kan seiast å verta ete opp av engelsken, forkledd som Tyrannosaurus Rex.

Det ein likevel kan einast om er at ein ukritisk import og bruk av engelske ord og termar i verste fall kan føra til at utviklinga av norsk terminologi og fagspråk stagnerer, og at ein ikkje lenger har eit dekkjande norsk språk å kommunisera på. Om dette skjer kan ein spørja seg om norsk fortsatt er eit fullverdig språk. Når ein ikkje lenger kan kommunisera viktig informasjon på morsmålet vil ein etter mi meining stå ovanfor eit demokratisk problem, der deler av samfunnet vert ekskludert frå å delta i utviklinga av samfunnet. Dette vil eg gå nærare inn på i kapittel 7, *Diskusjon*. Det som er sikkert er at bruken av engelsk eller norsk i eit i utgangspunktet norsk fagspråk vert sett på som meir eller mindre viktig alt etter kven ein søkjer å spørja. Det er mange ulike haldningar til engelsk si rolle som lingua franca i norsk forskning og academia i dag. Desse haldningane ynskjer eg å kartleggja eg i denne oppgåva.

2.1.2 Lingvistisk imperialism

Nymark og Theil (2011) syner at til at engelsk meir eller mindre har fått status som eit språk for den akademiske eliten. Dei syner vidare til at ”skilnaden på velforma og ikkje-velforma språk er som skilnaden mellom hoffet og folket” (ibid.: 18). Ein kan altså spørja seg om engelsk har fått rolla språk for ”hoffet” og om det er eit språk for den akademiske eliten og som skil ekspert frå noviser. Nymark og Endresen seier at ”[i] eit internasjonalt perspektiv av diglossi (...) har engelsk funksjon som nær sagt einerådande høgstatusspråk” (ibid.: 26). Det vert synt til at engelsk vert sett på som ei inngangsdør til høgstatusarbeid og god løn mykje grunna den rolla som internasjonaliseringa har fått i dagens samfunn.

Også norske universitet og høgskular trykkjer engelsk til sitt bryst, og syner til Bologna-avtalen som legg til rette for ei aukande internasjonalisering av den høgare utdanninga. Bologna-traktaten frå 2005 hadde blant anna som mål å harmonisere høgare utdanning i Europa, og internasjonalisering av academia stod difor sentralt. Traktaten fører til at ein meir enn før set fokuset på å auka studentane sine framandspråklege kunnskapar (St.meld. 14 2008-2009). Det er berre ei hake ved dette; at denne avtalen ikkje nemner at det er engelsken som har fått æra av å sameina den høgare utdanninga mellom landa (Ljosand 2005). Sjølv om traktaten ikkje nemner at engelsk skal nyttast som det internasjonale lingua franca, ser ein at den aukande internasjonalisering av utdanningane gjer at engelsk vert sett på som ein naturleg fyrsteval. Dette er ikkje berre problematisk for studentane, som lyt forholde seg til ei

aukane grad av engelskspråkleg pensum og engelsk fagspråk i eit elles norsk pensum, men det er minst like problematisk for formidlinga av viktig forskning dersom ein ikkje klarer å formidla denne på eit språk som speglar mottakargruppa.

At engelsk er det viktigaste språket synest likevel sjølvsagt for dei fleste, som til dømes hjå journalistane til Aftenposten som publiserte ei magasinutgåve med det treffande spørsmålet på framsida: ”Hvilket språk er viktigst å lære seg? (etter engelsk)” (Aftenposten 2012). Språk kan for mange sjåast som eit viktig verkty å meistra og å vera språkmektig kan føra med seg gode. Bourdieu (som referert til i Nymark og Theil 2011) lanserte termen *kulturell kapital*, som blant anna omfattar *lingvistisk kapital*. Han meiner at språk ikkje berre er eit verkty for kommunikasjon og kunnskap, men at det også er eit uttrykk for makt. Statusen til eit språk som engelsk, som har status som lingua franca, kan verte nytta som ein type kapital og som blant anna kan vera viktig med tanke på utdanning og løn (ibid.: 27). Dette er igjen nært knytt til omgrepet *lingvistisk imperialisme*. Dette førekjem ved dei høve der eit dominant språk, som til dømes engelsk, vert ført over i andre språk. Engelsk har i denne samanhengen stått sterkt heilt attende til kolonitida og seinare i tid som lingua franca i forskinga. Og ein kan jo spørja seg om dette er eit syn spesialistane har innteke; at det hadde vore flott med eit fullgodt norsk fagspråk, men at stoda i dag rett og slett ikkje er mogeleg å reversera. Engelsk tek over og slik er det.

Mæhlum (2006) meiner at engelsk i dag har oppnådd eit hegemoni sett i forhold til andre språkgrupper. Ho syner også til at ”når det gjelder å forklare og forstå det engelske språkets posisjon[...] [er det blant ”folk flest” og nokre lingvistar ein tendens til å oppfatta] at vi her står overfor krefter som vi de facto ikke kan gjøre noe med; vi kan mislike det hvor mye vi vil, men dette er prosesser som er prisgitt og som derfor ikke kan stoppes” (Mæhlum 2006: 37).

3. Sosiolingvistik

Trudgill syner til at “the social environment can also be reflected in language, and can often have an effect on the structure of the vocabulary” (2000: 16). Sosiolingvistikken syner mellom anna på kva måte samfunnet og sosiale relasjonar kan knytast til, og vert reflektert i språket. Eg har til no gått gjennom debatten som knyter seg til spørsmålet om domenetap. Vidare vil eg gå nærare inn på faktorar som underlegg språkbruk på både det sosiale planet og korleis ulike sosiale normer og haldningar kan påverka handlingane til språkbrukarane. Sosialpsykologiske faktorar som spelar inn i språkbrukssituasjonen er også eit viktig emne, og kan belysa faktorar som spelar inn på sosiolingvistiske fenomen som styrer haldningar og identitet knytt til språk. Eit av dei viktigaste tema i denne oppgåva knyter seg til haldningsomgrepet då eg har delt ut ei haldningsundersøking til økonomistudentar som ein del av denne masteroppgåva. Egidius (1996: 203) definerer haldningar som det ”å ta stilling til noe - en prosess som dannes etter hvert som vi trekker slutninger om ulike foreteelsers egenskaper og deres betydning for vår tilpasning til omverdenen”. I haldningsundersøkinga eg har delt ut har eg bedd studentane om å ta stilling til bruken av engelsk i ei eller norsk undervisning, og kva dette har å seia for dei som studentar og komande spesialistar og formidlarar av forskning.

3.1 Det sosiolingvistiske forskingsfeltet

Eit viktig tema for sosiolingvistikken har vore å studera språkleg variasjon mellom ulike sosiale grupper (Akselberg 2003). Ein nyttig synsvinkel på språkleg variasjon er knytt til omgrepet *sosial stratifisering*. Trudgill (2000) forklarar sosial stratifisering som ein “term used to refer to an hierarchical ordering of groups within a society especially in terms of power, wealth and status” (ibid.:25). I denne oppgåva vil eg diskutera i kva grad bruken av engelsk innan forskning og academia ved nokre høver kan relaterast til sosial stratifisering, slik Trudgill definerer det.

Det har ikkje enno vore ei klar bru mellom den sosiolingvistiske forskinga og fagspråksforskinga. Medan det har vore mykje fokus på dialektar og språket som ein sosial konstruksjon, har ein ikkje i like stor grad gått inn i fagspråksforskinga i dei sosiolingvistiske studia. Eg meiner likevel at dette er eit svært dagsaktuelt område for forskning på haldningar og identitet sett i samheng med debatten knytt til domenetap. Eg vil difor argumentera for at ein fokuserer meir på språkbrukaren når det kjem

til utviklinga av terminologi og meiner at tradisjonelle sosiolingvistiske metodar kan vera relevante for fagspråket, så vel som allmennspråket.

3.2 Den sosiale sida ved språket: haldningar, identitet og normer

Språket er både eit verkty som ein gjer seg bruk av i kommunikasjonen med andre og ein sosial konstruksjon. Gjennom språket kan ein indikera status, haldningar og tilhøyr. Noreg er i den situasjonen at ein har fleire samstilte språk. Norsk og samisk utgjer to likestilte språk her til lands. Det same gjer skriftspråka nynorsk og bokmål. Debatten kring opplæring i sidemål rasar atter ein gong i media og er det noko me ikkje kan synast å einast kring, så er det kva rolle nynorsk skal spela i skulen og samfunnet elles. Men bruken av engelsk i norsk er også eit tema som opptek mange. Når det kjem til språkdebatten på det nasjonale og faglege planet fokuserer ein ofte på fordelar og ulemper med bruken av engelsk som forskings- og formidlingsspråk. I denne oppgåva har eg i tillegg valt ta opp diskusjonen knytt til språk og identitet og på kva måte språkbruk innan fagmiljøa kan føra til at ein vert sosialisert inn i visse typar haldningar.

Som grunnlag for å sjå nærare på språkbruk som identitetsmarkør og gruppetilhøyr vil eg gå inn på språk i ein psykologisk kontekst, samt sjå nærare på korleis ein forklarar språk ut ifrå ein sosiolingvistisk forklaringsmodell.

3.3 Sosialpsykologi

I moderne psykologi vert altså haldningar sett på som det å ta stilling til noko (jf. Kap. 3, s. 13). ”Om en venn har andre ideer om saker og ting enn vi har selv, føler vi et press på enten å endre våre ideer eller å overtale vennen til å endre sine [haldningar]” (Egidius, 1996: 203). I denne samanhengen vel eg å tøyja ven-omgrepet noko og byter det ut med forelesar; ein kan då tenkja seg til ein situasjon der forelesar som autoritetsperson føretrekk å gjera seg bruk av engelske termar i ein elles norsk undervisningssituasjon. Her kan ein spørja seg om dette også kan føra til ei haldningsendring hjå studentane. Her handlar det, etter mi meinig, om kva miljø og haldningar ein vert sosialisert inn i, i løpet av utdanninga.

Ein kan i ein slik samanheng sjå at haldningane til forelesarar når det kjem til kva språk ein vil gjera seg bruk av, kan ha mykje å seia for kva studentane vel å fokusera på ved fullført utdanning. Som

språkbrukar gir ein heile tida hint som syner kva verdiar og haldningar ein står inne med. Trudgill (2000: 2) uttrykkjer dette på følgjande måte:

(...) whenever we speak we cannot avoid giving our listeners clues about our origins and the sort of person we are. Our accent and our speech generally show where we come from, and what sort of background we have. We may even give some indication of certain of our ideas and attitudes, and all this information can be used by the people we are speaking with to help them formulate opinions about us.

Dette er viktige poeng frå ein sociolingvistisk ståstad, då språket ein gjer seg bruk av kan gi signal til mottakaren om kven talar er som person og kva haldningar og verdiar denne personen vektlegg.

Identitet er og eit omgrep som er nært knytt til språk. Le Page og Tabouret-Keller har studert kreolspråk og meiner blant anna at “a speaker is not merely a passive voice-piece of his or her social position in society, but rather makes sometimes conscious choices as to how to speak” (sitert i Dyer 2007: 105). Vidare syner dei til at ein som språkbrukar aktivt utnyttar tilgjengelege lingvistiske ressursar for å projisera ulike identitetar i ulike situasjonar. Dette valet syner også, ifølgje forfattarane, til ein prosess der individet dannar eigne mønster for den språklege åtferda for å likna meir på ei gruppe eller grupper som personen ved ulike høve identifiserer seg med (ibid.). Med andre ord, sosialiseringsseser. Identitet vert, ut ifrå ei slik forklaring, sett på som eit dynamisk fenomen som kan endra seg over tid og alt etter kva situasjon ein er i. Dyer (2007: 106) forklarar dette fenomenet på følgjande måte:

Language is considered to be constitutive of social identity (...) and is not merely a reflection of one's general social position in the world (...) distinct **styles** of speech are sometimes consciously manipulated by individuals to signal group membership.

Ein mogleg konsekvens av dette kan vera at språket og termane ein nyttar i forskning og formidling syner ei form for tilknytning og identifisering visse miljø. I tillegg til dette kan det vera at ein forelesar som aktivt går inn for å gjera både norske og engelske termar tilgjengelege for studentane, oppfatast som å identifisera seg med eit anna forskingsmiljø enn forelesaren som tviheld på at det engelske fagspråket er det beste.

3.4 Ei sosiolingvistisk tilnærming til terminologi og fagspråk

I sosiolingvistikken gjer ein seg ofte bruk av normomgrepet. Ei norm refererer som oftast til reglar (Mæhlum 2003a: 88). Når ein snakka om normer innan språkbruk, skil ein oftast mellom skriftspråk og talespråk. Eg vil derimot ikkje gjera eit skilje mellom desse i denne oppgåva, då mitt mål er å undersøka bruken av engelsk i den generelle språkbrukssituasjonen innan undervisning og formidling. Med formidling meiner eg her hovudsakleg kommunikasjon av fagstoff i undervisningssituasjonen, men eg tek også opp problemet knytt til formidling av forskning ut til ålmenta. Eg vil ikkje gå nærare inn på preskriptive normer som er relevante for skriftspråk, og ei heller vil eg gå inn på empiriske normer som regulerer og styrer språkbruken. At noko er internalisert tyder at språkbrukarane har integrert desse reglane i sin eiga omgrepsoppfatting og at dei på den måten er meir eller mindre ubevisste mekanismar som underligg språkbruken (ibid.).

Haldningar er også eit svært relevant tema når det kjem til sosiolingvistikken og normomgrepet. Mæhlum (2003a: 88) definerer haldningar som ”vurderingar av og forventningar om et gitt saksforhold”. Desse kjem fyrst eksplisitt til syne dersom det er noko som bryt med åtferda som er i samsvar med norma (ibid.) Her snakkar ein altså om *sanksjonering av normbrud*. Dette omgrepet er ofte knytt til sosialt press, både bevisst og ubevisst, for å tilpasse seg ei gitt gruppe (ibid.). Som forskingsobjekt kan haldningar gi viktige indikasjonar på kvar språket er på veg. ”Holdninger er viktige i studiet av språklig variasjon og endring, fordi holdninger til språk kan si mye om språkets tilstand, for eksempel om språket er truet eller er midt i en endringsprosess” (Skilbred 2005: 13).

Haldningar kan formast på grunnlag av sosialiseringssprossar ein er ein del av, og kan også pregast av dei nasjonale språkpolitiske retningslinene ført av det aktuelle landet. Skilbred peikar på at språkhaldningar er kultur- og kontekstavhengige, og at dei er ”av relativt lang varighet” (Skilbred 2005: 15). Utdanningsløpet kan fungera som ein av kontekstane der sosialisering inn i visse tenkjesett og haldningar føregår. Dersom ein inngår i eit fellesskap der synet på språkbruk går i retning av at eitt språk er meir verdsett som forskingsspråk enn andre, kan ein tenkja seg at dette smittar over på studentane ved dei aktuelle lærestadene.

4. Fagspråk og terminologi

Fagspråk vert rekna som ei språkform nytta til kommunikasjon på et fagområde (Nordterm 2011:2). Fagspråket er prega av spesialisering, men sjølv i den fagspråklege konteksten skil ein mellom ulike grader av spesialisering (Picht og Draskau 1985). Simonsen syner til at ”sjøl de største eksperter blir lekfolk straks de kommer utenfor sitt eget speciale” (2004: 12). Det er med andre ord ikkje slik at ein ekspert innan finans har spesielle føresetnader for å forstå kva ein kommuniserer på spesialistspråket innan forskning på bedriftsleiing.

Terminologi vert rekna som ei eiga grein innan fagspråksforskninga, og vert blant anna forklart som ei ”tverrfagleg verksemd som går ut på å ordne og overføre kunnskap” (Suonuuti 2010: 15). Terminologien er altså eit tverrfagleg domene, og kan knytast til vitenskapar som lingvistik, logikk og informatikk. Eit tema som ofte vert reist i denne samanhengen er om terminologien er ein eigen vitenskap, eller om den kan sjåast som ei grein av lingvistikken. Laurén, Myking og Picht (1997: 32) syner til at terminologiske reiskap hovudsakleg nyttast for ”forskning i fackspråk, (...) ordnande av vetande och (...) fackspråklig språkplanering (...)”.

4.1 Kategorisering som grunnlag for allmennspråk og terminologi

Frå ein psykolingvistisk ståstad har menneske eit behov for å kategorisera og klassifisera informasjonen ein tek til seg i det daglege livet. I følgje Simonsen og Christensen kan kategorisering forklarast på følgjande vis:

”kategorisering- inndeling og klassifisering av ting, egenskaper og hendelser- (...) en helt grunnleggende menneskelig mental aktivitet, en nødvendig forutsetning for å kunne forholde seg til omverdenen. Vi kategoriserer verden omkring oss i stor grad gjennom språket- ved å sette navn på kategoriene” (Endresen mfl. 1996: 20).

Ulike teoriar forklarar denne kategoriseringa på ulike måtar. To av dei mest kjende modellane for menneskeleg kategorisering finn ein i *aristotelisk kategorigrenser* og i *prototypeteorien*. Som eg vil syna nedanfor, viser desse ulike måtar å sjå på kategorigrenser som grunnlag for språk. Eg meiner også at desse to teoriane, med sine ulike fokus, på kvar sin måte kan leggjast til grunn for oppbygginga av allmennspråket og fagspråket.

Begge teoriane vert definerte gjennom eit sett av trekk eller kriterium som er både naudsynte og tilstrekkelege for å skilja medlemmar frå ikkje-medlemmar, men måten dei gjer det på skil dei frå kvarandre.

Det aristoteliske synet på klassemedlemskap skil klårt mellom medlemmar og ikkje-medlemmar, og ein har klåre kategorigrenser. Ein har med andre ein *anten-eller-relasjon*. Med dette følgjer naudsynleg ein flat struktur, altså at alle naudsynte og tilstrekkelege trekk har same status i kategorien. Dette synet finn ein og støtte for i terminologiforskinga. Wüster var ein forkjempar for dette synet og dette kan ein sjå att i prinsippet om *ein-til-ein-korrespondanse* mellom omgrep og nemning som står sentralt i terminologien (Wüster og Bauer 1979).


Trass i at dette prinsippet står sentralt og at det ideelt sett burde vera slik at ei tyding korresponderer med eitt uttrykk er det langt frå røynda. Dette finn ein blant anna døme på i finansterminologien som eg har arbeidd med i denne masteroppgåva. Her er det langt frå ein ein-til-ein-korrespondanse. Den engelske termen *hedge fund* har opp til ti norske tilsynelatande ekvivalentar. Eg vil difor våga å påstå at denne ein-til-ein-relasjonen ofte er meir ideal enn faktisk tilfelle, og at det ikkje alltid kan gjennomførast i røynda, spesielt om ein arbeider innan sosialvitskapane. Kristiansen (2004: 71) syner til at "[t]he subject matter in these disciplines is of such a nature that the methods elaborated in the natural sciences cannot simply be carried over to the study of man (...) [o]ne reason for this is that they represent multi-disciplinary knowledge fields".

Ei anna retning som har hatt stor innverknad på synet om kategorigrenser er *prototypeteorien* som vart postulert på 1970-talet av Rosch (1978), og som meir eller mindre kom som ein reaksjon på det dåverande synet om at kategorigrensene er diskrete. Rosch meiner at medlemmane av ein kategori kan vera meir eller mindre prototypiske. Det er altså ikkje klåre kategorigrenser, men heller overlapp mellom kategoriar som er det sentrale synet her.

Det kan i utgangspunktet sjå ut til at dette synet passar betre inn i ein forklaringsmodell om allmennspråket. Det menneskelege sinnet har rett og slett ikkje kapasitet nok til å hugsa all informasjon som atomistiske einingar, og ein støttar seg difor på kontekst når ein kommuniserer. Etter mi meining kan også terminologi, om kanskje noko ufrivillig, plasserast inn i dette rammeverket. Som eg synte ovanfor er det ikkje naudsynleg slik at målet om klåre klassemedlemskap let seg gjennomføra i røynda. Situasjonar der omgrep kan forklarast og gjerne forståast på ulike måtar kan også føra til

ulike nemningar på eitt og same omgrep. Dette finn ein også døme på i finansterminologien med termen, *hedge fund*, som eg nemnde ovanfor. På norsk er både *sikringsfond* og *risikofond* forslått som ekvivalentar på norsk. Då 'risiko' og 'sikring' fører med seg svært ulike konnotasjonar kan ein her sjå at det lyt ligga ei grunnleggjande usemje knytt til kva eit *hedge fund* er¹. Verbalforma å *hedge* syner i følgje anglisismeordboka til "forebyggende tiltak som skal verne mot tap" (Graedler og Johansson 1997: 195).

Skiljet mellom dei to forklaringsmodellane har eg freista å illustrera i figur 1.



Figur 1 Fyrste figur (A og B) syner til dei aristoteliske kategorigrensene, medan neste figur (C og D) syner til medlemmar av ein kategori som meir eller mindre perifere eller del av den prototypiske kjernen.²

Som illustrert i figur 1 (A og B), så tangerer kategoriene kvarandre samtidig som det vert oppretthaldt klare skilje mellom dei. Dette er altså klassemedlemskap frå ein aristotelisk ståstad. $X_1 - X_n$ er medlemmar av same kategori (A), medan $Y_1 - Y_n$ er medlemmar av kategori B.

Figur 1 (C og D) syner at det er overlapp mellom kategoriene. $U_1 - U_n$ er medlemmar av same kategori, medan $Z_1 - Z_n$ er medlemmar av kategori Z. Z_3 og U_4 er prototyper i kategoriene C og D. U_1 , U_2 , Z_1 og Z_2 er meir perifere medlemmar enn høvesvis U_4 og Z_3 , medan U_3 og Z_4 er mest perifere og har eit uklårt klassemedlemskap. Prototypen er med andre ord det mest sentrale trekket i ein kategori og dette trekket er maksimalt ulikt trekk i andre kategoriar (Rosch 1978).

Allmennspråket og fagspråket er funderte på ulike prinsipp når det kjem til korleis dei er bygde opp, men at dei også ved somme høve ser ut til å byggja på same teoretiske rammeverk. Picht og Draskau (1985) skil mellom fagspråk [LSP] og allmennspråk [LGP] på følgjande måte:

¹ Debatten kring *hedge fund* og dei norske termene finn ein blant anna her: <http://www.peterwarren.no/2010/11/george-soros-var-nye-norgesvenn/>

² Dei stipla linjene i figur C og D skal indikere at grensene er vage og uklære.

LSP [language for specific purposes] is a formalized and codified variety of language, used for special purposes and in a legitimate context – that is to say, with the function of communicating information of a specialist nature at any level – at the highest level of complexity, between initiate experts, and, at lower levels of complexity, with the aim of informing or initiating other interested parties, in the most economic, precise and unambiguous terms possible [...] LGP [language for general purposes] has an autonomous existence, whereas the existence of LSP is LGP-dependent (Picht & Draskau, 1985: 3).

Allmennspråket eksisterer altså på eiga hand, men for at fagspråket skal kunna eksistera, lyt det støtta seg på allmennspråket. Grammatiske mønster og reglar samt vokabular syner også at fagspråket er uløseleg knytt til allmennspråket. Vidare syner Picht og Draskau til kvifor ein lyt ha eit fagspråk og seier at “the need for economy and precision in communication within special fields is the justification for the existence and continued development of LSPs” (ibid.).

Når det kjem til grada av spesialisering innan dei ulike kommunikasjonsmidla kjem det i all hovudsak an på behovet til brukarane. I følgje Picht og Draskau så har allmennspråket eit ”zero-level of specialization” (ibid.:5), graden av spesialisering i fagspråk vert tilpassa relasjonen mellom sendar og mottakar. ”The degree of specialization reflects the level of pre-knowledge the receptor is assumed to possess” (ibid.: 5). Det er med andre ord forventa at mottakaren har eit kunnskapsnivå om det aktuelle fagfeltet som overgår det som er forventa ved høver der ein skal kommunisera med lekfolk.

Med dette meiner eg at ein formidlar tilpassar språkbruken sin alt etter kven som er mottakaren av budskapen. Dersom ein spesialist innan medisin skal kommunisera med ein kollega, eller publisera ein artikkel i eit tidsskrift vil språket naturlegvis skilja seg frå den språkbrukaren same medisinar nyttar i ein samtale med ein pasient. Medan spesialiserte faguttrykk og eit effektivt språk ofte er å føretrekka i spesialisertsamanheng, vil ein gjerne forenkla språket for å gjera spesialist-ikkje-spesialist-kommunikasjonen lettare. Eg tykkjer det er viktig å trekkja sosiolingvistikken inn i debatten kring vidareutviklinga av terminologi og i kva grad fagspråket bør verta gjort tilgjengeleg for fleire enn dei aktuelle spesialistane innan eit fagfelt.

4.2 Terminologi


Termen *terminologi* kan syna til ulike tydingar. Den fyrste er terminologi som ”ett sett med betegnelse som inngår i et fagspråk”, medan den andre er gå på ”lære om struktur for, danning, utvikling, bruk og behandling av begreper og terminologier på ulike fagområder” (Nordterm 2011: 4). Terminologien utgjer ein del av fagspråket og syner til to åtskilde verksemder der den fyrste syner til

terminologi som fagfelt og systematisk arbeid med termar, og den andre referer til samlinga av termar og faguttrykk innan eit gitt domene.

Terminologi vert i den fyrste tydinga, eit sett med spesialiserte uttrykk som inngår i eit fagspråk, definert ut frå ein todelt disiplin som i grove trekk tek føre seg spesialistspråk.

The terminology of a field shall not be an arbitrary collection of terms. The terminology of a subject field is the collection of designations attributed to concepts making up the knowledge structure of the field. The concepts shall constitute a coherent concept system based on the relations established between concepts. The unique position of each concept within a system is determined by the intension, i.e. the unique set of characteristics constituting the concept, and the extension (ISO 704:2001:12).

Picht og Draskau (1985) nyttar følgjande figur for å illustrera relasjonen mellom fagspråk, terminologi og allmennspråket.



Figur 2 Relasjonen mellom allmennspråk, fagspråk og terminologi

Denne figuren har som mål å illustrera relasjonen mellom dei tre kommunikasjonstypene. LGP [language for general purposes], altså allmennspråket, syner til språket innan språksamfunnet som heilskap. Denne inkluderer altså alle typar språk frå fagspråk og terminologi til dialektar og slang. Den neste firkanten, LSP [language for specific purposes], altså fagspråket, syner at allmennspråket kan delast inn i ulike varietetar. Dersom ein bryt det ned i endå eitt nivå finn ein terminologien som vert referert til eit sett av spesialleksem – som jo er det sentrale området innan terminologien (Picht og Draskau 1985).

Når det kjem den historiske utviklinga av terminologien finn ein nære koplingar til logikken.

[...] at the initial stage of its development, terminology as a branch of science was under a strong influence from logic, which provided it with a possibility to establish strict and determined relations between objects of reality and terms (Alexeeva 2003: 13).

Koplinga til logikken var med på å plassera terminologien i ein positivistisk vitskapstradisjon, der ein ser røynda som målbar, og der målet med vitskapen er å finna fram til empiriske fakta og skilja mellom det som er vitskapeleg og det som ikkje er det.

4.2.1 Termen

Felber (1984) syner at det er eit skilje mellom term, som ein nyttar i ein avgrensa kontekst, med ord som vert nytta i daglegtale. Dette skiljet definerer han på følgjande måte:

The word is a linguistic symbol, which can have a multiplicity of non-defined meanings and of many shades of meanings, or can be used for the designation of objects [whereas] The term [...] is a linguistic symbol which is assigned to one or more concepts, which are defined from neighbouring concepts (Felber 1984: 167).

Medan ordet kan knytast til fleire omgrep og forståast ut ifrå kontekst, skal termen, i alle fall er det målet, vera kontekstfri og fagspesifikk. Sidan termen er fagspesifikk, kan ein ikkje gå ut ifrå at den er direkte forståeleg for språkbrukaren utanfor det domenespesifikke diskusjonsemnet. Dette gjeld norske termar så vel som engelske. Termen skal skiljast frå orda ein gjer seg bruk av i daglegtalet, men det er ikkje alltid like enkelt. Til skilnad frå ordet, som blir nytta i allmennspråkleg samanheng, finn ein termen som vert nytta i ein meir avgrensa kontekst enn ordet. Felber syner til følgjande definisjon av termen:

[...] The term [...] is a linguistic symbol which is assigned to one or more concepts, which are defined from neighbouring concepts. It can be a word or a word group (Felber 1984:167).

Vidare syner (Madsen 1999: 13) til at termen vert nytta i den faglege kommunikasjonen og høyrer til, og kan plasserast systematisk inn under, eit bestemd emne, i tillegg til at den har ei relativt avgrensa tyding.

Vidare vert termen nytta i faglege samanhengar og har som mål å gjera fagkommunikasjon meir presis og effektiv. "[Den] hører [til] et bestemt emne, og har en forholdsvis afgrænset betydning (...) indplaceres i en systematik (et begreppssystem) inden for det pågældende emne. Termer kaldes ofte

fagudtryk” (ibid.). Innhaldet i termen er eit fagleg omgrep, som igjen er danna av ei mengd karakteristiske trekk. Desse trekka beskriv eigenskapar som er felles for fleire einingar, blant anna handlingar, prosessar, ting og liknande. Dei karakteristiske trekka gir blant anna opplysningar om føremål og funksjon. Vidare vil desse trekka verta nytta innan terminologien om overomgrep for skiljande trekk og supplerande trekk (ibid.: 17).

Ofte vert allmennord tekne opp i fagspråket og nytta som termar. Ordet vert då nytta i ein fagspesifikk samanheng og skal, ved dei fleste høve, sjåast som separat frå den allmennspråklege tydinga.

Ein kan altså slå fast at medan ordet, nytta i daglegtale, vert nytta i den daglege kommunikasjonen mellom lekfolk, er termen nytta i fagspråkleg kommunikasjon. Termar og ord, trass i at dei kan synast like, ja til og med identiske, er bygde opp på ulike måtar og tener ulike føremål. I tillegg til dette førekjem ofte lån frå allmennspråket som vert importert inn i terminologien til eit fagfelt. Døme på dette finn ein i bruken av *risiko*.

I følgje Nynorskordboka definerer ein risiko blant anna som ”fare” eller ”vågnad” (2012).³ I økonomien definerer ein risiko som ”mulighet for negativt utfall” (Skaug og Aagenæs 2010: 248), medan ein i forsikringsssamanheng definerer ein risiko som ”udtryk for sandsynligheden for, at en forsikringsbegivenhed indtræffer” (”Risiko” ingen dato)

Det er med andre ord fleire måtar å lesa eit ord og ein term på og dei kan vera like, til og med identiske. Likevel tener dei ulike funksjonar, vert danna ut ifrå ulike prinsipp og ein set difor eit skilje mellom dei. ”Danninga av termar skjer meir systematisk og kontrollert enn når allmennord vert danna” (Myking 2008: 147). Men, som eg allereie har nemnd, kan det ofte vera stor skilnad mellom liv og lære. Det er ikkje alltid at terminologien er danna like systematisk og kontrollert. Døme på dette finn ein i aviskorpusa der ein ofte kan finna opptil 15 norske omsetjingar av ein engelsk term. Forsking som Kristiansen (2012: 266) har gjort i norsk aviskorpus syner blant anna at ein kan finna ti uttrykk som er knytt til den engelske termen *financial crisis*. Ideelt sett så vil ein gjerne beskriva terminologien som systematisk utforma, men det treng ikkje naudsynleg alltid vera slik. For sjølv om fagfelt som økonomi og finans er internasjonale fagområder kan det likevel vera visse skilnader i måten ein tolkar ulike omgrep på, noko som igjen fører til at termene ein dannar denoterer omgrepa på ulike måtar og fører med seg konnotasjonar alt etter kven av dei ulike kjenneteikna i omgrepet ein legg vekt på.

³ Henta frå Nynorskordboka 9.5.2012 frå: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=risiko&begge=+&ordbok=nynorsk>


Finans kan altså ikkje seiast å følgja idealet om ein kontekstfri terminologi. Ein av termene som eg vil syna til i denne samanhengen er ein type finansielt produkt kalla *short selling*, også kalla *blankosalg* i norsk samanheng er ulovleg i Noreg. Dette gjer sitt til at også i denne samanhengen vil vera skilnad i kva omgrepet *short selling* refererer til frå land til land. Det lyt altså vera ein grunn til at eitt land meiner at dette bør vera forbode ved lov, medan eit anna let det passera.

Ut ifrå dette kan ein slutta at det er fleire atterhald å ta når ein skal etablera terminologiar. Både gjennom primær og sekundær termdanning. Og det er altså slik at både nasjonale og internasjonale linjer er med å påverka nemninga av dei ulike omgrepa som ein ynskjer å forklara.

Skilnaden mellom ord i daglegtalet og termar, er altså at termen har som mål å avgrensa omgrepa klårt frå kvarandre. Omgrepet, på si side, ligg til grunn for alle termar, og målet med kvar term er å beskriva, så nøyaktig som mogeleg, omgrepet.

4.2.2 Omgrepet

Wüster syner omgrepet sin plass i terminologifeltet: *Jede Terminologiearbeit geht von Begriffen aus* (referert i Picht og Draskau 1985: 10). Den semiotiske trekanten til Ogden og Richards vert ofte nytta utgangspunkt for å syna relasjonen mellom termen, omgrepet og referenten. I det praktiske terminologiarbeidet har ein utvida denne modellen og inkluderer her også *definisjonen* som eit viktig element, her synt hjå Suonuuti (2010: 16):



Figur 3 Relasjonen mellom omgrep, term, referent og definisjon


Omgrepet, som blant anna vert nytta i figur 3 ovanfor, vert definert som ei ”kunnskapsenhet som er dannet gjennom en unik kombinasjon av kjennetegn” (Nordterm 2011: 1) og er bygde opp av *karaktéristiske trekk*. Omgrepet er ei mental førestelling og representerer eigenskapar som ein tykkjer kjenneteiknar referenten best (Suonuuti 2010: 15).

I følgje Wüster og Bauer (1979) kan ein forklara omgrepet på følgjande vis:

[e]in Begriff (...) ist das Gemeinsame, das Menschen an einer Mehrheit von Gegenständen feststellen und als Mittel des gendaklichen Ordens (”Begreifens”) und darum auch zur Verständigung verwenden. Der Begriff ist so ein Denkelement (1979: 7).

Definisjonen som det også vert synt til i figur 3, vert definert som ”munnlege eller skriftlege utsegner som avgrensar omgrep, og termar er uttrykk som set namn på omgrep” (Suonuuti 2010: 15f).

I seinare tid har desse modellane vorte kritiserte for å gi for lite merksemd til rolla kontekst kan spela i denne samanhengen. For å få med konteksten har ein føreslått følgjande teiknmodell som er ei utviding av firefeltsmodellen til Wüster:



Figur 4 Firefeltsmodell til Wüster med ei kontekstuell ramme inkludert av Myking i Laurén, Myking og Picht (1997:92)

Figur 4 syner korleis den tradisjonelle firefeltsmodellen til Wüster vert ringa inn i ein kontekst der blant anna språkbrukaren og behov får ein eigen plass i konteksten som modellen lyt sjåast ut ifrå. Den wüsterske tradisjonen har altså vorte kritisert for å leggja for lite vekt på kontekst og språkbrukarane

og utvidinga av denne modellen kan sjåast som eit forsøk på å gå noko bort frå 'labfrakktilnærminga' til fagspråket og over til å leggja meir vekt på faktisk språkbruk og behovet til språkbrukarane. Ein kan her sjå ein modell som ymtar å leggja meir vekt på språkbrukaren.

I denne samanhengen er det relevant å koma inn på skiljet mellom *langue* og *parole*, omgrep henta frå Ferdinand de Saussure (1970). Medan *langue* refererer til det abstrakte *språksystemet*, syner *parole* til den faktiske språkbruken, nemleg *talen*. Dette skiljet finn ein også i figur 4, men referert til gjennom nemningane *Begriffe (Sprachsystem)* og *Individuen (Sprechen)*. Men medan Wüster inkluderer den utanomspråklege referenten i sitt språksystemet, så vert ikkje dette teke med i rekninga hjå Saussure.

Eg meiner at dette skiljet kan hjelpa å illustrere at funksjonen til termen i all hovudsak er å lenkja språksystemet (*langue*) og språkbruken (*parole*) saman for å mogleggjera kommunikasjon. Men er vektlegginga av det kontekstuelle fåfengt då eit klårt mål med termdanning skal vera at dei skal kunna vera lett forståelege utan å måtta støtta seg på kontekst, slik som ein ofte lyt gjera i daglegtaleten? Denne kritikken mot Wüster har også Myking (2000) peika på. Han syner til at ei auka grad av kontekstualisering kan føra til ei auka vektlegging av uttrykket, altså termen, medan innhaldet, omgrepet, vert via mindre merksemd.

Eg vil i det følgjande underkapittelet gi ei innføring i korleis ein dannar termar. Denne prosessen skil seg frå orddanninga i prosess så vel som mål. For å kunna gi eit betre innblikk i korleis termar og fagspråk kan gjerast lettare tilgjengeleg for språkbrukarar, komande-spesialistar så vel som ikkje-spesialistar, tykkjer eg det er viktig å basera dette på kunnskap om korleis ein i dag arbeider for å utvikla termar og fagspråk.

4.2.3 Korleis dannar ein termar?

Eg vil no gjennomgå nokre sentrale termdanningsprinsipp som styrer danninga av faguttrykk. Vidare vil eg leggja vekt på dei prinsippa som syner seg å vera sentrale for norsk termdanning.

Termdanninga vert beskrive gjennom terminografien. Denne retninga utgjer ein del av terminologien og er den delen av terminologiarbeid som omfattar registreringa og presentasjonen av terminologiske data (ISO 1087-2: 2000). Dette er ein preskriptiv-normativ prosess som vert kalla termdanning og

støttar seg gjerne på den onomasiologiske tilnærminga. Denne prosessen skjer ofte, og mest ynskjeleg, i eit tett samarbeid mellom terminologar og fagfolk frå ulike fagmiljø.

Korleis ein dannar termar og kva prinsipp ein vel å gjera seg bruk av vil i stor grad avhenga av kva språk ein arbeider med. Det kan vera stor skilnad med tanke på kva prinsipp som underligg allmennspråket og korleis språket innan dei ulike språksamfunna er forma.

Laurén mfl. (1997: 180) forklarar termdanninga som ein terminologisk underdisiplin, med fire delområder. Det fyrste området omhandlar definisjonsproblem, samt dei metodiske problema ein møter når ein skal setja grensa mellom termdanning og den allmenne orddanninga. Den andre området tek føre seg det kreative aspektet ved termdanninga, medan fokuset innan det tredje delområdet syner til relasjonen mellom term og omgrep. Det siste delområdet tek opp det normative og funksjonelle aspektet. Eg vil i denne oppgåva fokusera på den kreative prosessen, samt det normative og funksjonelle aspektet. Det vil i tillegg verta sett eit skilje mellom *primær* og *sekundær termdanning*.

'Primær' termdanning er knytt til omgrepsutviklinga, og skjer altså i det språket der kunnskapen innanfor domenet vert utvikla. Der er altså gjennom primær termdanning at eit omgrep første gong får laga og tilordna ein språkleg representasjon (Myking 2008: 124).

I denne oppgåva er fokuset lagt på den *sekundære termdanninga*. Myking (2008) definerer denne prosessen på følgjande måte:

(...) knytt til kunnskapsoverføring til eit anna språksamfunn, og dermed til danning av nye nemningar for eit omgrepsinnhald som prinsipielt skal vera mest mogeleg konstant. Språket får altså laga og tilordna ein språkleg representasjon for andre gong (...) (ibid.).

Mot denne definisjonen av sekundær termdanning vil eg innvenda at det er ikkje naudsynleg slik at denne prosessen er ein reint inter-språkleg prosess. Den sekundære termdanninga kan også gå føre seg innan eitt og same språksamfunn. Dette meiner eg at ein kan finna ved tilfelle der ein engelsk term blir teken inn i språket og norvagisert, for så seinare å bli erstatta av ein ny term. Døme på dette finn ein gjennom termen *subprime* som har vorte teken inn i språket og no blir nytta meir eller mindre som ein norsk term. I seinare tid har ein likevel sett tendensar til at ein ny norsk term blir danna innan dette området med *råtne boliglån*.⁴

⁴ Diskutert gjennom personleg kontakt med biretteljar Marita Kristiansen (2012).

Finans er eit fag under stadig utvikling og er eit internasjonalt fagområde der mykje av kommunikasjonen føregår på engelsk. Som eit resultat av dette ser det ut til at mykje av den primære termdanninga har gått føre seg på engelsk. Og, måten desse termene vert danna på kan ha mykje å seia for korleis ein kan omsetja termene til norsk, gjennom sekundær termdanning.

(...) språkmodellane i den primære termdanninga [legg på] ulike vis rammer for den sekundære termdanninga: Sekundær termdanning må ta stilling til onomasiologiske behov ("kva er det karakteristiske for omgrepet") og til den primære termdanningsmodellen, som ikkje alltid er den mest tenelege i sekundær termdanning (ibid.: 125).

Med andre ord er det ikkje naudsynleg slik at termene som vert utvikla i det engelske språket er bygde opp på same måte som dei norske termene. Blant anna er det vanlegare å leggja vekt på metaforikk og metonymi når ein dannar termar i engelsk, medan norske termdanningsprosessar ofte legg meir vekt på funksjonelle aspekt. Det er altså slik at sjølv om ord og termar ikkje byggjer på same oppbyggingsprinsipp så vil allmennspråket ha noko å seia for kva prinsipp ein legg vekt på når termene skal utviklast.

(...) term formation patterns depends on the lexical, morphosyntactic, and phonological structures of individual languages, language-specific principles [...] (ISO 704: 33).

I oljeterminologien finn ein fleire døme på dei engelske termene som baserer seg på metafor ikkje alltid fungerer like godt når dei skal nyttast i norske samanhengar. *Mousehole* (Myking 2008: 383) er ein term som på norsk vert omsett til *rørkoplingshylse*. Om ein ikkje sit inne med kunnskap om terminologien til dette fagfeltet kan dette vera vanskeleg å resonnera seg fram til tydinga *mousehole* skal vera. Vidare vert det synt til at *musehull* er vorte nytta som norsk term, men då metaforikk som termdanningsprinsipp ikkje er eit utbreidd fenomen i norsk termdanning har ein freista å finna ei meir funksjonell omsetjing og *rørkoplingshylse* vart utvikla (ibid.).

Nedanfor følgjer dei aktuelle termdanningsprinsippa relevante for den vidare analysen av finanstermane eg har valt ut i denne oppgåva.

Motivasjon

Motivasjon er eit sentralt tema når det kjem til danninga av termar. Med motivasjon i terminologien legg ein ofte vekt på at det finst ein *ikkje-arbitrær* relasjon mellom uttrykk og innhald. Her kan ein finna ein av dei største motsetnadene mellom orddanninga og termdanning, gjennom morfologien.

Termen **motivasjon** refererer både til semiotiske, semantiske og morfologiske, strukturelle og funksjonelle aspekt, og både til deskriptive og normative synsmåtar (Myking 2008: 33).

Ein term er motivert dersom ein kan slutta seg til kva omgrepet refererer til utan at ein treng ty til definisjonen. ”In other words, its meaning is visible in its morphology” (ISO 704: 33).

Motivasjon innan terminologien syner til at ein term skal vera sjølvforklarande. Med omgrepet ”motivasjon siktar ein til at ’sjølvforklarande’ og ’gjennomsiktig’ er eit kommunikativt gode, og som normeringsprinsipp har dette prinsippet stått sterkt (...)” (Myking 2008: 1).

I finansterminologien kan ein finna døme på ein slik termtype med bruken av *kredittmangel*. Dette er ein av termene eg har arbeidd med i denne masteroppgåva og er ei norsk omsetjing av den engelske termen *credit crunch*. Grunnen til at denne termen, etter mi meining, står fram som motivert er at oppbygginga og strukturen i termen er lett tilgjengeleg og ein kan lesa tydinga og denotera omgrepet ut ifrå termen, utan at ein lyt ta utgangspunkt i definisjonen for ei vidare forklaring. Dette meiner eg at termen *kredittskvis*, som også er ei omsetjing av *credit crunch*, krev, då omgrepet ikkje er like lett tilgjengeleg i denne samanhengen.

I denne samanhengen er det relevant å koma inn på språkleg økonomi og korleis dette prinsippet vert gripe an frå to ulike retningar når et kjem til *økonomi som terminologisk prinsipp* og *økonomi i allmennspråkleg forstand*. Med terminologisk økonomi meiner ein at ein nyttar minst mogleg fonologisk material i termdanninga. Termen skal vera så kort som mogleg samtidig som ein har målet om ein-eintydigheit, altså *isomorfi*.

Også her kan ein finna døme frå finansterminologi. Den engelske termen *Contract for Difference* vert hyppig forkorta til *CFD*. På norsk vert termen blant anna omsett til *høyrisikoprodukt*. Trass i forsøk på å etablere ein norsk term på dette området, vel ofte norske aviser akronymet *CFD*, gjerne med ei kort forklaring av omgrepet i den etterfølgjande teksten.

(1) (...) en ren tilbyder av høyrisikoproduktet **CFD (Contract of difference)**. **CFD** er en kontrakt som spiller avkastningen til et underliggende instrument (DN100210).

Andre gonger nyttar ein gjerne tre termar i ei og same setning, slik som ein her kan sjå døme på frå Dagens Næringsliv:

(2) Meglerhuset er en ren tilbyder av **høyrisikoproduktet CFD (Contract for difference)** (DN100210).

I allmennspråkleg tyding nyttar ein ofte ord som har fleire tydingar. Ord er difor ikkje *eintydige* men heller *fleirtydige*. Ytringa vert så tolka i lys av ein gitt kontekst som gjer det mogeleg å forstå kva vedkomande forsøker å syna til. Men sidan termen har mål om eintydigheit kan ein ikkje tolka dei på bakgrunn av kontekst. Dei skal nemleg kunna forståast i ein kontekstfri setting. Dette gir seg blant anna utslag i at dersom ein har å gjera med ein term som tilsynelatande har tre ulike tydingar, skal dette sjåast på som tre separate termar. Ein vel med andre ord, i terminografien, å maksimera homonymien og forsøker å minimera polysemien. I allmennspråkleg leksikografi derimot, maksimerer ein gjerne polysemien.


[...] én term har kun én betydning, dvs. ét begrepsindhold, og derfor er der [...] tale om tre forskjellige termer. Dette betyder samtidig, at det egentlig ikke er korrekt at tale om polyseme termer; kun udtryk kan være polyseme (Madsen 1999: 17).

Ikonisitet er eit viktig element i motivasjonsomgrepet. I språkvitskapen går dette ut på at det finst ein motivert relasjon mellom uttrykk og innhald og at dei oppfatta kategoriane ein finn i verda svarar til lingvistiske kategoriar. Givón (1985) syner til *The iconicity meta principle* som syner korleis isomorfi og ikonisitet utgjer eit grunnleggjande hjelpemiddel som kognitiv-kommunikativ motivasjon i språket.

The iconicity meta principle: All other things being equal, a coded experience is easier to store, retrieve and communicate if the code is maximally isomorphic to the experience (Givón 1985: 189).

I terminologisk samanheng er det viktig for forståinga at uttrykket ligg så nært opp til tydinga som mogeleg. Sidan terminologi som kommunikasjonsmiddel er relativt avgrensa til spesifikke situasjonar er det ikkje heft ved målet om like stor produktivitet som allmennspråket, og då er det heller ikkje overhengande fare for at dette vil føra til ei umenneskeleg byrde for hugset til folk flest. Likevel meiner Givón at “all signs must have been iconic in some ways (...)” (ibid.). Dette syner står i kontrast til Saussure, som meinte at relasjonen mellom innhald og uttrykk i det språklege teiknet er grunnleggjande arbitrært, men at motivasjon, altså det som er ikkje-arbitrært, er naudsynt for hugset. Ein kan altså seia at det menneskelege språket, allmennspråket, blant anna er kjenneteikna av ikonisitet og utviklinga frå ikoniske teikn til konvensjonaliserte sambindingar.

Innan terminologien legg ein spesielt vekt på desse omgrepa. Men ikonisitet som grepet kan delast vidare inn i fleire grupperingar. Eg vil no syna eit utdrag av figuren til Nänny og Fischer (1999) som illustrer ein måte å dela inn ikonisitet på. I denne oppgåva tek eg utgangspunkt i ulike typar ikonisitet når det kjem til termdanningsprinsipp. Ikonisitet, og undergruppa *isomorfisme*, er ein viktig del av motivasjon som termdanningsprinsipp. Når det kjem til den semantiske ikonisiteten og metforar er dette også mekanismar som spelar ei rolle i norsk termdanning, om ikkje i like stor grad som ved engelsk termdanning.



Figur 5 Utdrag av figuren hjå Nänny & Fischer 1999, som syner relasjonen mellom dei ulike typane ikonisitet

Eit anna viktig omgrep innan motivasjonsforskninga er *transparens*, som tyder *gjennomsiktighet*. Dette omgrepet syner at ein kan sjå inn i strukturen til ein term. Transparens er ein sentral motivasjonell faktor når det kjem til termdanning. Med transparens i denne samanhengen syner ein til at ein finn mindre grad av tilfeldigheit ved termdanninga enn det gjer i morfologiske samanhengar, ved orddanning. I den motsette enden av transparens finn ein opake konstruksjonar. Døme på ein term med relativt opak struktur finn ein med termen som eg allereie har nemnt i, nemleg *mousehole*. Grunnen til dette, er at ved å danna termar som er fundert i semantisk-metaforiske prinsipp vil ein ofte gjera seg bruk av allereie etablerte uttrykk, ein låner altså nemningar frå andre domene, for å namngi eit nytt omgrep. *Mousehole* kan i så måte trygt seiast å allereie vera eit godt etablert uttrykk for det holet som musa har som tilhaldsstad, men på norsk har ein likevel valt å gi den ei meir funksjonell uttrykksside med termen *rørkoplingshylse* (Myking 2008).

På same måte som kontrasten mellom tilfeldigheit og motivasjon syner til graduelle motsettingar er det heller ikkje ein absolutt anten-eller-relasjon mellom transparens og opake strukturar. Ein finn også her graduelle motsetningar, der transparensen og det opake høyrer til på endane av skalaen.

[...] it can be seen that special designation is on the whole less arbitrary and more consciously motivated and transparent than general designation (Sager mfl. i Myking 2008: 47).

Økonomi

Prinsippet om økonomi står sentralt i daglegtalet, så vel som i terminologien, trass i at dei to kommunikasjonsformene ikkje spelar på same dannelsesmekanismer. Korte, presise og produktive termar er ideelle. Likevel kan det synast som om desse prinsippa står i motsetnad til kvarandre.

The requirement conciseness often conflict with that of accuracy. The greater the number of characteristics included in a term, the greater the precision and transparency of the term. However, increasing the number of characteristics often makes a form too long and inconvenient to use (ISO 704 2000: 27).

Finanstermen *subprime* er døme på ein term som følgjer prinsippet om økonomi, på engelsk. *Sub-*syner til at noko ikkje kvalifiserer til å få nemninga *prime*. Termen er ikkje for lang, og den kan byggast på utan dei problema ein støyter på når ein dannar termar gjennom ordgrupper. Det ligg nokre nivå under. Når ein så prøver å omsetja denne til norsk har blant anna *subprime lånekrisen* vert foreslått. Ei omsetjing som ikkje verkar særleg økonomisk. Her har ein rett og slett lagt til ein ny term og sett den saman med den originale, engelske termen.

Produktivitet

Som termdanningsprinsipp er målet om produktivitet svært viktig. Med dette meiner ein at termar bør formast på ein måte som dannar grunnlag for systematisk termdanning. Dette finn ein blant anna der termar kan formast til verbalsubstantiv gjennom å leggja til *-ing*, ein termdanningsmekanisme som er svært utbreidd og Andersen (2007: 156) syner at “[t]he most productive of the Norwegian deverbal morphological classes is *-ing*”. Døme på dette finn ein ved dei to uttrykka *finansiera – finansiering* og *økonomisera – økonomisering*. Desse er altså døme på verbalsubstantiv og er hybridformer av kategoriane nomen og verb (ibid.: 160).

Konsistens

ISO 704 (2000: 26) syner til at terminologien innan ulike fagområde ikkje skal vera ei tilfeldig samling av termar. Vidare syner ein til at ein bør sikra seg at ein har eit koherent terminologisystem som korresponderer med omgrepssystemet og nye termar bør innordnast etter same prinsipp som den eksisterande terminologien. På same måte er det viktig at termane ein dannar er systemtilpassa.

Med dette meiner eg at tilrådde termar bør henga saman med kjende og allereie etablerte tydingsmønster, altså systemtilpassa mønster innan det gitte språksamfunnet. "Terms shall be as neutral as possible. They should avoid connotations, especially negative ones" (ibid.).

Eg vil i denne samanhengen gjera meg bruk av nokre døme frå finansspråket. Den engelske termen *hedge fund* har opptil fleire norske omsetjingar per dags dato. Tre av desse er *hedgefond*, *risikikofond* og *sikringskontrakt*. I tilfella *risikofond* og *sikringskontrakt* kan det sjå ut til at ein har tolka omgrepet på motstridande måtar, då det lyt vera heva over kvar ein tvil at *risiko* og *sikring* denoterer to ulike aspekt ved omgrepet *hedge fund*.

Termdanninga bør ta omsyn til morsmålet

Trass i at det i dag vert importert engelske termar i høgt tempo, bør ein i største grad velja eksisterande norske termar i samanhengar der det let seg gjera. Dette vert blant anna uttrykt i språkmeldinga 'Norsk i hundre!':

Kunnskap formidles, erverves og dokumenteres gjennom språk. Ethvert fagområde er karakterisert av et spesifikt fagspråk og en spesifikk terminologi (...) Aktiv tilegnelse og forståelse av dette fagspråket og denne terminologien er både en viktig del av og en forutsetning for vellykket læring. Bare i den grad en slik tilegnelse har funnet sted, kan kunnskapen brukes og formidles i senere yrkesutøvelse (...) Det er utenkelig at hovedmengden av denne typen formidling i dag skal kunne skje på noe annet språk enn norsk overfor en norsk allmennhet (Språkrådet 2005: 71).

Import og lån er ein mykje nytta prosess. Det vert blant anna uttrykt gjennom ISO 704 at ein bør leggja vekt på å nytta termar som stemmer overeins med morsmålet når ein dannar og gjer seg bruk av termar. Det vert synt til at "even though borrowing from other languages is an accepted form for term creation, native language expressions should be given preference over direct loans (ibid.:27).

Skal ein til dømes forklara studentar eller skriva om *credit crunch*, kan ein slå opp i *Engelsk økonomisk blå ordbok* og finna den norske ekvivalenten, som i følge denne ordboka er *kreditttilstramming*, *kredittmangel* og *kredittskvis* (Skaug og Aagenæs 2010: 164).

4.3 Læringseffekt ved bruk av framandspråk

I 2002 utførte Guldbrandsen, Schroeder, Milerad og Nylenna ei undersøking der målet var å finna ut kor mykje skandinaviske allmennlegar rapporterte å hugsa etter at dei las ein oversiktsartikkel i løpet av ti minuttar. Bakgrunnen for studiet var at medisinsk faglitteratur stadig oftare vert publisert elektronisk, og på engelsk. Eit av måla var å finna ut kva tyding det kan ha å lesa faglitteratur på morsmålet sitt i forhold til fagstoff presentert på engelsk. Artikkelen som deltakarane fekk utdelt omhandla behandling av milde til moderate hovudskadar. Ein kunne få ein skår mellom 0 – 13, og deltakarane måtte i tillegg informera på førehand om kor ofte dei las engelske fagartiklar, samt kva språk dei føretrakk å lesa på. Dei vart så tilfeldig trekte til fire ulike grupper.

Resultata frå studiet indikerte at legane som leste på sitt eige morsmål skåra signifikant betre enn deltakarane som las same artikkel, men på engelsk. Ein fann ikkje signifikant skilnad mellom deltakarane som rapporterte at dei føretrakk å lesa fagartiklar på engelsk og ikkje på morsmålet. I følge artikkelforfattarane kan denne utviklinga føra til at legane som ikkje har engelsk som morsmål ikkje får like god informasjon som andre legar.

Hertzberg (1996) har forska på læringseffekt for studentar, i situasjonar der studentar vert presenterte for engelsk pensum. Her konkluderer ho blant anna med at studentane lærer meir dersom dei lærer på norsk.

Det er likevel viktig å påpeika at aukande internasjonalisering av utdanning fører til at ein som student har krav om å tileigna seg gode framandspråklege kunnskapar. Parallellspråkleg kompetanse er altså eit viktig mål. Dette tek også Hertzberg opp i sin artikkel. Men som ho seier kan eit godt norsk fagspråk spara studenten for mykje frustrasjon i byrjinga av eit studie, der ein ofte har nok med å gjera seg kjend med fagtradisjonen og teoriane som rår, om ein ikkje i tillegg skal gjera dette på eit språk som ikkje er eins eige morsmål (Hertzberg 1996).

Språket som vert nytta i læringssituasjonen har altså mykje å seia for kor godt du lærer noko. Ein lærer med andre ord best på morsmålet, men det kan vera interessant å sjå på kor mykje dei som underviser reflekterer over dette.

Jensen, Stæhr og Thøgersen (2009) ved Universitetet i København har forska på akkurat dette. Alle tilsette ved Universitetet i København vart inkluderte i undersøkinga og bedne om å svara på eit spørjeskjema. Før studiet skulle ta til, formulerte forskingsgruppa fordelar og ulemper ved å nytta engelsk. Når det kjem til fordelane meiner ein her at det er lettare å rekruttera dei beste internasjonale forelesarane om ein nyttar seg av engelsk i større grad enn dansk. Ein meiner også at studentane i denne samanhengen vert betre rusta til ein arbeidsmarknad som i stadig større grad nyttar engelsk som hovudspråk. På minussida peiker ein på at det vil vera negativt for det danske samfunnet som heilskap.

Her siktar ein gjerne til domenetap og demokratiske utfordringar som oppstår idet ein gjer seg bruk av eit språk som kan hindra at alle får godt nok innsyn i den aktuelle informasjonen. Det vert også fokusert på at ei negativ langtidseffekt kan vera at ein ikkje naudsynleg kan nytta seg av dansk i akademia fordi terminologien innan spesifikke domene vert neglisjert og ny terminologi ikkje vil verta utvikla. Til slutt syner artikkelforfattarane til at ein auka bruk av engelsk i klasserommet kan påverka kvaliteten i undervisninga negativt, då verken forelesar eller student er på heilt trygg grunn, språkleg sett. Dette meiner ein altså kan gå utover av undervisningsmetodikken.

Forskarane set også spørsmål til kven det eigentleg er som bestemmer kva språk ein nyttar i universitetssektoren. Om det er opp til kvart universitet og forelesar, eller om det til sjuande og sist er politikarane som avgjer om studentane lærer om *credit crunch*, *kredittskvis* eller *kredittmangel*.

4.4 Ein meir brukarretta terminologi?

For å leggja meir vekt på å utvikla ein brukarretta terminologi har nokre gått inn for å sameina sosiolingvistiske metodar med terminologiforskinga. Myking (2000: 92) seier at ”uttrykket ’sosioterminologi’, som har kome i bruk på 1990-talet, signaliserer eit ønske om å tematisera relasjonen mellom terminologi og samfunn”. Vidare syner han til at termen sosioterminologi, på same måte som *sosiolingvistik*, indikerer at dei meir generelle rammeverka *lingvistik* og *terminologi* ikkje på same måte kan seiast å fokusera på relasjonen mellom språket og det sosiale (ibid.: 93).

Denne termen er lite brukt i tidlegare forskning og det er heller ikkje gjort mykje forskning på dette området tidlegare. ”Uttrykket (...) er vanskeleg å finna i (...) nordiske antologiar og kursrapportar. Kort sagt: både uttrykket og referenten for det verkar lite etablert”. Ein av dei få som har teke i bruk denne termen, Maurais, syner til at *sosioterminologi* er ein ”convenient term that can be used to describe the relationship between society and terminology (...) by specialists or by ordinary people (...)” (Maurais 1993: 121).

Vidare tek Myking (2000) opp eit viktig poeng når det kjem til bruksverdien av ein terminologi for lekfolk. Den tradisjonelle, wüsterske terminologien som har vore oppteken av standardisering av termar etter språkspesifikke termdanningsprinsipp kan sjåast ut til å ha gått på kostnad av ein terminologi og eit fagspråk som er meir brukarorientert. Det vert vidare etterlyst terminologiarbeid med auka fokus på språkbruket og som eg allereie nemnde i innleiinga er dette eitt av måla med denne masteroppgåva.

4.5 Språket som premissleverandør

Når det kjem til forskning og formidling kan ein sjå føre seg at det språket som ein nyttar når ein utviklar termane og fagspråket innan eit fagfelt kan opptre som premissleverandør.

I omsetjingsprosessen av termar frå engelsk til norsk kan ein treffa på vanskar. I denne samanhengen opptre engelsk som premissleverandør, noko som dei norske omsetjarane lyt ta omsyn til. Døme på dette kan ein finna i utviklinga av norsk oljeterminologi. Denne vart utvikla som eit alternativ til den importerte angloamerikanske terminologien i norsk olje- og gassutvinning særleg på 1970-talet (Myking 2008: 15). Ein skulle her omsetja termar, der fleire av dei var klårt metaforiske av art og nokre rett og slett oppattkalla frå oppfinnaren, noko som ikkje har vore like vanleg i Noreg. Døme på dette finn ein då ein gjekk frå å kalla noko *kelly* til ein meir funksjonell, norsk term *rotasjonsrøyr* (ibid.: 397). Eit anna døme finn ein med bruken av termen *intelligent pig/ dummy pig* til den norske ekvivalenten *prøvepig / sonde* (ibid.:396).

Omsetjinga av termar frå eit kjeldespråk til eit målspråk kan ofte føra til utfordringar og ein snakkar gjerne om at eit språk fungerer som premissleverandør. Med dette meiner ein at kjeldespråket legg visse føringar på korleis, til dømes ein engelsk term vert omsett til norsk. Grunnen til desse vanskaner kjem ofte av at ulike språk legg vekt på ulike ord- og termdanningsmekanismer, noko som gjer direkte omsetjing frå eitt språk til eit anna nærast umogeleg.

4.6 Akademia i samfunnet eller samfunnet i akademia?

Simonsen (2004: 10) påpeikar at ein bør leggja vekt på dei sosiale sidene ved språkbruken, både utad ovanfor omgjevnadene, og innad blant aktørane i fagsamfunna og dei konkrete fagmiljøa. Han seier vidare at det er viktig å forstå at språkbruken og språkutviklinga i ulike deler av samfunnet ikkje skal isolerast, men at ein ser at sektorane heng saman politisk, økonomisk, sosialt- og språkleg. Som Simonsen (ibid.) påpeikar må "[e]ngelsk i universitets- og høgskolesektoren (...) således ses i relasjon til engelsk i andre grupper, og begge fenomenene må forstås som integrerte sosiale foreteelser". Det er altså ikkje naudsynleg slik at bruken av engelsk i akademia kan unnskyldast og forklarast gjennom at det er viktigare for denne gruppa å kommunisera på engelsk enn andre utanfor den akademiske kretsen.

Som eg har nemnd tidlegare i dette kapittelet, tilpassar ein språkbruken alt etter kven ein vonar å nå. Når det kjem til eit formidlingsperspektiv – både der ein prøver å nå ut til studentar, men òg der ein vil nå ikkje-spesialistar – bør språket ein gjer seg bruk av spegla dette. Eit aktivt og deltakande demokrati føreset at alle samfunnsgrupper har like føresetnader til å tileigna seg og skaffa seg informasjon. Språket kan på denne måten både fungera som ein døropnar, men også som ein stoppar, for ei slik deltaking.

5. Metodar og datamaterial

I denne masteroppgåva har eg samla inn datamateriale frå ei rekkje ulike områder. Eg har delt ut spørjeundersøkingar, gjennomgått pensumlistar og norske fagbøker, samt ordlistar, og samanlikna funna med tidlegare forskning som allereie er gjort på termbruk i norske aviser. I denne oppgåva er haldningsundersøkingane utført i perioden november- 11 til februar- 12, vil det vera naturleg å starta med spørjeskjema som forskingsmetode.

5.1 Haldningsundersøking: syn på bruken av engelsk i ei norsk undervisning

I denne undersøkinga har eg hatt som mål å kartleggja studentane sine haldningar når det kjem til bruken av engelsk i elles norske undervisningssituasjonar. Dette gjeld både undervisning samt pensum. Undersøkinga vart utdelt til eit utval studentar ved NHH og UiB, avdeling for samfunnsøkonomi.⁵

5.1.1 Spørjeskjema

Spørjeundersøkinga er ei standardisert utspørjing av eit utval personar om eit gitt tema. Eg har vidare valt å gjera meg bruk av *gruppeutfylling* då dette ville gje meg mogelegheit til å nå ut til ei stor gruppe, innan ei relativt avgrensa tidsramme. Eg oppsøkte klassesettingar og delte ut undersøkinga som studentane vart bedne om å fylle ut medan eg var til stades. Dette vart gjort for, som eg sa, nå ut til eit stort publikum samt at det skulle vera mogeleg for studentane å spørje om hjelp dersom det var noko med spørjeskjemaet som var uklårt.

Gjennom bruken av norsk aviskorpus har det vore mogeleg å finna indikasjonar på kva type termar som vert vektlagd i dei norske avisene. I den samanhengen kan det kanskje vera mogeleg å i tillegg få eit inntrykk av haldningane til spesialistane når det kjem til språkbruken innan fagfeltet, då det ofte er desse som uttalar seg til aviser om desse tema. Andre indikasjonar kan ein finna når ein ser på nokre av ytringane til nokre spesialistar. Det har derimot ikkje vore mogeleg å oppdriva like mykje forskning som syner kva studentane tykkjer om dette temaet.

Spørsmåla har som mål å avdekkja studentane sine haldningar knytt til bruken av engelsk i norske undervisningar. Det er difor viktig å understreka at haldningane som kjem til syne ikkje naudsynleg er

⁵ Før eg delte ut undersøkinga tok eg, og birettleiaren min Marita Kristiansen, kontakt med administrasjonen på dei aktuelle institutta og etter å ha fått klarsignal frå desse tok eg vidare kontakt med førelesarar på dei aktuelle faga.

representative og kan generaliserast utover dei aktuelle respondentane. Skjemaet tok føre seg den generelle undervisningssituasjonen og ikkje kvart enkeltfag der eg delte ut undersøkinga. Dette vart understreka, både i kontakten eg hadde med forelesarar på førehand, og i sjølve utdelingssituasjonen. Likevel fekk eg nokre avslag frå forelesarar som ikkje meinte det var naudsynt å sjå på deira undervisning då dei, som ein forelesar uttrykte at ”vi endrar pensum i dette emnet til ei ny bok på norsk som kom ut i fjor haust. Engelsk er difor ikkje lenger eit tema”.⁶

Studentane fekk vidare beskjed om at dei ikkje var forplikta til å fylla ut skjema, samt at dei vart bedne om å ikkje fylla ut skjema dersom dei hadde fylt ut undersøkinga under ei anna førelesing tidlegare. På denne måten prøvde eg å sikra meg mot at same respondent fylte ut skjema fleire gonger.

5.1.2 Utforming av undersøkinga

Problemstillingane som eg presenterte i starten av dette kapittelet har vore med på å forma kva type spørsmål eg har gjort meg bruk av. Måleinstrumenta i undersøkinga er i dette tilfellet sjølve spørsmåla. Eg har valt å gjera meg bruk av *lukka spørsmål*. Dette er spørsmål med faste svaralternativ. Fordelen med ei slik utforming er at respondentane brukar mindre tid på utfyllinga enn ein ville gjort dersom eg hadde nytta meg av *opne spørsmål*, altså spørsmål utan faste svaralternativ. Utdelinga gjekk føre seg i pausen mellom to førelesingstimar og eg hadde difor avgrensa tid tilgjengeleg. Dataregistreringa vil i tillegg vera enklare og dei lukka svaralternativa fører også til at ein standardiserer undersøkinga ved at respondentane lyt velja mellom dei same svarkategoriane (Ringdal 2001: 265). Nettopp fordi svarkategoriane er så rigide krev det at ein legg ned mykje arbeid i korleis ein formar spørsmåla, samt at ein stiller dei relevante svarkategoriane (ibid.).

Syn på læringseffekten av engelsk i undervisninga	
4. Kva undervisningsspråk gir best læringseffekt?	<input type="checkbox"/> Norsk <input type="checkbox"/> Engelsk <input type="checkbox"/> Ingen forskjell <input type="checkbox"/> Veit ikkje

Figur 6 Her vart studentane bedne om å ta stilling til kva språk som gav best læringseffekt

⁶ Likevel bestod pensumlista i det aktuelle faget med over halvparten av pensumet på engelsk i dette innføringsfaget.

Då skjemaet var meint å indikera kva haldningar studentane har til språkbruk i undervisninga, inneheldt skjemaet mellom anna ulike påstandar som studentane skulle ta stilling til. Dei vart oppmoda om å setja kryss på ein skala frå 1 til 5, der 1 er *heilt ueinig* og 5 er *heilt einig*. Det er i tillegg mogeleg å setja kryss ved *veit ikkje*, dersom ein ikkje kjenner seg heime i nokon av svarkategoriane. Eg har altså nytta meg av ein femtrinnskala for at eg seinare skal kunna gjera meg bruk av statistiske testar, samt kunna rekna gjennomsnittsverdien til svara eg har samlar inn. Med tanke på tidavgrensing og kapasitet hadde det ikkje vore mogeleg å nytta opne spørsmål og samtidig henta inn data frå eit så stort utval studentar.

Eg gjorde meg også bruk av eit utval termar som eg ville at studentane skulle ta stilling til. Desse termene er dei same som eg har arbeidd med i kapittel 6.1, *Kasusstudie: gjennomgang av termbruk i lærebøker, ordlister og aviser*, og som eg har presentert i 5.2, *Kasusstudie: termar nytta i undervisning og formidling*. Då studentane ikkje studerte på masternivå, tok eg ikkje utgangspunkt i at dei hadde førehandskunnskapar innan emnet. Dette la eg også vekt på når eg delte ut undersøkinga. Eg meiner likevel at det kan forsvarast å få studentane til å vurdere desse. Dette er termar som allereie har vorte forska på i aviser (sjå Kristiansen 2011a; 2011b; 2012). Det er altså termar og faguttrykk som er tilgjengelege og hyppig nytta i aviser. Då studentar ved økonomifag kan seiast å vera meir interesserte i økonominyhende enn folk flest, kan ein kanskje gå ut ifrå at studentane har vorte presenterte, meir eller mindre ubevisst, for desse frå før. Og, nettopp fordi eg har samanlikna desse termene i formidlingssituasjonen og ordlister, fann eg det interessant å sjå om studentane synte seg å vera meir positive til visse type termar, til dømes om dei føretrakk engelske termar over termar ein kan finna i ordlister eller aviser. Eg ville også sjå om studentane synte seg å favorisera nokre termdanningsprinsipp. Eg valte difor ikkje alltid ut dei norske termene som hadde flest førekomstar i aviskorpuset, men heller dei som representerte ulike termdanningsprinsipp.

Eg har valt å samanlikna svara med ulike bakgrunnsvariablar som til dømes kjønn, utdanningsstad og lengd på utdanning. Grunnen til dette er at eg ynskjer å finna eventuelle indikasjonar på om desse variablane har samanheng med systematiske ulikskapar i haldningane til studentane.

Data er på *nominalnivå* (mann/kvinne), *ordinalnivå* (godt, greitt nok, dårleg, ubrukeleg, veit ikkje) og *intervallnivå* (1-5). Grunnen til at ein skil mellom dei tre målenivåa er at dei skil mellom kva matematiske operasjonar som ein kan utføra (Ringdal 2001: 173). Dette har vorte sterkt kritisert i seinare tid. Ringdal syner blant anna til at ”søking etter nye interessante mønstre i data bør ikke avgrensas ved at målenivåene tolkes for bokstavig” (ibid.).

Det viktigaste skiljet i moderne anvendt statistikk finn ein mellom kontinuerlege variablar og kategorivariablar (ibid.). Det er ein føremon å gjera målingar på eit så høgt målenivå som mogeleg, då desse har fleire fordeler enn målemetodane på dei lågare nivåa. I resultatkapittelet vil eg nytta meg både av gjennomsnittstal og prosenttal når eg skal presentera svara til studentane.

Kristiansen og Vikør (2006: 14) syner til følgjande positive sider ved bruken av desse:

Fordelen ved å bruke gjennomsnittstal er at ein med det kan redusere tal ganske kraftig, og dermed gjere det lettare å få oversyn over kva tala fortel oss. Ulempa er at gjennomsnittstal skjuler eventuelle ”opp og ned”-mønster i fordelinga av informantar over svarskalaen, og slike mønster kan vere av interesse i seg sjølv. Ein kombinasjon av prosenttal og gjennomsnittstal vil derfor ofte vere ei tenleg framstillingsform.

5.1.3 Respondentar

Kor stort eit utval bør vera i eit studie avheng heilt av føremålet med forskinga. Mitt mål er ikkje å kunne gjera nøyaktige statistiske generaliseringar, men heller å koma fram til indikasjonar på kva studentane sine haldningar til bruken av engelsk i undervisninga. Hovudprinsippet er at dess mindre effektstørrelsen er i populasjonen, di større utval skal til for å avdekka den (Ringdal 2001: 53). Det er difor viktig med eit relativt stort utval. Eg har i denne oppgåva fått svar frå 117 studentar, eit omfang eg meiner er tilstrekkeleg stort til å kunna nytta i mine analysar.

Eg har valt å leggja inn nokre bakgrunnsvariablar i undersøkinga. Dette har eg gjort for å ha moglegheita til å undersøkje om ein finn haldningsskilnader mellom ulike grupper.

Bakgrunnsvariablane som eg har valt å undersøka i denne samanhengen er:

- Kjønn
- Utdanningsinstitusjon: studentane som deltok i undersøkinga hørde til to ulike utdanningsinstitusjonar, NHH og UiB. Medan 49 studentar ved NHH deltok, svarde 59 studentar frå universitetet. I tillegg delte eg ut undersøkinga til ei gruppe på 9 studentar som ikkje studerte økonomi. Sidan eg skulle sjå på skilnaden mellom økonomistudentar ved NHH

og UiB vart desse trekt ut av samanlikninga.⁷ Ein kan difor seia at fordelinga av studentar frå dei to utdanningsstadene var så og seia symmetrisk. Eg har difor ikkje normalisert fordelinga utover dette.

- Lengd på utdanning: studentane vart bedne om å indikera kor lenge dei hadde studert økonomi, anten ved dei to aktuelle lærestadene, eller ved anna universitet/ høgskule. Alternativa var: 1) Mindre enn eit halvt år, 2) Over eit halvt år.

Av dei 117 deltakarane hadde 103 norsk som morsmål, medan to studentar svarte at dei hadde både norsk og engelsk som sitt fyrstespråk. Språka russisk, engelsk, kinesisk, spansk, svensk, armensk og tamilsk hadde alle ein morsmålsbrukar. Tre studentar valde å ikkje svara på spørsmålet om kva som var deira morsmål. Av dei spurde rapporterte 90 av studentane at dei ikkje hadde studert i utlandet, ved ein engelskspråkleg høgskule/universitet, medan 24 hadde studert i utlandet. Tre av studentane svarte ikkje på dette spørsmålet.

At respondentane studerer på ulike årstrinn tykkjer eg har vore verdifullt når det kjem til tolkinga av resultata og eg har vona å finna ut om det er slik at nokre av haldningane manifesterer seg ulikt alt etter kor langt ein har kome i utdanningsløpet. Størsteparten av respondentane stiller seg positive til bruken av engelsk i undervisninga, medan nokre meiner at ein ukritisk bruk av engelsk kan gjera det ekstra vanskeleg for studentane som skal læra seg faget. Nokre syner også til at dette bør stilla større krav til engelskkompetansen til forelesaren, samt at ein er konsekvent i språkføringa si. Dette vart uttrykt i klårtekst av ein av respondentane:

(3) Viktig at foreleserne er konsekvente. Enkelte forelesere skaper forvirring ved å bruke engelske og norske uttrykk om hverandre. Disse uttrykkene kan være forvirrende nok i seg selv.

5.1.4 Haldningar som undersøkingsobjekt

Seim (2005:45) syner at haldningsundersøkingar har ein kortare tradisjon enn andre sosiolingvistiske metodar, og at den faktiske forskinga ikkje tok til før på slutten av 1970-talet. Sin unge alder til tross, haldningsundersøkingar har vorte ein ynda metode for mange sosiolingvistiske studium. I følgje

⁷ Denne gruppa av studentar er likevel teken med i dei andre spørsmåla. Eg meiner at dei, trass i at dei ikkje studerer økonomi, kan gi verdifull innsikt når det kjem til syn på språkbruk i undervisninga. Det har ikkje noko å seie for svara i dei andre gruppene om ein studerer økonomi eller ikkje, då spørsmåla ikkje tek opp spørsmål kring utdanningsinstitusjonar.

Mæhlum har det vorte lagt stor vekt på observasjons- og analysemetodar som kan dokumentera korrespondansar mellom språklege uttrykk og sosiale faktorar som skal kunne definerast objektivt. Desse einingane kan ein blant anna relatera til sosioøkonomisk klasse, yrke og kjønn (Mæhlum 1992).

Haldningar kan verka inn på eins eigne handlingar, men på same måte kan handlingar påverka haldningar. Gjennom teorien om *kognitiv dissonans* syner ein at menneske alltid har behov for å tilpassa seg slik at eins eiga åtferd stemmer overeins med eigne verdiar og haldningar. Ved høve der ein likevel handlar på kryss av verdisetten vil ein oppleve kognitiv dissonans (Festinger 1957). Dersom ein difor handlar på ein bestemt måte, kan det vera at ein tilpassar haldningane og verdiane sine. Ein slepp då å tenkja at ein har handla på tvers av haldningar og verdiar. Haldningar er altså ikkje eit stabilt fenomen, tvert i mot så er haldningar noko som lett kan endrast hjå ein og same person, alt etter kva kontekst ein er i. Sidan haldningar er noko som er tillært, altså ikkje medfødt, er det ikkje eit stabilt fenomen, og kan altså endrast. No kan det vera slik at dei fleste forelesarane og specialistane som har uttalt at engelsk er betre enn norsk, faktisk meiner det. Men om eg skal freista med ei forklaring etter Festinger sin teori kan det vel vera slik at det er så lett å undervisa med engelsk pensum og termar fordi dei allereie ligg tilgjengeleg. Ingen vil vel vedkjenna seg at ein går for ei lettvinnt løysing ved å velja engelsk framfor norsk. Då er forklaringa om at engelsk eignar seg betre som fagspråk ei betre forklaring.

Undersøkinga har vore ei rein haldningsundersøking. Eg har med andre ord ikkje hatt som mål å om å utforska «fakta» gjennom undersøkinga. Dette har gjort sitt til at eg har måtta ta atterhald ved at nokre kan finna att spørsmåla rører ved følsame tema. Dette temaet har blant anna vorte behandla hjå Ringdal som syner til at "[h]oldninger er psykologiske tilstander som i prinsippet bare kan verifiseres av respondentene" (2001: 74). Haldningane er komplekse og samansette og er ofte *situasjonsbetinga*. Forsking på dette området syner at spørjeskjema som tek opp haldningsspørsmål syner minst grad av konsistens i test-retest-situasjonar.

Vidare kan ein dela haldningsomgrepet inn i tre komponentar: *kognitive*, *affektive* og *handlingskomponentar* (ibid.). Den kognitive komponenten omhandlar førestellingar og kunnskapen om eit gitt handlingsobjekt, medan den affektive komponenten er den viktigaste og utgjer standpunktet til individet, om ein er for eller mot ei gitt sak. Desse standpunkta kan vera meir eller mindre intense. I undersøkinga eg delte ut kunne ein sjå at nokre av studentane helte mot relativt intense standpunkt når det kom til språkbruk.

(4) Bruk helst bokmål. Generelt syn: Mindre språk-spredning. Sentraliser rundt Bokmål, ikke oversett engelske terminologier.

Dette er eit døme på eitt av svara eg fekk i den delen av spørjeskjemaet der respondentane sjølve fekk høve til å kommentera tema utover det eg tok opp i sjølve undersøking. I denne samanhengen fekk eg jo også avdekt haldningar til bruken av nynorsk, eit tema som ikkje hadde nokon direkte relevans for det spørjeundersøkinga var meint å avdekkja. Språkpolitikk er eit sensitivt tema for mange av oss, og i denne samanhengen vart nokre av studentane rett og slett provoserte over at eg i det heile nytta meg av nynorsk når eg skulle venda meg til dei.

For å måla intensiteten i svara respondentane gav, forma eg spørsmåla på ein slik måte at alt etter kvar på skalaen respondenten låg, indikerte ein semje eller usemje som vart synt på ein intensitetskala i både positiv og negativ retning. For å sjå kor vidt kvar respondent synte konsistens i haldningane, nytta eg meg av fleire spørsmål som gjekk på haldningar til same undersøkingsobjekt, nemleg *engelsk i norske undervisningskontekstar*.

Ringdal (2001: 275) syner at "[h]oldninger har også et handlingsaspekt. En kan spørre respondenten hva de vil gjøre i framtida, eller om hvordan de vil handle i hypotetiske situasjoner". I undersøkinga eg distribuerte ut spurte eg i kva grad dei meinte det var lettare å få jobb i utlandet dersom dei nytta engelsk som lingua franca i fagspråkssituasjonen.

7. «Det blir lettare å få jobb i utlandet om ein brukar engelsk som fagspråk.»	Heilt einig				Heilt ueinig	Veit ikkje
	5 <input type="checkbox"/>	4 <input type="checkbox"/>	3 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	1 <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Figur 7 Studentane vart her bedne om å ta stilling til om dei trudde det var lettare å få jobb i utlandet dersom dei nytta engelsk som fagspråk.

Eg vil gjennomgå kvart enkelt spørsmål og alle svara eg samla inn i resultatkapittelet.

Til slutt er det viktig å poengtere at haldningar er langt meir elastisk enn åtferd, og kan difor lettare verta påverka av spørsmåla i ei gitt undersøking (ibid.). Det er difor sjeldan at ein kan stola på berre eitt spørsmål i ei undersøking. Dette har eg, så godt som det let seg gjera, prøvd å ta atterhald ved i måten eg har forma spørsmåla i denne undersøkinga. Eg vona også å hindra at studentane skulle mista interesse tidleg i svarprosessen. Eg bygde difor opp undersøkinga slik at spørsmålskategoriane til ein viss grad varierte, og prøvde å forma spørsmåla på ein slik måte at dei gjaldt generelle haldningar til

språkbruk og ikkje *haldningar til språkbruk i finans*. Tema for kvar bolk vart indikert av ei overskrift for kvar kategoriane, i tillegg til at eg let dei mest generelle spørsmåla, altså spørsmåla som det er lettast å svara på, koma fyst følgd av meir spesifikke spørsmål.

Alle variablar kan aldri fullt ut kontrollerast, og det vil alltid vera ein viss fare for at statistiske feil, ytre faktorar og feil kan få uheldige følgjer for analysane som vert gjorde. I følgjande underkapittel gjennomgår eg potensielle metodiske utfordringar som eg har teke atterhald ved når resultata frå undersøkingane tolkast.

5.2 Kasusstudie: termar nytta i undervisning og formidling

Målet med dette kasusstudiet har vore å få belyst i kva grad termar og faguttrykk innan finansfaget vert nytta konsistent i aviser, fagbøker og ordlister. Stake (som referert i Ljosand 2008: 12) skil mellom tre ulike typar kasusstudium. *Intrinsic case studie*, eller *indre kasusstudium*, syner til prosessen der ein vonar å forstå og syna kasuset sin indre struktur og tydingsbygging. Her har ein ikkje som mål å generalisera resultat. Instrumental case studies, eller instrumentelle kasusstudium, nyttar sjølve kasusstudiet som middel til å seia noko om ei bestemt sak. Vidare nyttar Stake *kollektive kasusstudium* (*collective case studies*) om situasjonen der ein nyttar fleire kasus for å samanlikna noko.

Termene eg har funne her har vorte samanlikna med forskning som allereie er gjort på avisspråk. Målet er å finna ut om ein nyttar seg av norske termar ved høve der desse er standardiserte⁸, eller om ein likevel nyttar seg av engelsk, eller sjargong.

5.2.1 Utforming og mål med kasusstudiet

Eg har samla inn termar frå ordlister og eit lite utval lærebøker. Desse har vorte samanlikna med termar som har vorte henta ut frå norsk aviskorpus (Kristiansen 2011a). For å finna fram til fagbøkene har eg nytta pensumlister frå NHH og UiB. Faga eg har teke utgangspunkt i er 'lågaregradsstudium'⁹. Dette har gjort at eg i utgangspunktet har utført to kasusstudium, der fyrste tek føre seg skilnader mellom språkbruk ved NHH og UiB og det andre går i meir på detaljnivå og ser på termbruk i faglitteratur sett i forhold til formidlingsspråket.

⁸ Etter mi meining kan ein rekna ein term for 'standardisert' dersom ein kan finna denne i ei ordliste. Difor har eg også gått ut ifrå at dei norske termene som ein kan finna i dei to ordlistene eg har nytta er 'standardiserte'.

⁹ Med 'lågaregradsstudium' meiner eg her at eg berre har sett på fag som ein kan studere på bachelornivå. Mastergradsfag har ikkje blitt inkludert i denne undersøkinga.

5.2.2 Norsk aviskorpus

Andersen og Hofland (2012: 1) syner til at norsk aviskorpus har som mål å vera eit stort 'monitorkorpus' som representerer notidig norsk språk. Vidare syner dei at "the corpus is compiled through daily harvesting and processing of published texts from the web edition of Norwegian newspapers" (ibid.). Tenesta vart oppretta i 1998, og blant avisene som er inkluderte finn ein Bergens Tidende, Aftenposten, Dagens Næringsliv og Dagbladet. Til saman er det ti aviser i korpuset.¹⁰

Ein sit ikkje att med eit datamateriale som syner korleis forelesarar på NHH og UiB gjer seg bruk av norske og engelske faguttrykk. Men når det er sagt, så vil ein kunna seia at måten spesialistar uttrykkjer seg på, vil ha innverknad på språkbruken til kvar enkelt journalist. Sidan tenesta vart oppretta i 1998 har eg heller ikkje grunnlag for å trekka slutningar for termbruk forut denne perioden, og eg vil difor ved somme høve ikkje kunna indikera kor lang tid norske termar har brukt på å verta godtekne i avisspråket. Likevel tykkjer eg at korpuset gir interessante innblikk i relasjonen mellom engelsk og norsk i finansspråk. Det kan i tillegg gje eit innblikk i kor godt desse termene stemmer overeins med termbruken ein finn att i nokre fagbøker.

I dei tilfella der eventuell diskrepans mellom dei to studieobjekta ser ut til å vera tilfelle, vil eg prøva å finna kva årsaker som ligg til grunn for at bruken av faguttrykka skil seg mellom dei ulike kasusa. Dette vert blant anna gjort ved å gje ei analyse av kvar term som er nytta i undersøkinga. Kan det vera at nokre termdanningsmekanismer gjer seg betre og vert føretrekt framfor andre? Og vil ulike språk leggja vekt på ulike strategiar for termdanning? Og kan det rett og slett vera at journalisten ved nokre høve ikkje forstår kva som ligg i dei ulike omgrepa dei søker beskriva, og på den måten vel feil termar?

Det har vorte gjort mykje forskning på bruken av finastermar i norske aviser dei siste åra.¹¹ Desse studia har vorte gjort gjennom å søka opp termar og uttrykk frå det nettbaserte norske aviskorpuset (NAK).

¹⁰ Forskinga eg har basert meg på (Kristiansen 2012) vart gjort på den tida det var 10 aviser representerte i korpuset. I 2012 vart korpuset utvida til å inkludere til saman 24 aviser.

¹¹ Sjå mellom anna Kristiansen 2011a; 2011b; 2012.

Følgjande engelske termar har vorte valt ut for vidare analyse i denne oppgåva:

1. *Financial crisis*
2. *Credit crunch*
3. *Hedge fund*
4. *CFD*
5. *CDS*
6. *Subprime*
7. *Short sale*

Nokre av desse termene har eg samanlikna med termar som har blitt nytta i norske aviser. Andre har eg nytta meg av i spørjeundersøkinga. Eg har valt å ikkje ta med alle dei norske omsetjingane. Grunnen til dette er blant anna at ein engelsk term ofte har opptil fleire norske omsetjingar. For å kunna handtera både dei engelske og dei norske termene, har grensa vorte sett på sju engelske termar.

Termene er henta frå Kristiansen (2012) si forskning på dette området.¹² Nokre av termene ho her har kome fram til har eg valt å samanlikna med termene eg har funne i ordlistene. Desse har igjen vorte samanlikna med termar funne i lærebøker, dersom desse har vore tema i faglitteraturen.¹³ Grunnen til at eg landa på akkurat desse sju termene er fleire. Alle er danna etter systemtilpassa engelske termdanningsprinsipp og syner stor grad av konsistens. Dei norske omsetjingane derimot, syner ikkje same grad av konsistens og systemtilpassing. Berre for den engelske termen *hedge fund* finn ein følgjande forslag: *hedgefond*, *sikringskontrakt* og *risikofond*. Ikkje berre er dei forma etter ulike termdanningsprinsipp, dei syner også til ulike forståingar av omgrepet *hedge fund* og kva dette tyder.

Samtidig er finans eit svært aktuelt tema. Finanskrisa står nok ein gong på trappa, og det vert introdusert stadige nye omgrep og termar som ein lyt ta stilling til. Nokre er godt kjende og etablerte hjå spesialistar så vel som lekfolk, som til dømes *financial crisis*, *subprime* og *hedge fund*. Andre har ein derimot ikkje høyrte like mykje om. Dette gjeld i denne oppgåva termene *shorte*, *CFD* og *CDS*.

Sidan nokre av termene allereie er nytta som forskingsobjekt i andre samanhengar og vil difor letta arbeidet når det kjem til å etablere omgrepssystem og sjå kva termar som kan seiast å opptre som synonym. Eg har òg nytta meg av nokre økonomiske ordbøker for å finna ut om nokre av dei engelske termene har etablerte norske omsetjingar som ikkje har vorte tatt inn i avisspråket.

¹² Utgangspunktet for termene eg har sett på her er henta frå tidlegare arbeid (Kristiansen 2012; 2011a; 2011b). Eg har vidare nytta desse som samanlikningsgrunnlag for termar eg har funne i lærebøker og ordlister. Eg vil difor understreka at eg ikkje har kome fram til termutvalet, men at det er henta frå tidlegare forskning på området.

¹³ Ein av termene eg valde ut til dette kausstudiet, *credit crunch*, har vorte nytta i ei av lærebøkene eg gjennomgjekk.

5.2.3 Pensumlister, lærebøker og ordlister

Eg har nytta to norske lærebøker for å få eit inntrykk av termbruken. Bøkene representerer kvart sitt norske skriftspråk. ”*Moderne makroøkonomi*” (Steigum 2004) er skriven på bokmål, medan Torsvik ”*Menneskenatur og samfunnsstruktur. Ein kritisk introduksjon til økonomisk teori*” (2003) er skriven på nynorsk.

5.2.4 Datamateriale

Eg vil også ta eit atterhald ved pensumlistene eg har nytta i dette kasusstudiet. I innsamlinga av listene har eg gått inn på kvart av faga på den aktuelle utdanningsinstitusjonen sine heimesider og lasta ned listene. Nokre av faga har ikkje lagt ut nye pensumlister, og eg har då gått ut ifrå at dette er pensumlistene som framleis vert nytta. Eg har også sett i listene som er lagt ut på Studia¹⁴ for å sjå kor vidt listene samsvarar med kvarandre.

5.3 Metodiske utfordringar ved bruken av spørjeskjema og haldningsundersøkingar

Kvaliteten på ei spørjeundersøking kan målast langs tre parameter. *Reliabilitet*, *validitet* og *generaliserbarheit*. Eg vil fyrst problematisera dei metodiske utfordringane eg har møtt ved bruken av spørjeskjema i undersøkingssituasjonen.

Ringdal syner at reliabilitet, eller pålitelegheit, går på om gjentekne målingar med same måleinstrument gir same resultat (2001: 166). Vidare kan ein seia at reliabiliteten kan verte påverka av den kvalitetsmessige kontrollen av data. Dersom ein er nøyaktig i dataregistreringa kan målefeil haldast på eit minimum og reliabiliteten ved studiet vil følgjeleg betrast (ibid.). Mål som har høg reliabilitet har også små målefeil i undersøkinga. Og målefeil vil alltid vera tilstades i ei undersøking. Det er i utgangspunktet to måtar vurdera reliabiliteten til eit studie på. Det fyrste omhandlar *kjeldekritikk*.

Reliabiliteten vil her verta påverka av den kvalitetsmessige kontrollen av data som til dømes korleis data er registrert, søking etter feil og retting av desse. Den andre måten å vurdera dette på er gjennom å nytta statistisk analyse av målingane sin konsistens, som til dømes gjennom *test-retest-teknikken*

¹⁴ Studentbokhandel i Bergen.

(Ringdal 2001: 167). Forsking syner at konsistensen i målingar er klårt størst når det kjem til spørjeskjema som omhandlar fakta, medan haldningsspørsmål har minst konsistens i test-retest-målingar (ibid.167f).

Validitet seier noko om *gyldigheita* ved eit studie og syner i kva grad ein kan trekkja gyldige slutningar om det ein har sett seg mål om å undersøkje, ut ifrå dei resultata ein har samla inn i løpet av studiet. Validitet omhandlar altså kor vidt ein faktisk måler det teoretiske omgrepet som ein ynskjer å måla (Ringdal 2001: 168). Samtidig er validitet eit gradert spørsmål og kan ikkje målast på same måte som reliabilitet. Medan reliabiliteten tek føre seg eigenskapar ved dei empiriske indikatorane, går validitet ut på relasjonen mellom indikator og teoretisk omgrep (ibid.). Vidare kan ein dela validitetsomgrepet inn i to typar, *indre validitet* og *ytre validitet*. Den indre validiteten syner om det utførte eksperimentet verkeleg gjev grunnlag for å seia av X er årsak til Y. Den ytre validiteten går på funna sin generaliserbarheit ut over utvalet (ibid.).

Innhaldsvaliditet omhandlar om utvalet av indikatorar gjev ein rimeleg dekning av ein hypotetisk populasjon av indikatorar. Med andre ord, om målet dekker dei viktigaste aspekta eller dimensjonane av omgrepet (ibid.). Det finst også andre former for validitet, Omgrepsvaliditet, samtidig validitet, predikerande validitet og kriterievaliditet er blant desse (ibid. : 169).

Spørjeundersøkinga sin generaliserbarheit referer til i kva grad resultata eg har kome fram til gjeld for andre enn dei spurte i undersøkinga. Ideelt sett skal utvalet kunna vera representativt for populasjonen, men i denne samanhengen kan eg ikkje gå ut ifrå dette. Utveljinga vart gjort innan ei relativt lukka gruppe, nemleg økonomistudentar ved UiB og ved NHH. Utvalsmetodikken oppfyller ikkje kravet til å vere ei tilfeldig trekking frå ein avgrensa populasjon av økonomistudentar, men eg er av den oppfattinga at det er gjort eit tilstrekkeleg breitt utval til at eg likevel kan påpeike interessante tendensar i utvalet, og rekna med at dette kan vera representativt for den populasjonen dei er trekte frå.

Hadde eg hatt eit utval på om lag 30 personar eller færre, ville eg hatt mindre sikkerheit for at funna mine ikkje er resultat av reine tilfeldigheter, men storleiken på utvalet i mi undersøking gir eit betre grunnlag for å trekkja konklusjonar om trendar og samanhengar. Rowntree (2000: 140) syner til følgjande relasjon mellom utvalsstørrelse og signifikans:

a big difference is needed to establish significance if the samples are small. As the samples size increases, smaller and smaller differences become significant.

Eg kan heller ikkje gå god for at det ikkje har oppstått nokre skeivheiter i undersøkinga då skjemaet vart utdelt i undervisningssituasjonar og eg ikkje kan kontrollera for kven som deltek og kven som ikkje deltek i desse situasjonane. Det kan til dømes vera skilnader i typen studentar som vel å følgja undervisningar og dei som vel å ikkje gjera dette. I dei tilfella der fråfallet er systematisk kan ein stå i fare for at utvalet sin representativitet vert svekka (Ringdal 2001: 277). Om respondenten er stressa, sjuk, eller ein generelt hjelpsam person, vil dette vere faktorar som spelar inn på respondenten sitt sjølvbilete. Av alle respondentane valte ein å ikkje delta i undersøkinga.

For å finna ut kor vidt eg kan seia at skilnader mellom grupper og haldningar er signifikante har eg nytta ein to-hala t-test, der eg har sett signifikansnivået på 0.05 ($p < 0.05$). Utvalet er ikkje tilfeldig trekt, og kan difor ikkje nyttast direkte for å slå fast sannsynet for at skilnaden mellom dei aktuelle gruppene også er til stades i populasjonen utvalet er henta frå. Eg ynskjer likevel å nytta testen for måla styrken mellom målingane. Eg går difor ut ifrå at dersom eg får svar der testobservatoren ligg innanfor det valte signifikansnivået, så er dette ein indikasjon på at skilnadane mellom gruppene også kan finnast ut over det utvalet eg har undersøkt.

6. Resultat

I dei to følgjande underkapitla, 6.1, *Kasusstudie: gjennomgang i termbruk i lærebøker, ordlister og aviser*, samt kapittel 5.2, *Haldningar: resultat og analysar*, vil eg presentera resultata eg har kome fram til gjennom arbeidet med denne masteroppgåva. Til slutt i kvart av desse kapitla vil eg diskutera funna med grunnlag i tidlegare forskning.

6.1 Kasusstudie: gjennomgang av termbruk i lærebøker, ordlister og aviser

Til no har eg gjennomgått haldningane som studentar syner til bruken av engelsk i undervisninga. Vidare vonar eg å finna ut om termene som vert nytta i norske ordlister stemmer overeins med termene som ei finn i norske aviser. Eg vil fyrst presentera termene eg har funne i to norske ordlister som omset finansøkonomiske termar frå engelsk til norsk. Desse vil eg så samanlikna med termar som Kristiansen (2012) har ekstrahert frå norske aviser. På denne måten vonar eg å sjå kor godt termbruken stemmer overeins i dei to kommunikasjonskanalane. Til slutt vil eg diskutera resultata på bakgrunn av forskning og informasjon allereie utført på dette området.

Eg vil no fyrst presentera termene eg har funne i norske ordlister, for så å samanlikna dette med termar funne i norsk aviskorpus. Saman med eit utval av termar henta frå norske lærebøker i økonomi, vonar eg å få eit innblikk i om termene samstemmer eller skil seg frå kvarandre i undervisning og formidling, der ordlistene og lærebøkene representerer undervisninga og NAK syner til situasjonen innan formidling. Til slutt i dette kapitlet vil eg diskutera i kva grad ordbøker og aviser har 'normerende makt' i høve til kva termar som vert sett på som standardiserte faguttrykk blant norske spesialistar og journalistar.

6.1.1 Termene

Eg vil no gå djupare inn i dette utvalet å presentera dei norske omsettingane som eg har funne fram til. Presentasjonen er todelt. Fyrst vil termene henta frå NAK vert presenterte i ein eigen tabell. Dette er termar som er samla inn av Kristiansen (2012)¹⁵ og tabellane eg nyttar her er difor frå hennar arbeid.

¹⁵ Termene er henta frå artikkelen: Finding financial terminology in norwegian newspapers (2012).

Til slutt vil eg presentera eigne funn frå ordlister og lærebøker og samanlikna stoda i hjå dei ulike kjeldene.

Financial crisis

I følgje Oxford Dictionary of Finance and Banking¹⁶ vert omgrepet *financial crisis* definert som “[a] collapse in the price of financial obligations, which may have led to a collapse in the economy” (Law 2008: 166).

I tabell 1 syner eg termene som vert nytta i dei to norske ordlistene eg har valt ut.

Som ein kan sjå frå denne oversikta, vert ikkje termene som ein kan finna i norske ordlister nytta i formidlingsspråket, med unntak av ’finanskrise’. Både ’pengemessig krise’ og ’pengekrise’ er faguttrykk som ein kan finna i dei aktuelle ordbøkene, medan søk i NAK indikerer at dei ikkje har vorte tatt opp i formidlingsspråket.

Omgrep	Engelsk	Norsk	Treff i NAK
Financial crisis			
	<i>Financial crisis</i>		
		<i>Finanskrise</i>	17 716
		<i>Pengemessig krise</i>	0
		<i>Pengekrise</i>	294

Tabell 1 Norske termar henta frå ordlister.

Som ein kan sjå frå tabell 1 så utgjer termen *finanskrise* den klart mest populære termen når det kjem til å beskriva dette omgrepet, med heile 17,716 treff. Kristiansen (2012: 266) syner vidare at det er eit stort tal av termar som blir bytta i relasjon til termen *finanskrise*. Nokre av desse er:

- Finansiell krise (224 førekomstar)
- Økonomisik krise (3130 førekomstar)
- Bankkrise (590 førekomstar)
- Gjeldskrise (747 førekomstar)

¹⁶ Law 2008.

Termen *finanskrise* vert definert som ein ”situasjon hvor tilgangen på pengar er mindre enn etterspørselen” (Skaug og Aagenæs 2010: 93). Den engelske termen *financial crisis* vert derimot ikkje nytta meir enn fire gonger i same periode noko som indikerer at den engelske termen ikkje har fått fotfeste i det norske formidlingsspråket. *Pengemessig krise* har ikkje vorte nytta i dei norske avisene, medan *pengekrise* har fått 294 treff. Det er likevel svært mange av dei 294 treffa som vert nytta på ein slik måte at dei ikkje kan seiast å opptre som synonym til *finanskrise*.

Subprime

Subprime, eller *subprime loan*, vert gjerne definert som “[t]he provision of loans (especially home loans) to borrowers with a poor credit rating” (Law 2008: 426). Dette er eit sentralt omgrep knytt til finanskrisa og vert gjerne oppfatta som svært risikofylte lån og har difor høgare kostnad på sjølve lånet som ein verknad av dette. Også dette omgrepet har fleire nemningar på norsk.

Kristiansen (2012: 269) syner til at *subprime* (587 førekomstar) og *råtne boliglån* (63 førekomstar) blir nytta i aviskorpuset.¹⁷

E24¹⁸ har nytta seg av både *subprime* og *råtne boliglån* når dei skal forklara det dei kallar *subprime-fenomenet*. Her vert det forklart at ”[L]ånene ble gitt til personer md under prima kredittverdighet – derfor kalles lånene subprime. Krisen som har sitt utspring i disse råtne boliglånene, kaller vi subprime-krisen” (Thorsheim 2008).

Hedge fund

Eit *hedge fund* er “[a] unit of trust that is subject to minimal regulation, typically a partnership or mutual fund that attempts to achieve large gains by exploiting market anomalies” (Law 2008: 211). I ordbøkene finn ein blant anna termene *sikringsfond* og *risikofond* i tillegg til *hedgefond*.

¹⁷ Ho syner også til andre variantar av termar subprime går inn som ein del av termen, men desse har eg valt å utelata.

¹⁸ E24 er ei nettavis som i hovudsak publiserer nyhende knytt til økonomi.

I følge Kristiansen (2012: 272) vert følgjande termar nytta i formidlinga:

- *hedge fund* (9 førekomstar)
- *hedgefund* (7 førekomstar)
- *hedge fond* (7 førekomstar)
- *hedgefond* (886 førekomstar)
- *sikringskontrakt (hedging contract)* (16 førekomstar)
- *risikofond (risk fund)* (22 førekomstar)

Som ein kan sjå frå tabellen er det berre *hedgefond* som har blitt teke inn i språket. Dei andre termene har blitt nytta nokre få gonger.

Det kan altså sjå ut til at hybridtermen *hedgefond* har vorte teke inn i 'språkbruksvarmen' til specialistane så vel som i avisspråket. Skaug og Aagenæs (2010: 122) definerer *hedgefond* som eit "verdipapirfond som investerer i ulike aktivaklasser i henhold til ulike strategier for risikospredning". Verbalforma, *hedging*, kan i følge same ordbok omsetjast til 'dekningsforretning' og syner til ein type spekulasjonshandel der ein har same mål om å hindra tap ved endring i pris eller kurs (ibid.) Kristiansen (2011a) forklarar omgrepet på følgjande vis:

Uttrykket 'hedgefond' er en hybridterm bestående av engelsk i første ledd og norsk i andre ledd. Dette uttrykket har etablert seg som den foretrukne termen i følge aviskorpuset. Likevel forekommer det en rekke ortografiske varianter samt to norske avløsertermer som til en viss grad fremdeles er i bruk (Kristiansen 2011a: 2f).

Som ein også kan sjå frå førekomstane til Kristiansen (2012) så blir *hedge fund* blant anna omsett til *sikringskontrakt* og *risikofond*. Ein kan sjå at dei legg vekt på ulike trekk ved omgrepet og at bruken av *risiko* i denne samanhengen er noko negativt lada. Sjølv om ein kanskje kan seie at denne typen fond er risikable så vil vel ikkje forskarar og spesialistar innan finansfaget naudsynleg vera med på å kalle opp fondet etter noko som er så negativt lada. Det kan også vera verd å merka seg at *hedge fond* vert lite brukt, og at når ein vel å nytta hybridtermar så blir desse tilpassa etter norske samskrivingsreglar.

Credit crunch

Den engelske termen *credit crunch* kan i følge ordboka definerast som “a period during which lenders are unwilling to extend credit to borrowers or the costs of borrowing rise” (Law 2008: 108). Termen har også eit synonym¹⁹ på engelsk, *credit squeeze*, som har gitt opphav til den norske omsetjinga *kredittskvis*.

Eg vil no syna termene som ordbøkene foreslår:²⁰

Omgrep	Engelsk	Norsk	Treff i NAK
<i>Credit crunch</i>			
	'Credit crunch'		4
	'Credit squeeze'		0
		Kredittskvis	61
		Kredittmangel	9
		Kredittørke	42
		Kredittilstramming	4

Tabell 2 Norske ordboksformer for den engelske termen 'credit crunch'

I forskinga til Kristiansen (2012) er det termen *kredittskvis* som hovudsakleg vert nytta i dei norske avisene. Ho har følgjande å seia om dette faguttrykket: ”termen ‘kredittskvis’ [er] godt etablert på norsk, og den norske termbruken er entydig i dette tilfellet. Termen er en fornorsking av en synonym term til *credit crunch*, nemlig *credit squeeze*” (ibid.: 268).

Som ein kan sjå frå tabell 5 er også *kredittskvis* som vert nytta mest i avissjargong. *Kredittørke* ein term henta frå ordbøkene får også ein del treff i korpuset. Begge termene kan seiast å gjera seg bruk av metafori, men medan *kredittskvis* kan seiast å utgjera ein prosess, så syner *kredittørke* til ein tilstand. Trass i at det er desse to termene som har vorte nytta mest i dei norske avisene tykkjer eg at 'kredittmangel' er ein meir funksjonell og motivert term, i tillegg til at den betre speglar omgrepet. Det er lettare å tyda seg til kva termen vil forklara utan å kjenna til fagområdet på førehand, medan 'skvis'

¹⁹ Det kan vera noko uklårt i kva grad *credit squeeze* konsekvent opptre som eit synonym for *credit crunch* i engelsk, då førstnemnde vert definert som “a government measure, or set the of measures, to reduce economic activity by restricting the money supply” (Law 2008: 109). Tydinga kan såleis oppfatast å vera nærare knytt til ein ønskt politikk frå styresmaktene, og ikkje ein situasjon der det er ein generell mangel på kreditt i marknaden.

²⁰ Termen 'kredittskvis' er felles for ordboksvariantane og NAK og eg vil difor ikkje presentere denne termen i eigen trefftabell frå norsk aviskorpus.

og 'tørke' ikkje på ein like presis måte syner til kva ein prøver å seia med uttrykket. Trass dette ser det ikkje ut til at formidlingsspråket har fanga opp dette faguttrykket. Men sjølv om ein har fleire etablerte norske faguttrykk på dette området, er heller ikkje alle spesialistane og lærebokforfattarane flinke nok til å gjera seg bruk av desse. I gjennomgangen av lærebøkene på NHH og UiB (sjå kapittel 6.1.1) fann eg blant anna bruken av *credit crunch* utan at det vart synt til dei norske ekvivalentane. Det kan fleire grunnar til dette, som eg vil koma attende til i diskusjonen. Blant anna kan det vera at spesialisten ikkje tykkjer at dei norske termene er dekkjande, eller det kan vera at det er spesifikke haldningar til bruken av engelsk og norsk som rår.

6.1.2 Kva typar termar vert mest nytta

For å finna kva type termar som i størst grad vert nytta i ordbøker og norske aviser har eg valt å dela inn termene etter følgjande beskrivingar av lånord etter Graedler (2004: 9) si inndeling av ulike typar lån:

1. **Direkte lånord**, *both in their original form (...) and in adapted or nationalized forms (...)*. Døme på dette finn ein i bruken av *subprimem CFD*, *CDS* og *shorting*.
2. **Hybridlån** (...) *combinations of direct loanwords and native word*. Eit døme på dette finn ein ved bruken av *hedgefond* som består av to ledd. Det fyrste er engelsk, medan andre ledd er norsk. I tillegg følgjer termen norske samskrivingsreglar.
3. **Pseudolån** (...) *words made from foreign word material, but not used in the donor language (...)*

Det ser altså ut til at det er dei direkte låna som er tilpassa norsk gjennom fullstendig fornorsking (*kredittskvis*, *finanskrise*) og samt hybridlåna (*hedgefond*) som slår best an. I mi eiga haldningsundersøking fann eg blant anna at av norske omsettingar som studentane blei presenterte for likte dei best *hedgefond* (sjå 6.2.3). I følgje analysen til Kristiansen (2011a) og ordlistene som eg har gjennomgått, finst det norske termar for alle omgrepa. I følgje Kristiansen indikerer funna følgjande:

(...) de norske termene brukes konsekvent parallelt med engelske termer. Det synes dermed å være et godt tilfang av neologismer eller nyordsdanning, inkludert både primær og sekundær termdanning. De norske termene er imidlertid lite i bruk (...) [og] det ser ikke ut til å være en utvikling i retning av at norske termer som dannes blir mer frekvente, eller at norsk stavemåte vinner fram som mer frekvent. (...) det er ingen tegn på at språket "fornorskes" – anglismer, hybridtermer og eventuelle norske avløserord eksisterer side om side (Kristiansen 2011a: 6).

Det kan med andre ord sjå ut som at dei norske termene som vert danna ikkje får innpass i spesialistspråket. Forskinga og nye termdanningar vert kontinuerleg utvikla innan finansfeltet, og som eit resultat vert mykje av terminologien tatt direkte inn i det norske fagspråket og får fotfeste før dei nye norske ekvivalentane vert introduserte. Som eit resultat av dette får ikkje dei norske termene innpass, og utan eit nasjonalt samkøyrande organ for utviklinga og tilgjengeleggjering av norsk terminologi er det vanskeleg å kvitta seg med engelsken. Dette kan også føra til at det vert danna ei stor mengd termar som ikkje naudsynleg vert godtekne som 'sanne ekvivalentar' av det store fleirtalet av spesialistane.

6.2 Haldningar: resultat og analyse


I dette kapitlet vil eg gå nærare inn på resultatane eg sitt att med, og sjå kor godt desse stemmer med forskning som har vorte gjort på dette området tidlegare, samt teoriar som knyter seg til læring og engelsk som lingua franca i forskingsverda.

Eg vil no presentera kvart av spørsmåla som omhandla studentane sine synspunkt på bruken av engelsk i undervisningssituasjonen. Eg presenterer også samanlikningar mellom ulike grupper, for å sjå etter systematiske ulikskapar i haldningar til språkbruk i undervisninga: *mann – kvinne, NHH – UiB, Fyrstesemesterstudentar – studentar som har studert økonomi meir enn eit halvt år.*

6.2.1 Syn på bruken av engelske termar i undervisninga

I den fyrste bolken skulle ein ta stilling termbruken i undervisningssituasjonen. Dette inkluderer både sjølve førelesinga, samt faglitteraturen som vert presentert i det aktuelle faget. Dette vart også understreka ved utdelinga av skjemaet.

Det kjem fram at eit fleirtal av studentane er ueinige i at det vert nytta for mange engelske termar i undervisninga. Heile 66 % er ueinige (vel svaralternativ 1 eller 2) når dei vert stilte dette spørsmålet (sjå figur 8 under). Ein av studentane svarte ikkje på dette spørsmålet.




Figur 8 "Det blir brukt for mange engelske termar i undervisninga"

Dei fleste studentane er ueinige i at det vert brukt for mange engelske termar i undervisninga. Ei forklaring på dette kan det rett og slett vera slik at utdanningsinstitusjonane er flinke til å gjera seg bruk av norske termar, og at ein ikkje finn så mange engelske termar i lærebøkene. No er det slik at eg har gjennomført undersøkinga på årsstudie- og bachelornivå, og her er det nok større krav til at ein gjer seg bruk av norske lærebøker og likande enn på mastergradnivå. Eg ser likevel at mykje av faglitteraturen er på engelsk. Nokre fag består til og med berre av engelsk pensum.²¹

I løpet av arbeidet med denne masteroppgåva har eg teke føre meg nokre av dei norske lærebøkene som vert nytta på dei ulike kursa. Medan nokre bøker nyttar mange norske termar og har ordlistar på slutten av kvart kapittel, nyttar andre seg av engelske termar utan å omsetja desse til norsk. Dette trass i at ein kan finna opptil fleire norske termar i ordlistene. Eitt av døma på dette finn ein i boka *Moderne makroøkonomi*, av Steigum (2008). Trass i at fleire engelske termar vert omsette til norsk nyttar lærebokforfattaren her konsekvent den engelske termen *credit crunch*. I ordlistene finn ein derimot fleire norske alternativ. *Kreditttilstramming*, *kredittmangel*, *kredittskvis* er blant desse (Hansen og Lind 2008; Skaug og Aagenæs 2010).

Det har vorte innvendt mot bruken av norske termar at dei ikkje er så 'presise' som dei engelske. Eg vona difor å finna ut kva studentane meinte om kvaliteten til dei norske termene som vart nytta i undervisninga.

²¹ For ei oversikt over pensumlistene, så Vedlegg 1.



Figur 9 "Dei norske termene som blir nytta i undervisninga er gode"

Rundt halvparten av dei spurde studentane, nærare bestemt 53 %, tykkjer at dei norske termene som vert nytta i undervisninga er gode. Så langt kan det då sjå ut til at studentane ikkje tykkjer at det er for mykje innslag av engelsk i undervisninga, og i tillegg finn at dei norske termene er gode, noko som jo lovar godt.

Når det kjem til termdanning i norsk kan ein finna nokre trekk som skil seg frå måten ein dannar dei engelske termene på. I følgje Myking (2008: 73) føretrekk "engelsk (...) ofte ein metafor, som ikkje (lenger) har ein morfologisk motivasjon". Døme på dette kan ein finna i finanstermane *credit crunch*, som syner til at kreditten knasar²², medan 'hedge' i *hedge fund* kan omsettast til *hekk, innhegne* og *å sikre*.²³

Som dei norske termene over syner, så vert ofte norske termar bygde opp på grunnlag av *funksjonalitet*. Både morfologiske og funksjonelle termkonstruksjonar byggjer på motivasjon, som eg gjennomgjekk i kapittel 4.2.3, *Korleis dannar ein termar?*


For ein student kan det synast lettare å hugsa termar som er bygde opp kring funksjonelle aspekt, då ein her, etter mi meining, lettare kan få eit inntrykk om referer til omgrepet på ein tilfredsstillande måte, samt at strukturen vert meir transparent. Etter mi meining vil det vera lettare for studentar å hugsa termar som er bygde opp kring funksjonelle termdanningsmekanismer. Dette meiner eg fordi ein då lettare får innsikt i strukturen, sidan denne er transparent og fordi den refererer til omgrepet på ein meir tilfredsstillande måte. Eit døme på dette er *kredittmangel*, i motsetnad til *kredittskvis*.

²² Nettordboka Tritrans omset *crunch* til *knase* og *knasing*. Henta 14.05.12:

<http://www.tritran.net/cgi-bin/translate.cgi?spraak=Engelsk&Fra=crunch&button=Translate%21>

²³ Tritrans omset *hedge* til *hekk* og *innhegne*, medan Graedler (1997) syner til at 'å hedge' kan omsettast til 'å sikre'.

Eit anna spørsmål i denne bolken av spørjeundersøkinga omhandlar kor viktig studentane tykkjer det er at norske termar vert utvikla. Også her er studentane positive til det norske fagspråket. Heile 62 % av studentane tykkjer at dette er viktig, medan 9 % av dei spurde studentane er derimot heilt ueinige i at dette er viktig og har kryssa av ved svaralternativ 1.



Figur 10 "Det er viktig at ein utviklar norske termar"

Det at ein så stor del av studentane er einige i dette, tyder på at mange er opptekne av å ta vare på det norske fagspråket. Dette vart også uttrykt eksplisitt av ein av studentane i undersøkinga.


(7)Synes vi skal utvikle gode norske uttrykk som klargjer kva det rammar om.

Ein god norsk fagterminologi kan etter mi meining hjelpe både studentar og ikkje-spesialistar til å forstå omgrep. Det er også viktig for bevaringa av norsk som samfunnsberande språk innan ulike fagfelt, samt for å hindra domenetap.

Vidare i undersøkinga gjekk eg over til å spørja studentane kva språk dei meiner gir best læringseffekt. Tidlegare forskning (Guldbrandsen mfl. 2002; Hertzberg 1996) tyder på at morsmålet er det beste språket å læra på, men eg ville vita om dette var noko studentane også hadde eit bevisst forhold til. Mæhlum uttykkjer seg på følgjande vis, når det kjem til bruken av framandspråkleg pensum:


Har vi tilstrekkelig kunnskap om læringseffekten av fremmedspråklig fagstoff? Spørsmålet er spesielt aktuelt for grunnnivåene innenfor høyere utdanning, der den faglige basisforståelsen normalt blir lagt. Det finnes lite forskning på dette området, og få helt entydige resultater. Samtidig er det liten tvil om at lesing av fagstoff på et fremmedspråk har konsekvenser for ulike kognitive prosesser, og at dette derfor med stor sannsynlighet også influerer på selve læringsprosessen (Mæhlum 2003b: 3).

Det kan vera interessant å sjå om dette er noko studentane sjølve har tankar om, og kor vidt dei har reflektert over dette.



Figur 11 "Kva undervisningspråk gir best læringseffekt?"

Som figur 11 syner så meiner det store fleirtalet av studentane at norsk er språket som gir best læringseffekt. Heile 62 % av studentane er heilt samde i at morsmålet er det beste språket å læra på. Dette vert støtta av tidlegare forskning på området som syner at til og med ferdig utdanna spesialistar hugsar markant mindre dersom dei les ein artikkel på engelsk, og ikkje morsmålet sitt (Guldbrandsen mfl. 2002). Også Hertzberg (1996) peiker på kor viktig det er at studentar, spesielt i innføringsfasen til eit gitt fagområde, vert møtt med eit fagspråk som er lett forståeleg.



Figur 12 "Det er akkurat det same kva språk ein nyttar dersom ein forstår kva som er meininga"

Eit stort fleirtal meiner at det er det same kva språk ein nyttar, så lenge ein forstår meininga. Trass i at mange studentar har synt, frå tidlegare spørsmål, at dei ofte tykkjer at norsk er eit godt alternativ, så kan det også sjå ut til at ikkje tykkjer det er så farleg kva språk ein nyttar så lenge ein forstår meininga. Medan 60 % er einige i denne påstanden, er 22 prosent er ueinige.

Sidan studentane vart bedne om å ta stilling til det språket dei vart eksponert for i undervisninga og i lærebøkene, har eg ikkje grunnlag for å trekka slutningar om desse svara indikerer haldningar om at ein ikkje treng utvikla norske termar så lenge ein forstår kva termene tyder på norsk. Likevel fekk eg nokre kommentarar i undersøkinga som kan tyda på nettopp dette:

(8)Hvorfor ikke bare bruken engelsken? Synes engelsk er positivt og veldig nyttig! Hvis det ikke finnes 'gode nok' termer på norsk, bør bare de engelske bli brukt.


For studentane er det nok lettare å setja seg inn i terminologien innan eins eige spesialområde. Men når det kjem til formidlinga ut til ålmenta, vil kommunikasjonen og forståinga lida under mangel på gode norske uttrykk.

I neste del av spørjeundersøkinga vart studentane bedne om å ta stilling til fordelar og ulemper ved bruken av engelsk i undervisninga.

6.2.2 Fordelar ved bruken av engelsk i undervisninga

Det fyrste spørsmålet i denne samanhengen syner til situasjonen der ei undervisning med norsk som undervisningsspråk gjer seg bruk ein engelsk fagterminologi. Døme på dette finn ein i ytringa: ”Det finst døme på ein ”big-push”-teori som understrekar at industrialisering og økonomisk vekst krev eit kollektivt løft (...)” (Torsvik 2003: 24).


Figur 13 syner at studentane er splitta i kor viktig dei tykkjer det er med konsistent språkbruk. Medan eit lite fleirtal, 50 %, av studentane var einige i at forelesar bør vera konsistent når det kjem til sin eigen språkbruk, er 30 % (studentar som har kryssa av ved svaralternativ 1 eller 2) er ueinige i dette.



Figur 13 ”Når undervisninga blir gitt på norsk, bør termene også vera norske”

Her er skal dei ta stilling til om engelske termar er meir presise enn dei norske. Denne påstanden er henta frå eit intervju som studentavisa K7 Bulletin gjorde med ein professor ved NHH.

Det engelske fagspråket [er] ofte meir presist og kjent, og difor [finst] det ikkje nødvendigvis fullgode erstatningar på norsk” (K7 Bulletin, 07.03.2010).




Figur 14 "Dei engelske termene er meir presise enn dei norske"

Det syner seg altså at eit fleirtal av studentane, nærare bestemt 60 %, meiner at engelske termar er meir presise enn dei norske. Det kan vera fleire grunnar til eit slikt synspunkt. Eg vil no diskutera denne påstanden og den positive haldninga til engelsk fagspråk ut ifrå ulike synspunkt. Fyrst vil eg gå nærare inn på temaet som vart teke opp i underkapittelet 4.2.3, *Korleis dannar ein termar?* Her skriv eg at målet med eit fagspråk og ein fagterminologi er å gjera spesialistkommunikasjon meir effektiv og presis. Det er med andre ord alltid målet å danna ein terminologi som er presis, og som kan tolkast lett utan hjelp av kontekstuelle hint. Om det er oppnåeleg er derimot ei anna sak og dette diskuterer eg i kapittel 7.5, *Kva haldningar dominerer blant studentane?*

Vidare i undersøkinga bad eg studentane om å indikera til kva grad dei meinte at engelsk som undervisningsspråk ville hjelpa til med framtidige yrkesmoglegheiter i utlandet.

For det fyrste meiner eit fleirtal av studentane at bruken av engelsk i undervisninga gjer det lettare å få jobb i utlandet, noko ein ser på toppane 4 og 5.



Figur 15: "Det blir lettare å få jobb i utlandet om ein brukar engelsk som fagspråk"

Som figur 15 syner, så meiner det store fleirtalet (86 %) at engelsk er ein 'dørøpnar' til ein internasjonal arbeidsmarknad. Men det eg lurar på i denne samanhengen er om ein kan gå utifrå at ein bachelor i økonomi automatisk fører med seg gode engelskkunnskapar. Eit anna spørsmål som melder seg i denne samanhengen er kor stor del av dei norske studentane som startar ein jobb i utlandet.

Dersom ein då legg opp undervisninga for å førebu norske studentar til ein internasjonal arbeidsmarknad kan det jo vera naturleg å spørja om ein bør leggja til rette ei undervisning som berre gagnar ein liten del av studentane? Resten skal jo ut i eit norsk arbeidsliv, og vil nok trenga eit godt norsk fagspråk på lik linje med eit engelsk. Når det kjem til masterstudentar ved norske universitet og høgsular får ein inntrykk av at moglegheita for samarbeid med internasjonale fagmiljø og publiseringmoglegheiter i internasjonale tidsskrift gjer at fleire og fleire skriv masteroppgåva si på engelsk.

Undersøkinga til Kristiansen og Vikør (2006: 69) syner at menneske i høglønte yrke er meir positive til bruken av engelsk, medan menneske på mellomsteget samt dei låglønte yrka er mindre positive dette.

Undervisning som vert gitt på engelsk, der verken forelesar eller studentar har engelsk som morsmål, vil ikkje naudsynleg føra til at studentane vert uteksaminerte som språkmektige økonomar. Derimot krev det at både forelesar og student har svært gode engelskkunnskapar, men forskning indikerer at ein ofte overvurderer egne språkevner. Mæhlum (2003b: 3) gjer seg følgjande tankar kring det ho refererer til som "messingen av engelsk-mantraet":

Er det virkelig uproblematisk for nordmenn å snakke og skrive, det vil si tenke og erkjenne, på et språk som ikke er morsmålet deres? Alle som har erfaring med dette, vet at svaret definitivt er nei. (...) likevel blir dette (...) dette erkjennelsesteoretiske og dermed essensielt akademiske problemet forbigått med rungende taushet". (...) Blir det tatt tilstrekkelig høyde for det som


nødvendigvis må ofres av språkbeherskelse, faglig kreativitet og tankekraft ved å skrive på et fremmed språk? Så langt min erfaring strekker seg, er svaret også her definitivt *nei*.

Nylenna (2004: 123) meiner at ein ukritisk bruk av engelsk i undervisninga kan ha uheldige konsekvensar. For det fyrste at læringa vert svekka, og for det andre at det svekkjer norsk som medisinsk fagspråk. Og det er ikkje grunn til å tru at stoda er annleis for økonomi- og finansfaget. Dette vart også framheva av nokre studentar som svarte på undersøkinga:

(9)Synes det vanskeligjør å lese pensum på engelsk. Får ikke tak i innholdet på samme måte. Vi er i Norge og da synes jeg at pensum skulle være kun på norsk.

Hellekjær (2005) støttar dette synet. Doktoravhandlinga hans tek føre seg engelskkunnskapar på vidaregåandetrinnet og forskinga syner at ikkje fleire enn to tredeler av elevane på dette trinnet ville ha klart opptakskrav til studium i utlandet. Det er vel ikkje grunn til å tru at det er lettare for dei ferske studentane å lesa engelsk faglitteratur. Vidare syner Hellekjær til at heile 30 til 40 % av studentar i Noreg meiner at dei har vanskar når dei les engelsk pensum (ibid.: 159). Han syner også til at nokre av deltakarane les godt når det kjem til norske bøker, men at dette ikkje gjeld når dei les engelske bøker (ibid.). Også studentane i undersøkinga mi meiner at norsk gir den klårt beste læringseffekten i undervisninga. Når ein no har fått tilgang til slik forskning som til dømes Hellekjær (2005) tykkjer eg det bør vera endå større grunn til at forskarar og forelesarar ved dei høgare utdanningsinstitusjonane gjer seg tankar kring språkbruken dei ynskjer å gjera seg bruk av. Dersom ein no står over for ei gruppe av studentar som sjølve tykkjer at engelskkunnskapane ikkje alltid strekk til (Hellekjær 2005) så er det jo endå viktigare at språket dei blir presenterte for er konsekvent og tilrettelagt for god læring i startfasen av studietida.

Neste spørsmål omhandlar korleis eit norsk fagspråk kan gjera det lettare å formidla forskinga si til ålmenta. Som ein kan sjå frå Figur 16 er dei fleste studentane einige. Av dei spurde er 68 % er positive til dette, nemleg at norsk som fagspråk gjer det lettare for folk utan spesialistkunnskap innan eit gitt domene å ta del i, og forstå det fagfeltet kommuniserer ut. Til motsetning tykkjer 14 % at dette ikkje er eit viktig tema.




Figur 16 "Eit norsk fagspråk gjer det lettare å formidle økonomifag til dei som ikkje har utdanning innan økonomi ('folk flest')

I denne samanhengen reiser spørsmålet seg om eit norsk fagspråk naudsynleg treng vera så mykje meir forståeleg for ålmenta enn eit engelsk fagspråk og etter mi meining er det her debatten kring klårspråk kjem inn. Klårspråk vert mellom anna forklart som "korrekt, klart og brukertilpasset språk i tekster fra det offentlige" ("klarspråk" ingen dato). I det store og heile er eg einige i dette, men eg har ein kommentarar knytt til klarspråksdebatten. For det fyrste så meiner eg at eit faguttrykk av natur lyt ha ei viss grad av spesialisering knytt til seg. Ein lyt passa på så ein ikkje står i fare for å forenkla budskapen så mykje at ein mister det faglege innhaldet på vegen.

6.2.3 Haldningar til utvalde termar

I undersøkinga som eg delte ut vart studentane også spurde kva dei tykkjer om ulike norske omsettingar av engelske termar. Den fyrste termen som dei blei bedne om å vurdere er ei omsetting av *credit crunch* som vert nytta mykje i avisene, nemleg *kredittskvis*.




Figur 17 Er 'kredittskvis' ei god omsetting av 'credit crunch'

Som ein kan sjå frå figur 17 så er fleirtalet av dei spurde ueinige, eller likegyldige til denne omsetjinga.


Om dette er fordi dei meiner at omsettinga ikkje speglar omgrepet godt nok er usikkert. Men det kom fram i undersøkinga at ein del studentar er positive til bruken av engelsk og dette kan jo også vera noko av grunnen til at dei tykkjer den engelske termen er betre enn den norske.

I denne spørjeundersøkinga har eg hatt som utgangspunkt at studentane ikkje naudsynleg har gjennomgått finansemnet grundig. Likevel vert *credit crunch*- omgrepet gjennomgått i ei obligatorisk pensumbok, både ved UiB og NHH, *Moderne makroøkonomi* av Erling Steigum. Eg reknar det difor som sannsynleg at dei fleste har vorte eksponert for dette omgrepet i større eller mindre grad.



Figur 18 Er høyrisikoprodukt ei god omsetjing av CFD (Contract for difference)?


Heller ikkje *høyrisikoprodukt* vert sett på som ei god omsetjing av studentane. Medan 14 studentar tykkjer at det er ei god omsetjing, meiner 40 at den er grei nok og 27 tykkjer den er dårleg.



Figur 19 CDS (Credit default swap) eller derivat?

Heile 39 studentar visste ikkje korleis dei skulle ta stilling til denne termen. Noko av grunnen til dette kan vera at dette er eit tema og ein term som ein ikkje har teke stilling til i undervisninga enno. Om ein ikkje veit kva termen omhandlar i utgangspunktet kan det vera vanskeleg å vita i kor stor grad den

speglar omgrepet. Medan 38 studentar tykkjer at termen er grei nok, tykkjer 26 at den er dårleg.



Figur 20 Er hedgefond betre likt enn hedge fund?

Studentane er mest glad i den termen som er minst norsk, nemleg *hedgefond*. Dette støttar blant anna funn Kristiansen (2012) har gjort i aviskorpuset, nemleg at hybridtermene er dei mest brukte.

6.3 Skilnader mellom grupper

I denne samanhengen har eg også valt å gjera meg bruk av krysstabellar for å sjå om det er skilnad mellom grupper i kva haldningar dei syner. For kvar samanlikning har eg satt opp ei hypotese/ eit forskingsspørsmål som er fundert i tidlegare forskning.

6.3.1 Er det skilnad mellom kvinner og menn?

I følge Trudgill (2000) skil menn og kvinner seg frå kvarandre når det kjem til språkbruken. Han syner til at “in many societies the speech of men and women differs in all sorts of ways. In some cases, indeed, the differences may be quite large, overtly noted, and perhaps even actively taught to young children” (ibid.: 64). Kan ein så gå ut ifrå at dette kan overførast til språkbruken i den fagspråklege konteksten? For å sjå om denne dette var ein problemstilling som kunne overførast til fagspråket innan finans har eg samanlikna mannlege og kvinnelege studentar ut ifrå svara som vart gitt i haldningsundersøkinga.

Bakgrunnen for dette er at finansfaget er dominert av menn, noko som også tyder at mykje av terminologien på området er danna og importert av menn. Men det er også eit faktum at mykje av terminologien som ein gjer seg bruk av rett og slett ikkje vert omsett i det heile og ein nyttar då den


engelske fordi denne vert sett på som meir 'presis'²⁴ og 'betre' enn termene ein gjer seg bruk av på norsk.

Er det meir akseptabelt blant menn å nytta engelsk, enn hjå kvinner? Forskinga til Vikør og Kristiansen (2006) indikerer at ein til ei viss grad kan seia at menn er meir positive til bruken av engelsk, medan kvinner er meir språkpuristisk anlagde. I denne undersøkinga synte det seg at kvinner i større grad enn menn meinte at ein nytta for mange engelske ord i norsk i dag. I tillegg meinte 10,3 prosent av menn at det hadde vore best om alle land i verda snakka engelsk, medan 6 prosent av kvinnene var einige i denne påstanden. Konklusjonen deira var følgjande: "skilnaden mellom språka er få, men dei som finst, peikar på noko større engelsk-entusiasme hos menn" (ibid.: 63).

I eit fagfelt, som finans, der store deler av faglitteraturen og terminologien er på engelsk, kan det vera interessant å sjå om det fortsatt syner seg å vera ein skilnad mellom haldningane til kvinner og menn. Eller er det heller slik at fagmiljøet ein tek del i formar haldningane trass kjønn? For å sjå om svara frå spørjeundersøkinga kan indikera dette har eg valt å gjera meg bruk av eit diagram som kan fanga opp eventuelle skilnader.

Vidare kan ein sjå at det er mest skilnad mellom kjønna når det kjem til dei normative spørsmåla. Her skårar mennene høgare når det kjem til å vera positive til bruken av engelsk.

²⁴ Intervju med professor i K7 Bulletin 07.03.2010 (studentavis ved NHH)



Figur 21 Skilnad i haldningar mellom kvinnelege og mannlege studentar

Som ein kan sjå frå figur 21 finn ein fleire signifikante skilnader mellom kvinner og menn når det kjem til kor einige eller ueinige dei er i påstandane dei skal ta stilling til.

Dei to siste spørsmåla syner ei lita overvekt av kvinner grensar mot å vera einige i at det vert nytta for mange engelske termar i undervisninga, samt at dei norske termene som vert nytta i undervisningssituasjonen er gode. Det er likevel ikkje ein signifikant skilnad mellom menn og kvinner i dei to siste spørsmåla.

Det er altså ikkje alle spørsmåla i undersøkinga som kan seiast å avdekka skilnader i haldningar mellom menn og kvinner. Likevel finn eg at somme påstandar i undersøkinga vert svarde ulikt av menn og kvinner.

Funna mine når det kjem til kjønn kan kort samanfattast med følgjande observasjon. Det ser ut til at innverknaden av kjønn kjem tydelegast fram når ein ser på dei normative spørsmåla. *Korleis bør det vera, er termene gode, bør ein ha norske termar* etc. Det er eit langt mindre tydeleg skilje når ein ser på spørsmåla som omhandlar årsakssamanhengar og forståing, når det kjem til sjølve 'dynamikken' i språket, som til dømes at bruken av eit engelske fagspråk gjer det lettare å få arbeid i utlandet.

Som ein kan sjå frå figur 21 ovanfor tykkjer fleire kvinnelege studentar at det vert nytta for mange engelske termar i undervisninga enn sine mannlege medstudentar. Det er likevel ikkje slik at dei kvinnelege respondentane er heilt einige i påstanden om at dei engelske termene utgjer ein for stor del i undervisninga. Men også ut ifrå kommentarane eg fekk på slutten av spørjeskjemaet så synte dei kvinnelege studentane meir fokus på viktigheita med norske termar enn dei mannlege respondentane. Døme på dette finn ein hjå ein kvinneleg respondent som har følgjande å seia om bruken av engelske termar i undervisninga, både på innføringsfag og meir spesialiserte fag:

(10)Forelesninger og pensum bør være på norsk på innledningsfag. Fordypningsfag kan gjerne være på engelsk (kvinneleg student).

(11)Engelsk terminologi er bedre & bruke. Mer presist! (mannleg student).

Som eg har understreka før i denne oppgåva, skal ein vera forsiktig med å trekkja slutningar som kan generaliserast utover utvalet som har svart på denne undersøkinga. Indikasjonane som desse resultatane kan koma med, stemmer difor ikkje naudsynleg overeins med resultat frå eit større utval.

Det kan sjå ut til at mannlege studentar til ei viss grad er meir positivt innstilt til bruk av engelsk i undervisningssituasjonen enn sine kvinnelege medstudentar. Resultata peikar ikkje i retning av at det er stor skilnad mellom menn og kvinner når det kjem til kva språk ein tykkjer er best i undervisningssituasjonen. Det er likevel interessant å sjå at ved dei fleste høver så er kvinnelege respondentar meir einige (kryssar av ved 4 eller 5) i påstandane om viktigheita av norsk, medan det er ei lita overvekt av menn som er einige når påstandar om at engelsk er betre.

6.3.2 Er det skilnad mellom studentar ved NHH og UiB?

Gjennom kasusstudiet som eg presenterer i kapittel 6.1, *Kasusstudie: gjennomgang av termbruk i lærebøker, ordlister og aviser*, har eg mellom anna gått gjennom pensumlistene til dei ulike utdanningsinstitusjonane. Desse listene kan gi eit inntrykk av kva språk ein legg vekt på i

presentasjonen av fagområdet. Vert det nytta engelsk i innføringsfaga eller legg ein vekt på at læringa skal gå føre seg på morsmålet i starten? Eit anna poeng i denne samanhengen er at NHH har eit eige institutt som arbeider med fagspråk, både i ein framandspråkleg kontekst men også for å betra norsktilhøvet innan økonomi. Det vil difor vera interessant å sjå om dette er noko som påverkar studentane i større grad enn studentane frå UiB.

Av dei faga eg har sjekka pensumlistene til ligg alle på bachelornivå. Det var 11 fag som hadde lagt ut lister på UiB, medan 16 fag hadde tilgjengelege lister ved NHH.²⁵ Eg tykkjer også det er verdt å nemna at alle faga hadde oppgitt norsk som undervisningsspråk. På UiB var det i følgje listene tre fag som berre hadde norske bøker, 4 fag hadde bøker både på norsk og engelsk, medan 4 fag hadde engelsk som einaste tilgjengelege faglitteratur. På NHH hadde 5 av faga tilbod der litteraturen berre var på norsk. Når det kom til blanding av norske og engelske bøker på pensum så hadde NHH 4 fag som tilbød dette. Når det kom til fag der ein berre hadde engelske fagbøker på pensum hadde NHH 7 fag.²⁶

Nokre av resultatane eg kom fram til i dette kasusstudiet kan syna at det er ei viss grad av skilnad når det kjem til kva språk ein vert presentert for i faglitteraturen. I denne samanhengen tykkjer eg det er interessant å sjå om dette gjev utslag i dei ulike studentgruppene sine haldningar til bruken av engelsk. Kan det vera at studentane som vert presenterte for meir engelsk i faglitteraturen er meir positive til bruken av engelsk i undervisningssituasjonen?


I følgje t-testen så er skilnadene mellom studentar ved UiB og NHH signifikant ved spørsmål 1, 2, 3 og 6 i figur 22. For spørsmål 1 vil eg understreke at ingen av gruppene er i stor grad einige i at det blir nytta for mange engelske termar i undervisninga, men skilnaden mellom gruppene er signifikante og det ser ut til at NHH-studentane i høgare grad meiner at det blir nytta for mange engelske termar i undervisninga. Når det kjem til spørsmål 2 og 3 så kan ein her sjå at UiB-studentane stiller seg meir positive til dei norske termene som blir nytta i undervisninga, og i tillegg er meir positive når det kjem til påstanden om at det er viktig å utvikla norske termar. Påstand 6, der studentane skal ta stilling til om engelske termar er meir presise enn norske så er NHH-studentane i større grad einige i dette. Dei resterande påstandane som studentane skulle ta stilling til synte ikkje signifikante skilnader mellom gruppene, men ein kan sjå ein tendens til at studentane frå UiB er noko meir positive til bruken og

²⁵ Ved UiB var det 11 fag som ein kunne velja mellom på bachelornivå. På NHH fann eg 19 fag, men eg ekskluderte tre av faga frå lista då dei ikkje hadde synt til pensum i litteraturlister.

²⁶ Oversikta over pensumlistene finn ein under vedlegg 1.

viktigheita av norsk, medan NHH-studentar er noko meir positive til påstandar som omtalar fordelar med bruken av engelsk.

For det fyrste kan det rett og slett vera at ein nyttar fleire norske termar ved UiB. Likevel er det ikkje mogeleg å måla dette då eg ikkje har delteke i undervisninga ved dei to lærestadane. Termene i lærebøkene kan gi eit inntrykk av kva termar som studentane vert presenterte for, men det seier likevel ikkje noko om kva termar som vert nytta i den munnlege kommunikasjonen mellom forelesar og student. Ei anna forklaring kan vera at studentane har ulike oppfatningar av kva dei vil seia å ha 'for mange' engelske termar i undervisninga. I denne samanhengen har målet vore å få eit innblikk i kva studentane sjølve tykkjer om fagspråksituasjonen i faga dei tek. Dette er ei subjektiv oppleving, noko som haldningsundersøkingar er, og det er difor heller ikkje mogeleg å få ei objektiv vurdering på slike.




Figur 22 Er det skilnad mellom studentar ved NHH og UiB?

Den siste gruppa eg har samanlikna er studentar på ulike steg i studieløpet.

6.3.3 Er det skilnad mellom studentar på ulike utdanningssteg?

Frå ein sosiolingvistisk ståstad tykkjer eg det er interessant å sjå om det er slik at 'nye' studentar, som har studert eitt år eller mindre, indikerer andre haldningar enn studentar som har studert meir enn eitt år. Kan det vera slik at ein som ny student er meir utsatt for å ta til seg haldningar som somme autoritetar kan utsyna, som til dømes at engelsk fagspråk ofte er meir presist enn norsk, medan studentar med litt meir erfaring reflekterer meir over språkbruk og i kor stor grad språk kan verka inn på læringa? Eller kan det vera slik at studentar som har studert meir enn eit år i større grad er sosialisert inn i ein fellesskapstanke om at engelsk er betre som forskingsspråk enn norsk?



Figur 23 Syner skilnad i haldningar mellom studentar, delt i to grupper (utdanningar i mindre og meir enn eit halvt år)

Som ein kan sjå så er det signifikante skilnader mellom gruppene når det kjem til påstand 2 og 3, altså at det er dei norske termene som blir nytta i undervisninga er gode og at det er viktig at ein utviklar norske termar. Det er studentane som har studert kortast som er mest positive til påstandar som

vektlegg gode sider ved bruken av norsk. Studentane som har studert meir enn eit halvt år er derimot meir positive når det kjem til vektlegginga av engelske termar som gode. Sjølv om ikkje alle skilnadene er signifikante kan ein altså sjå tendensar til at dei som har studert lenger enn eit halvt år er meir positive til engelsk, medan dei som har studert mindre enn eit halvt år er meir positive til norsk. Det kan altså, frå dette datamaterialet, sjå ut til at sosialiseringa inn i visse haldningar kan gå føre seg og at studentar som har kome lengre i studieløpet blir meir positive til bruken av engelsk i undervisninga.

Ei av årsakene til at berre to av påstandane gir signifikante skilje mellom desse to gruppene, kan vera at det var få studentar i utvalet som hadde studert mindre enn eit halvt år (14 respondentar), noko som gjer det vanskeleg å få signifikante utslag i testen. Ved seinare høve kan ein gjennomføre ein test der ein har eit breiare utval studentar, og såleis kan få synt klårare tendensar i datamaterialet.

7. Diskusjon

På bakgrunn av forskingsspørsmåla, tidlegare forskning og resultata eg har kome fram til i løpet av prosessen med denne masteroppgåva tykkjer eg at det er nokre tema som treng å belysast i større grad, medan andre står fram som særskilt viktige.

Spørsmålet om domenetap har vore ein raud tråd i oppgåva, og eg har hatt som mål å belysa denne debatten ut ifrå to ståstader; *sosiolingvistikken* og *terminologien*. Målet har vore å gi eit bidrag til ein sosioterminologisk modell for fagspråksforskinga. Ein modell som berre eit fåtal forskarar har gjeve seg ut på.

7.1 Sosiolingvistikk og terminologi: sosioterminologi?

Når det kjem til den tidlegare forskinga som er gjort på området tykkjer eg det har vist seg å vera svært viktig at den tradisjonelle terminologien, arven frå Wüster, vert meir brukarretta. Det kan i dag sjå ut til at terminologien som ei eiga vitskapleg retning har eit manglande fokus på språkbrukaren når ein skal danne nye termar. Eg ser difor viktigheita ved at ein trekk inn sosiolingvistikken i dette arbeidet og dannar ei *sosioterminologisk* retning som i større grad har brukaren i fokus.

Denne debatten kring sosioterminologien syner seg også problem eg har hatt med å finna den rette balansegangen mellom eit reint sosiolingvistisk studium på den eine sida og ein rein terminologiståstad på den andre sida. Korleis skal ein sameine ei haldningsundersøking til å verte gjeldande for debatten kring norsk som tapar terreng innan akademia?

Eg vil no diskutera i kva grad ein kan seia at sosiolingvistikk og terminologi kan tilføra kvarandre ny kunnskap og driv til utviklinga av eit norsk fagspråk. Fokuset på sosioterminologi sprunge har ut av eit ynske om å tematisera relasjonen mellom terminologien og samfunnet (Myking 2000). Fokuset på terminologi og fagspråk har auka dei siste åra, men eg vil likevel leggja vekt på at dette er berre ei av tilnærmingane ein kan nytta i arbeidet med terminologi og fagspråk. Med denne oppgåva har eg ikkje hatt som mål å forkasta den tradisjonelle wüsterske tilnærminga til terminologi. Eg har derimot teke tak i retning som syner at termane er ein del av språket, og ikkje berre nemningar på ulike omgrep, isolert frå anna språkbruk. Gjennom samanlikninga eg har gjort av termar frå tidlegare forskning på

avisspråk (les Kristiansen 2011b) og ordlister og lærebøker har eg funne at det ofte er lite samsvar mellom termbruken i dei ulike kjeldene. Det har vore lite systematikk og ofte kan eitt omgrep ha fleire norske faguttrykk.

Undersøkinga mi har blant anna avdekka at studentar ofte ser på engelsk som meir presist enn norsk og at det er lettare å få jobb i utlandet dersom ein nyttar engelsk som fagspråk. Samtidig indikerer undersøkinga at dei ser på norsk som språket som gir best læringseffekt. Etter mi meining har det vorte gjort mange gode studium før som syner at ein lærer betre på morsmålet sitt (sjå Guldbrandsen 2002; Hertzberg 1996), likevel ser det ikkje ut til at forelesarar fangar dette opp når ein kjem med ei utsegn om at engelske faguttrykk ofte er meir presist enn norsk. Ei slik haldning ser ut til å ha smitta over på studentane også. Men kva ein oppfattar som presist eller ikkje vil etter mi meining avhenga av kva morsmål du sjølv har. Som norsk forelesar og forskar vil du jo berre møte dei engelske termene i ein svært avgrensa kontekst., nemleg i den faglege situasjonen. Ta til dømes termen *shorte*. Ein norsk forskar vil kanskje meina at denne er meir presis enn dei norske omsettingane, som til dømes *udekket blankosalg*. Men dersom ein ser på denne termen frå ein annan vinkel, nemleg frå ståstaden til ein som har engelsk som morsmål trur eg det vil tona seg annleis. Den engelske språkbrukaren vil møte dette uttrykket i eit større tal kontekstar, og ikkje berre når det er snakk om finans. Andersen (2007: 6) syner til at konteksten kan fungera på ulike måtar:

(...) if context is chosen by the sender, the main question is which elements are chosen as elements of context. The context is primarily seen as a psychological concept in relevance theory, and constitutes a subset of the senders and the hearer's assumptions about the world. A match between these two subsets is no guarantee of success in communication. It is an important prerequisite but not a sufficient pre-condition. There is no guarantee of success in communication, not even if you obey all the Gricean maxims of communication (...).

Det er altså verdssynet til sendar og mottakar som påverkar korleis ein oppfattar elementa og kva kontekst ein ser desse ut ifrå. Ein forelesar som nyttar engelske termar i ein norsk kontekst, kan sjå på desse som meir eintydige enn dei faktisk er, dersom ein spør ein specialist innan området som har engelsk som morsmål. Grunnen til dette kan vera at den norske forskaren rett og slett ikkje kjenner til fleire tydingar en den faglege. Det vert med andre ord for enkelt å skulda på at det norske språket ikkje er presist nok, dersom ein vel å gjera seg bruk av engelske faguttrykk. Det er nettopp her eg meiner at sosioterminologien kan gi verdifulle innblikk til språkplanlegginga og med denne masteroppgåva har eg freista å tilføra feltet friskt blod og syna haldningar til den eksisterande språksituasjonen frå eit studentperspektiv. Dersom ein innan språkplanlegginga skal auka fokuset på lenkja mellom terminologi og samfunn tykkjer eg det er svært relevant å sjå på kva studentane tykkjer om bruken av

engelsk i norske undervisningar i dag. Det er tross alt denne gruppa som no er på terskelen til ei framtid i arbeidslivet.

7.2 Er redsla for engelsk overdriven?

Når ein snakkar om domenetap syner ein ofte til frykta for at engelsk skal ta over for norsk innan ulike samfunnsområde. Nymark og Theil syner til at dette er knytt til globaliseringa som har skjedd dei siste tiåra og det hegemoniet engelsk har opparbeidd seg innan ulike deler av vitskapen og teknologi. ”Klarer engelsk å skyva norsk til sides på mange nok fagområde, kan dette føra til at engelsk tek over og vert nytta som gjengs kommunikasjonsmiddel (...)” (2011: 28f). Vidare syner dei at dette spesielt er knytt til oljesektoren og dataverksemder. Dette er store verksemder som har både makt og status, og på den måten kan føra til at smitteeffekten på andre samfunnsområde er stor (ibid.). Ein kan med andre ord seia at engelsk har fått status som eit av dei viktigaste maktspråka i verda.

Det kan med andre ord sjå ut til at norsk vert pressa ut av engelsken på viktige samfunnsområde og at smitteeffekten til andre sektorar er uunngåeleg. Likevel syner dei same forfattarane til at biletet ikkje er eintydig. ”utbreiinga av engelsk kan ha nådd sitt klimaks (...). Rolla som lingua franca er ikkje uomtvisteleg, for avhengig av kvar i verda ein er, vil engelsk som hjelpespråk få konkurranse (...)” (ibid.).

Så kor redde skal me eigentleg vera for at forskingsspråket vert ’anglifisert’, det vert jo teke inn engelske ord og uttrykk i det norske språket kvar dag? Sandøy (2004: 1) peiker på at omlag 30 prosent av orda ein finn i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er importord. Ein stor del av desse finn ein i allmennspråket. Det er altså ikkje berre fagspråket som er fylt opp av lånord. Men er det skilnad på måten språket vert endra på? Etter mi meining kan ein skilja mellom to måtar ein importerer ord og termar på. Her vil eg skilja mellom import som resultat av nedanfrå-og-opp-prosessar (bottom-up), det vil seia ein slags grasrot-prosess, og import henta gjennom ein-ovanfrå-og-ned-prosess (top-down), eller topp-ned, som, eg frå no av vil kalla det. Begge prosessar resulterer i at norske ord og uttrykk vert trengde til side, men berre ein av dei vil etter mi meining utgjera eit problem for eit aktivt deltakande demokrati nemleg språkending som kviler på ein topp-ned-prosess. Når det kjem til importord teken inn gjennom grasrot-prosessen og hamnar i allmennspråket meiner eg at dette ikkje på same måte kan seiast å utgjera ein trugsel for demokratiet. Nettopp fordi språket her vert endra gjennom prosessar i allmennspråket og difor er tilgjengeleg for ålmenta. Eg skal ikkje seia at denne typen lån og språkending ikkje er problematisk, men eg tykkjer likevel ikkje at den på same måte kan seiast å

stengja ute grupper i samfunnet på bakgrunn av utdanning og språkkompetanse. Dette meiner eg derimot er svært problematisk når det kjem til formidlinga av kunnskap og forskning. Dersom ein her ikkje nyttar seg av eit presist og lettfatteleg språk kan det føra til at ein stengjer ute menneske grunna innfløkt språkbruk. Her går eg midt i mot synet til nokre forskarar som meiner at det er nettopp ungdommen sin språkbruk som er problematisk, ikkje fagspråket, som eg meiner er eit resultat av ein ovanfrå-og-ned-prosess . Blant desse finn ein Ystenes (2004: 70) som samanliknar bruken av norsk i forskning med ei *femi treski*. ”Å pålegge norske forskere å bruke norsk som forskningspråk ut fra tradisjon og nasjonale hensyn er som å kreve at norske skiløpere skal bruke treski. Vi vinner neppe OL- eller VM-gull på den måten”. Forskaren syner vidare til at det ikkje er forskarspråket som er problemet, det er ungdomsspråket:

Slik jeg ser det er dessuten ungdommens bruk av engelsk som "kult språk" et langt større problem for språkets utvikling, og hva som omfattes som vitenskapsspråk kan påvirke dette. Særlig overfor ungdom vil det ikke styrke norsk språk at språket forbindes med påbud. (ibid.).

Her meiner eg at forskaren trekkjer ei slutning på sviktande grunnlag. Vil ikkje vitskapspråket berre verka endå meir avskrekkande på ungdom og 'folk flest' dersom ein som forskar ikkje gjer seg bruk av norske uttrykk, men tyr til engelsk? Det er jo heller ikkje slik at uttrykk som "cool" og "damn" er eit større trugsmål mot folk si forståing av viktig forskning enn dersom ein gjer seg bruk av uttrykk som *credit crunch* og ikkje *kredittmangel*. Det gjeld å kjenna sitt publikum og om forskaren vil eller ikkje så er formidling til 'folk flest' ein del av jobben og ein svært viktig del av den anvendte forskinga. ”Vi er en internasjonal elite, og vi må ha vår latin for å kunne snakke sammen” (ibid.). Men like viktig er det vel at ein har sin norsk for å kunna snakka med andre enn eit lukka forskingsmiljø. Kanskje burde denne elitetenkinga leggja like stor vekt på å utvikla eit fagspråk for formidling på norsk. Ein bør etter mi meining anerkjenna det faktum at eit forskarmiljø ikkje berre kan leggja fokus på å skulla kommunisera innover i organisasjonen, men å fungera utover, saman med den større gruppa av 'folk flest' som jo i den store samanhengen er ei mykje større gruppe enn kvart enkelt forskingsmiljø til saman.

Eg meiner også at haldningane til bruken av importord kan skilja seg mellom desse to gruppene. Som undersøkinga til Kristiansen og Vikør (op. cit.) synte, så er menneske i høgtlønnte yrke meir positive til bruken av engelsk enn menneske på andre lønssteg. Forfattarane syner at noko av grunnen kan vera følgjande:

”dei høglønnte oftast også er dei best utdanna og dei som i størst grad har dei internasjonale kontaktane; dei sit òg nærare bedriftsleiinga og marknaden bedrifta opererer i. Dei andre

gruppene kan merke ulempene betre, både på grunn av dårlegare kommunikasjon internt i (...) bedrifta, og av den marginaliseringa som bruk av eit framandt språk som bedriftsspråk lett fører til (Kristiansen og Vikør 2006: 69).

Det kan altså koplast til Bourdieu og hans teori om lingvistisk kapital, der blant anna utdanning og økonomi er ein viktig faktor når det kjem til haldninga til språkbruk. For forskarar som Ystenes, som titulerer seg sjølv som ein del av ein internasjonal elite kan det difor, etter Bourdieu sin tankegang, vera naturleg å byta ut norsk med eit meir internasjonalt språk som engelsk. Men for dei som ikkje har gleda av å tilhøyra ein 'internasjonal elite', kan ein berre håpa at forskingsformidling vil verta tilgjengeleg gjennom at nokre tek seg bryet med å nytta 'treskia'.

7.3 Domenetap: frå haldning til handling

Tek domenetapsdebatten fokusert vekk frå språkbrukaren? Spørsmålet om korleis debatten om domenetap kan belysast gjennom haldningsundersøkingar har vore ei relevant problemstilling i denne oppgåva. Det er fleire grunnar til at eg meiner at dette er ei viktig tilnærming til fagspråksforskinga. For det fyrste meiner eg at det ofte vert gløymt at studentane sjølve skal verta spesialistar ein dag. Kva haldningar dei møter og vert sosialisert inn i gjennom utdanninga kan difor vera viktige for kva haldningar dei sjølve sit att med når det kjem til språkbruken i høgare utdanning. Høgare utdanning er eitt av felta der engelsk kan ta over som kommunikasjonsspråk og utgjer saman med næringslivet og forskning eit av dei mest eksportorienterte felta i samfunnet (Nymark og Theil 2011: 31). "For å motverka ei slik utvikling, er det utan tvil viktig å fokusera på bruken av norsk i akademia, sidan studentar gjerne tek med seg både praksis og haldningar frå lærestadene og ut i arbeidslivet" (ibid.). Føresetnadene for at norsk skal oppretthalda statusen som eit samfunnsberande språk også i framtida startar med andre ord på universiteta og høgskulane, der framtidige spesialistar vert indoktrinerte i tankesett og haldningar som anten kan gå i favør eit norsk fagspråk, eller eit syn på norsk som ufullstendig og lite adekvat som forskingsspråk. At studentane tek med seg desse haldningane ut i arbeidslivet syner at ein ikkje kan isolera ulike samfunnsområde frå kvarandre, men at ei positiv haldning til bruken av norsk i undervisning, så vel som i formidling, kan ha positive ringverknader for heile samfunnet.

Eg meiner altså at haldningar til språkbruken i undervisning og formidling er ein viktig inngangsport som terminolog- og fagspråksforskarar burde ta meir atterhald ved når ein utviklar terminologiar. Eg tykkjer at mykje av forkinga i dag dreier seg rundt prinsippa som styrer termdanningsprosessane utan at ein tek atterhald ved den faktiske bruken i samfunnet. Her meiner eg at forskning kring bruken av

termar i norske aviser er verdifull då ein kan få indikasjonar på om termar vert teke opp i allmennspråket.

Det er nok semje om at norsk bør vera eit samfunnsberande språk, også i framtida, men for at det skal vera det lyt språkbrukarane overtydast om fordelar med eit norsk fagspråk. Forskarar lyt overtydast om verdien av å vera ein god formidlar, også utanfor sin eigen fagkrets og studentane lyt læra at språket er ein viktig faktor når det kjem til kor godt du lærer eit fagfelt. Det bør med andre ord leggjast vekt på *kvalitet* når ein syner til viktigheita av å styrkja det norske fagspråket. Det skal med andre ord ikkje halda å seia at 'det engelske fagspråket er meir presist enn norsk'. Mine eigne resultat har synt at studentane er opptekne av viktigheita ved å vera ein god formidlar, men også at verdien av engelsk lyt leggjast til grunn i ei undervisning. Studentar kommenterte også at bruken av engelsk burde krevja at forelesaren sjølv hadde god kunnskapar i engelsk. Ein av studentane uttrykte seg om dette temaet på følgjande vis:

(12)Gjerne mer engelsk, men da må forelesere ha bra kunnskap.

Eg vil her påpeika at dersom ein skal kunna hindra domenetap lyt ein tileigna seg kunnskap om internasjonaliseringsprosessane som skjer innan forskning og akademia i dag. Eg meiner at denne oppgåva er eit bidrag til å kunna forstå korleis språket vert nytta og for å syna kva haldningar språkbrukarane har, bevisste så vel som ubevisste. Eit av måla lyt vera å syna dei positive sidene ved bruken av norsk til språkbrukarane, i dette tilfellet studentane. Dersom ein klarer å syna verdien av norsk som akademisk språk, så vel som kulturelt fenomen kan ein langt på veg hindre synet på norsk som eit ufullstendig kosespråk som berre bør nyttast mellom familie og vener. Etter mi meining er det studentane som held nøkkelen til denne domenespråksdebatten. Det er tross alt studentane som no er på terskelen til arbeidslivet og her vil dei ta med seg erfaringar og haldningar knytt til språkbruk. Dersom ein gjennom språkpolitikken til nasjonale, og meir lokale institusjonar, klarer å formidla verdien av ein parallellspråkleg kompetanse trur eg ein langt på veg vil få meir språkbevisste økonomar, så vel som andre faggrupper, i framtida. Forelesarar og andre formidlarar bør utfordrast til å syna studentane at å identifisera seg med internasjonale forskingssamfunn ikkje treng gå ut over identifiseringa til det nasjonale forskingssamfunnet.

7.4 Internasjonalisering = anglifisering?

I følge Ljosand står det ingenting i Bologna-avtalen om at engelsk skal nyttast som ledd i ei internasjonalisering av den høgare utdanninga. ”The Bologna Process is meant as an aid to creating (...) an open market. But because of the tendency to regard “international” and “English speaking” as synonyms, the Bologna Process also, unintentionally, contributes to an emerging language shift” (Ljosand, 2005: 1). Likevel er det bruken av engelsk som vert diskutert i samband med domenetapsdebatten, samt internasjonalisering av utdanninga. Det er også bruken av engelsk som vert teke opp i dei følgjande språkmeldingane, blant anna når ein diskuterer fokuset på ei auke av den parallellspråklege kompetansen til studentane.

Det har altså dei siste åra vorte forma ei rekkje språkmeldingar med sikte på å setja fokus på språksituasjonen i forskning og formidling. Eg har valt å velja ut fire meldingar som er mest relevant for forskingsspørsmåla mine, samt dei utdanningsinstitusjonane eg har undersøkt. Dei aktuelle meldingane er *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* (St.meld. 35, 2008), *Norsk i hundre!* (Språkrådet 2005), *Både i pose og sekk* (UiB, 2007), *Ja takk, begge deler! Best of both worlds!* (NHH, 2010).

I språkmeldinga *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* legg ein vekt på at norsk skal kunna nyttast i alle samanhengar, i alle domene. Dette vert mellom anna formulert på følgjande måte:

[...] formålet med denne meldinga [er] å leggja grunnlaget for ein ny og meir offensiv språkpolitikk med det overordna målet å sikra et norske språkets status og bruk på alle samfunnsområde, slik at norsk kan bestå som eit fullverdig, samfunnsberande språk (St. meld. nr. 35 2007-2008).

Dette vil ein blant anna gjera ved å sikra seg at utdanningsinstitusjonane i Noreg tek på seg oppgåva med å utvikla ny, samt vidareutvikla norske termar og fagspråk. ”(...) regjeringa fremja forslag om å lovfesta at universitet og høgskular har ansvar for vedlikehald og vidare utvikling av norsk fagspråk” (ibid.). Viktigheita av vidareutviklinga av norsk fagspråk og terminologi vert altså tematisert og sterkt vektlegg. Det verkar difor noko underleg at Kulturdepartementet foreslår at det er universiteta og høgskulane sjølve som skal stå ansvarlege for den vidare utviklinga av terminologien, og at ein ikkje fokuserer meir på å oppretta eit samkøyrande organ på nasjonalt plan. Etter mi meinig vil det ikkje naudsynleg gjera situasjonen betre om kvar utdanningsinstitusjon utviklar sin eigen terminologi og med det bidreg til ein større jungel av norske faguttrykk som ikkje vert standardiserte. Dette vil heller

ikkje gjera det lettare for verken studentar, eller for formidlarar som skal kommunisera ut forskning til ålmenta.

Dei største utdanningsinstitusjonane i landet har likevel teke tak i dette, noko som har resultert i fleire rapportar som syner språksituasjonen ved dei aktuelle institusjonane. Universitetet i Bergen syner blant anna til at målet om *parallellspråkleg kompetanse* er viktig. Med dette meiner ein at målet er å jobba for at norsk opprettheld status som fullverdig og samfunnsberande språk, samtidig som studentane sin parallellspråklege kompetanse lyt hevast. Det er ikkje til å stikka under ein stol at mykje av forskinga som vert gjort innan fleire felt i dag krev at ein har gode engelskkunnskapar som eit svar på ein arbeidsmarknad og forskingssituasjon som vert stadig meir internasjonalisert (UiB 2007). Det lyt difor verta jobba med også denne delen, men det tyder ikkje naudsynleg at ukritisk bruk av engelsk pensum som støtte for norske undervisningar er beste måten å heva denne kunnskapen på.

Målet er å jobba for at norsk opprettheld statusen som fullverdig og samfunnsberande språk, samt at studentane sin parallellspråklege kompetanse skal hevast, som eit svar på ein arbeidsmarknad og forskingssituasjon som blir stadig meir internasjonalisert (UiB, 2007)

Vidare gjer ein greie for at ein lyt tilpassa språket alt etter kven ein skal nå ut til. Alle miljø ved Universitetet har kontakt både med det norske samfunnet og med utanlandske miljø, og vi har bruk for å tilpassa språket etter dei vi kommuniserer med (Ibid: 13). Igjen syner dette at studentane og forelesarar lyt beherska fagspråket på fleire språk.

Det vert altså ikkje sett på som negativt å gjera seg bruk av eit engelsk fagspråk. Negative konsekvensar får ein derimot om ein ikkje samtidig jobbar med å halda i hevd det norske fagspråket. Dette gjeld undervisninga, men er også svært relevant når det kjem til ein eventuell symbolfunksjon ved å føretrekka engelsk over norsk i ein forskingssituasjon. Det er ofte knytt ein prestisje til sjølve engelskbruken som gjer at ein somtid brukar det språket utan at bruken er godt grunngitt med ein rein kommunikativ gevinst. Slik dominanssituasjonen er, er det også "normalt" at brukarane overvurderer kompetansen sin i status-språket og undervurderer problema. Den symbolske gevinsten er altså viktig (UiB 2007: 15).

Den parallellspråklege kompetansen er også eit mål for NHH og uttrykker seg på følgjande måte:

Høyskolen bør derfor utvikle en språkpolitikk som ivaretar både målet om økt internasjonalisering og målet om å ivareta og utvikle norsk fagspråk. Språkpolitikken må omfatte alle deler av høyskolens virksomhet og fremme god språklig kvalitet uansett språk eller målform (NHH 2010: 5).

Her syner ein vidare til at høgskulen har som mål å vera leiande og ha eit nasjonalt ansvar for vidareutviklinga og vedlikehald av fagspråk som ligg innanfor det økonomisk-administrative domenet (ibid.). Vidare syner ein til at målet er å koma fram til ein både-og-strategi, der norsk og engelsk terminologi vert utvikla parallelt (ibid.:8).

Som både UiB og NHH påpeikar er det eit mål å heva den parallellspråklege kompetansen til studentane. Etter mi meining er det ikkje slik at auka fokus på å heva den engelskspråklege kompetansen til studentane treng gå utover norsk som fagspråk. Kompetente spesialistar treng kunna uttrykka seg på morsmålet, så vel som på eit framandspråk. Som eg synte i undersøkinga mi er studentane opptekne både av at ein skal kunna formidla forskinga si til ikkje-spesialistar og i tillegg at engelsk kan føra til at ein jobb utanfor dei norske landegrensene kan verta meir aktuelt.

7.5 Kva haldningar dominerer blant studentane?

Når eg no har valt å gjera greie for haldningar og omgrep som kan lenkjast til haldningar bevegat eg meg ut på sosialpsykologisk farvatn. Eg meiner dette er naudsynt då språket vårt og vektlegginga av ulike språklege fenomen ofte gir innsyn i eins eigne haldningar. Det er ikkje til å koma vekk i frå at språket me nyttar og språket andre nyttar gir ein grobotn for ulike haldningar. Språk er reiskapen me menneske nyttar for å uttrykka tankar og kjensler, om det er gjennom tale eller teikn. Eit psykologisk perspektiv er difor også naudsynt.

Internasjonaliseringa og globalisering av høgare utdanning har gjort at det vert lagt vekt på at studentane kan uttrykka seg godt på framandspråk, så vel som på morsmålet. Engelsk vert ofte sett på som lingua franca i denne samanhengen, og mykje av faglitteraturen, så vel som faguttrykka, er på engelsk. Målet med denne undersøkinga har vore å finna ut om haldningane som ein ved somme høve kan finna innan academia også er representative for studentane.

Haldningsundersøkinga syner at studentane er svært opptekne av språkbruk i undervisningssituasjonen. Eg fann også skilnader mellom dei ulike gruppene eg samanlikna.

Dei fleste studentane var samde i at utviklinga av det norske fagspråket var viktig, samt at eit godt norsk fagspråk vil gjera det lettare å kommunisera ut forskning til ålmenta. Det var også brei semje om

at læring på norsk gir best læringseffekt. Når det kom til positive sider ved bruken av engelsk kom det fram at studentane meinte at bruken av engelsk som fagspråk ville gjera det lettare å få jobb i utlandet, samt at dei engelske termene var meir presise enn dei norske.

Mi tolking av dette er at bruken av norsk i undervisninga vert sett på som positivt av studentane ved dei høve der det er snakk om læring og eins eiga utvikling som fagperson. Som eg har synt tidlegare vert dette støtta av forskarar som syner at læringseffekten er betre dersom ein lærer gjennom morsmålet. Dette gjeld studentar (Hertzberg 1996), så vel som spesialistar (Guldbrandsen mfl. 2002). Ein er derimot meir positive til engelsk ved høve der det er snakk om karrieremoglegheiter. Eit stort fleirtal av studentane meinte at det var lettare å få jobb i utlandet dersom ein også nytta engelsk som fagspråk i undervisninga. Eitt spørsmål som melder seg her er i kor stor grad bruken av engelsk terminologi i norske undervisningssituasjonar kan fremja engelskkunnskapar til studentane. Etter mi meining ville det vera betre om ein i stargropa av utdanninga fokuserte på å tileigna seg solid fagleg kunnskap, for så å verta introdusert for eit engelsk fagspråk når ein allereie har den faglege kunnskapen i botn. Det er likevel ikkje alle som er av same meining når det kjem til språkdebatten. Ein forelesar uttrykkjer seg på følgjande måte når det kjem språkspørsmålet:

Is the language more important than the academic qualifications of the faculty member? Are we trying to spare the students from communicating in English until they join the work force? (...) It simply does not work for a top business school to pretend that foreign competition should not affect the school's curriculum and the language in which it is taught.²⁷ (NHH forskningsblogg 2011).

Her meiner altså forelesaren at ein ikkje tek innover seg at studentane skal ut i ein internasjonal arbeidsmarknad og at den internasjonale konkurransen mellom utdanningsinstitusjonane bør gi utslag i engelsk pensum og undervisning.

NHH-professoren er ikkje åleine i å meine dette. Ljosand (2008: 299) syner at det har kome ei endring i universitetsidealet. Medan der før vart sett på som eit ledd i nasjonsbygging, ser universiteta meir ut som internasjonale forretningsføretak, der dei ulike konkurrerer og vert rangerte mot kvarandre. Det er med andre ord naudsynt å tileigna seg kompetanse i framandspråk, men det bør heller vera fokus på den parallellspråklege kompetansen til studentane. Det å verta ein god formidlar på engelsk, burde ikkje utelata at ein kan vera ein god formidlar for faget sitt på norsk.

²⁷ *The language quandary*, eit innlegg posta på NHH sin blogg i tilknytning til NHH sitt 75-årsjubileum i 2011: <http://blogg.nhh.no/focus/?author=11>

Når det kjem til 'kvaliteten' på termene meinte studentane at dei norske termene som vart nytta var gode, samtidig som dei meinte at dei engelske termene gjerne er meir presise enn dei norske. At engelsk er meir presis enn norsk, som fagspråk, meiner eg at ein forklara ut ifrå to ulike teoriar. Den fyrste støttar seg på ei sociolingvistisk tilnærming som syner at ein ofte speglar haldningane til menneske ein oppfattar som autoritetar. Fleire forelesarar har gitt uttrykk for at engelske termar er meir presise enn dei norske og at engelsk som fagspråk er å føretrekka, der dette er mogleg. Som ny student ynskjer ein gjerne å få innpass og ein vert sosialisert inn i eit fagmiljø. Kva språk forelesar føretrekk, og kva haldningar forelesar syner til språkbruk, kan difor vera viktig for haldningane som studentane sjølve utviklar. Som ein såg frå undersøkinga mi, så var det studentane som hadde studert lengre enn eit halvt år som var mest positive til bruken av engelsk.

Ei anna forklaring, som i utgangspunktet motseier studentane sitt syn på at dei norske termene er gode, er at omsettingane er så mange og så tilfeldige at ein som student ikkje veit kva uttrykk ein skal velja. Dersom ein har sju ulike norske termar for *hedge fund* kan det verka freistande å velja den engelske, fordi ein då er sikker på at ein vel ein term som denoterer det innhaldet og det omgrepet ein er på jakt etter. Ei slik forklaring set også spørsmål til nytteverdien av Universitets- og høgskulelova om å gjera universiteta og høgskulane ansvarlege for å utvikla terminologi sjølve. Som eg allereie har nemnd vil det ikkje naudsynleg gjera situasjonen betre dersom ein ikkje har eit samkøyrande organ på nasjonalt plan. Eg trur derimot at det vil skapa endå meir forvirring, både når det gjeld studentar og journalistar som har som mål å formidla forskinga på ein populærvitskapleg måte til eit publikum utan spesialistkunnskap.

7.6 Lid formidlingsspråket under mangelen på standardiserte termar/mangel på konsistent språkbruk?

Som forskinga til Kristiansen (2012) syner så eksisterer det nærast ein termjungel i dei norske avisene. Journalistar skal formidla nyhende innan svært mange fagområde, utan sjølve å sitja inne med denne spesialistkunnskapen. Dersom ein ikkje er sikker på kva norske termar ein kan nytta vel ein vel ofte den lettaste løysinga og tek i bruk den engelske termen. I tillegg til dette finn ein at journalistane sjølve ofte dannar norske omsetjingar. Dette er ein godt initiativ, men eg tykkjer det vert problematisk når ein kjem i situasjonar der ein har opptil 15 norske omsetjingar for ein engelsk term. Det er heller ikkje uproblematisk at spesialisten og journalisten ikkje nyttar same formidlingsspråk. Når journalisten sjølv lyt finna opp språket kan ein jo ikkje vera sikker på at denne termen speglar omgrepet korrekt.

Nesje (2011) syner til følgjande utsegn frå ein forskar: ” Noen journalister misforstår totalt og burde få sparken! De har kanskje pratet med meg en hel time og ikke forstått et eneste ord”. Men kven er det som sit med ansvaret her? Så klart er det naudsynt at ein som journalist klargjer i ord og uttrykk ein ikkje har føresetnader for å forstå. Men vil det ikkje også vera forskaren sitt ansvar å formidla kunnskapen sin på ein presis og klår måte? Etter mi meining kan det vera her problema med eit ufullstendig norsk fagspråk oppstår. Dersom forskaren ikkje har eit bevisst forhold til måten ho eller han uttrykkjer seg på, så kan det heller ikkje verta forventa at ikkje-spesialistane skal kunna forstå dette. Det bør altså koma eit klårare skilje mellom kommunikasjonen som ein nyttar i forskingsmiljøet, og språket ein nyttar ut i formidlingssituasjonen. Til dette kan nokre innvenda at ein norsk fagspråk og norske termar ikkje naudsynleg er intuitivt forståeleg for norske språkbrukarar og at ein i slike tilfelle heller snakkar om klårspråk. Dette meiner eg kan løysast gjennom å utvikla termlister som inkluderer både fagtermar på norsk og engelsk, samt populariserte termar, eller sjargong, som det har vorte semje kring av dei ulike fagmiljøa. Det vil også gå ei grense for kor mykje ein kan forenkla termar utan at ikkje også mistar innhaldet på vegen. Etter mi meining vil ei slik grense gå ved dei populariserte termene ein kan finna i aviser.

Ei slik termliste vil gjera det enklare for både studentar som ynskjer å omsetja faguttrykk, men vil også gjera det lettare for journalisten som freistar å nytte faguttrykk i ein populærvitskapleg samanheng.

Frå eit formidlingsperspektiv vil også mottakaren lida under dårleg formidlingsspråk. Kristiansen (2011b) syner til at aviskorpus kan gi mykje informasjon om termstoda i formidlingsspråket:

(...) the search for terminology in the NNC has shown that newspapers are good sources of terminology. Although only a few examples of the typical language of Finance in Norwegian newspapers have been discussed here, the more comprehensive analysis shows that Norwegian terms can be found for almost all concepts analysed. Having said that, anglicisms and hybrid terms are also used and these are more frequent than the Norwegian terms.

På eit seminar organisert av Språkrådet i oktober 2011 var ulike aktørar inviterte for å koma med sine innspel til korleis ein kan gå frå ord til handling når det kjem til å utvikla det norske fagspråket. Her var blant anna to journalistar inviterte for å fortelja om sin termsituasjon. Ein av desse, frå *forskning.no*, uttrykte blant anna at det var vanskeleg å unngå faguttrykka, samt at det er lett å skriva det forskaren seier, utan at dette naudsynleg vert godt formidlingsspråk. Målet var difor å unngå å nytta fagtermar i avistekstane (Kristiansen 2011). Eit spørsmål frå publikum omhandla om det vil verta lettare for journalistane om ein kunne støtta seg på nasjonale termbasar der ein enkelt kunne gå inn og søka etter norske termar, dersom ein trengde slike. Svaret var noko overraskande at dette ikkje vart sett

på som ein ressurs for formidlingspråket fordi ein hadde som mål å ikkje nytta termar i det heile. Etter mi meining er dette ei noko merkeleg haldning til utviklinga av det norske fagspråket. Kristiansen har nok rett i at norske termar ikkje alltid let seg forstå utan forklaring og difor har ein den seinare tida arbeida med utviklinga av klarspråk. Men når ein ser på undersøkingane Kristiansen (2011a; 2011b; 2012) har gjort i norske aviskorpus finn ein at anglisismane ofte er dei mest nytta termane og argumentet om at ein skal formidla lett forståeleg for ålmenta ser difor ut til å kvila på eit sviktande resonnement. Det vitnar i størst grad av kva termane er og korleis dei fungerer. Eg syner difor til det eg har synt til om klarspråk, at journalisten ikkje naudsynleg gjer lesaren ei teneste om ein overforenkler budskapet på ein slik måte at den ikkje lenger kan koplust til den opprinnelege forskinga.

Når det oppstår eit gap mellom språkbruken til spesialistar og journalistar kan ein etter mi meining stå i fare for hindra kunnskapen i å nå ålmenta, noko som i verste fall kan seiast å vera eit demokratisk problem. Eit av føremåla til forskinga er at den skal koma det større fellesskapet til gode. Dersom ein likevel ikkje får ta del i denne kunnskapen på eigne vilkår grunna dårleg formidlingspråk oppfyller ein ikkje lenger dette kravet. Eit aktivt deltakande samfunn krev jo at deltakarane kan delta på lik linje, trass utdanning og språkleg bakgrunn. Mannen i gata er like påverka av finanskrisa, trass i om han er flink i engelsk eller ikkje. I eit demokrati bør språket vera ein dørøpnar og ikkje ei barriere. Altså bør Simonsen (2004) verta teken på ordet når han ynskjer å setja fokuset på *akademia i samfunnet*

Trass i fokuset på at utdanninga skal internasjonaliserast og at bruken av engelsk innan akademia vert sterkt vektlagd av somme forelesarar ser det ut til at studentar har fått ei auka interesse for bevaringa av norsk som fagspråk. Språkspalta, *Korrektur*, har følgjande å seia om bruken av engelsk på høgskulen:

På Handelshøyskolen forvirres masterstudenter hver dag ved at de har forelesinger på norsk, men pensum og oppgaver på engelsk. Dette er lett å oppdage blant studenter, men er også tydelig hvis man snakker med ferske finansanalytikere. Man minner om at equity, yield og cash flow ikke er norske ord. Korrektur anbefaler (...) om å holde seg strengt til ett språk ved fremleggelser av rapporter, oppgaver eller analyser. Der er de språksikre økonomene som når toppen (K7 Bulletin 2011: 36).

Ein av studentane i mi eiga undersøking reflekterte rundt dette formidlingstemaet og uttrykte følgjande:

(13) (...) det at ein gjerne går ut frå at alle har det same nivået i engelsk og at "det går jo så greitt med dei engelske orda". Ofte er det meir problematisk enn det at ein nyttar engelsk/framanspråklege ord i seg sjølv. Dette kan og føre til at mange ikkje er i stand til å snakke om sitt eige fagområde på eitt eige språk, noko eg vil seie er svært negativt.

Som Hellekjær (2005) si forskning tykkjer heile 30- 40 prosent av studentane i Noreg at dei har problem ved lesing av engelsk pensum. Korleis dette då vil sjå ut for resten av befolkninga har eg ikkje undersøkt, men eg meiner at ein kan gå ut ifrå at det ikkje står betre til her. Dersom ein då ikkje tilpassar språket sitt til mottakargruppa kan ein stå i fare for at ein svært lita gruppe faktisk forstår kva ein prøver å formidla. Dette trur eg kan føra til eit endå større gap mellom akademia og samfunnet elles. Ein kan altså ikkje dra like enkle slutningar som nokre forskarar har gjort om at engelsk er meir presist og at ein difor like gjerne kan læra seg språket fyrst som sist, og helst fyrst.

8. Konklusjon

I denne oppgåva har eg hatt som mål å kartleggja haldningane til økonomistudentar når det kjem til bruken av engelsk i ei elles norsk undervisning. Eg har også freista å sjå i kor stor grad det ser ut til at termbruken samsvarer i aviser, ordlister og lærebøker.

Haldningsundersøkingane syner at studentane på ingen måte er passive konsumentar som ikkje reflekterer over språkbruken i undervisnings- og formidlingssituasjonen. Resultata indikerer tvert om at studentane er svært språkbevisste, men dette tyder ikkje at dei er udelt positive i synet på bruken av engelsk, eller norsk for den del. Eg har heller funne eit vell av ulike haldningar og tankar som har belyst debatten om språkbruk og domenetap og eg meiner at dette bør nyttast for det det er verdt når nye retningsliner for norsk språkpolitikk skal utviklast. Ein lyt gjera det klårare for studentar, så vel som spesialistar og journalistar, fordeler med ein presis språkbruk om det no skulle gjelda formidling på engelsk så vel som på norsk. Eg meiner også at det burde vera eit klårare skilje mellom spesialistkommunikasjon og formidling til studentar og ålmenta. Den parallellspråklege kompetansen er viktig for forskarar og studentar, men synet på korleis ein skal utvikla ein slik kompetanse tykkjer eg er fleirdelt. Eg trur den beste måten å sikra seg språksikre økonomar på i framtida vil vera at ein utviklar eit godt norsk fagspråk og har dette som grunnlag for å utvikla kompetansen innan ulike framandspråk. Parallellspråkleg kompetanse skal altså ikkje øydeleggja for den vidare utviklinga av norske faguttrykk og føra til domenetap innan viktige samfunnsområde. For å hindra domenetap lyt ein leggja vekt på at det er nettopp *parallellspråkleg* kompetanse som er i fokus og ikkje einspråkleg engelskkompetanse. At ein maktar å spegla mottakargruppa i formidlingssituasjonen er, etter mi meining, sjølve definisjonen på ein kompetent forskar og formidlar. For å hindra domenetap lyt ein altså syna både forskarar, studentar, formidlarar og folk flest fordelane ved å bruka når ein kan, og engelsk berre når ein må.

(...) det er viktig at det finst ein vaken og medviten opinion, for skal ein unngå domenetap, skal ein sikra at norsk blir eit fullverdig språk også i framtida, må ein koma fram til ein språkpolitikk som verkar, og som har aksept i folket (Nymark og Theil 2011: 30).

Litteratur

- Aftenposten (2012): *Innsikt*. Nr. 05, mai 2012.
- Akselberg, G. (2003): Talemålsvariasjon i Noreg. I Mæhlum, B., Akselberg, G., Røynealand, U., Sandøy, H. (red.) *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. Oslo: Cappelen Akademiske Forlag
- Alexeeva, L.M. (2003): Interaction between terminology and philosophy (s. 61-70). I: *Terminology science and research*. Vol. 14. Termnet
- Andersen, G. og Hofland, K. (2012): Building a large corpus base don newspapers from the web. (s. 1-28). I: Gisle Andersen (red.) *Exploring newspaper language : using the web to create and investigate a large corpus of modern Norwegian*. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company
- Andersen, Ø. (2007): *Indeterminacy, context, economy and well-formedness in specialist communication*. I: Antia, B. E. (ed.) : *Indeterminacy in Terminology and LSP*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company
- Antia, B. E. (2000): *Terminology and language planning: an alternative framework of practice and discourse*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company
- Dyer, J (2007): Language and identity (s. 101-108). I: Llamas, C., Mullany, L., Stockwell, P. (red.). *Sociolinguistics*. New York: Routledge
- Egidius, H. (1996): *Psykologisk leksikon*. [Omsett av Rygge og Anderssen]. Oslo: Aschehoug.
- Endresen, R.T., Sveen, A. & Simonsen, H. G. (1996): *Innføring i lingvistik*. Oslo: Universitetsforl.
- Felber, H. (1984): *Terminology manual*. Paris: United Nations Educational International Information Centre for Terminology/ Unesco
- Festinger, L. (1957): *A theory of cognitive dissonance*. Evanston, Ill: Row, Peterson and Company
- Graedler, A.L. (2004): Modern Loanwords in the Nordic Countries. Presentation of a project. I: *Nordic Journal of English studies*. Special issue. Vol. 3/2
- Gulbrandsen P, Schroeder TV, Milerad J, Nylenna M. (2002): Skjerm eller papir, morsmål eller engelsk- hva er best? (s. 1646-1648). I: *Tidsskrift for Den norske lægeforening*
- Hansen, E. og Lind, Å. (2008): *Engelsk-norsk økonomisk-juridisk ordbok*. Oslo: Cappelen
- Hellekjær, Glenn-Ole 2005: *The Acid Test: Does Upper Secondary EFL Instruction Effectively Prepare Norwegian Students for the Reading of English Textbooks at Colleges and Universities*. Oslo: Univeristy of Oslo
- Hertzberg, F. (1996): Hvilken faglig og pedagogisk betydning har lærebøker på norsk i universitets- og høskolestudier? (s.95-102) I: *Maal og minne* (1).
- ISO 1087 (2000): *Terminology work – Vocabualry*. International Organization for Standardization

- ISO 704 (2000): Terminology work – Principles and methods. International Organization for Standardization
- Jensen, Ch., Stæhr, L. & Thøgersen, J. (2009): Underviseres holdninger til engelsk som undervisningssprog- En spørgekemaundersøgelse på Københavns Universitet. København: Center for Internationalisering og Parallelsproglighed. Københavns Universitet
- Johansson, S. og Graedler, A.L. (1997): *Anglismeordboka. Engelske lånord i norsk.* Universitetsforlaget. Oslo 1997
- K7 Bulletin (07.03.2010): Intervju med NHH-professor.
- Klarspråk (ingen dato): Artikkel på *språkrådet.no*. Henta 30.03.2012 frå: <http://språkrådet.no/nb-NO/Tema/Sprak-i-staten/Klarsprak/>.
- Kristiansen, M. (2004): *The multi-disciplinary nature of the social sciences : investigating disciplinary autonomy in organisational behaviour by means of terminological analysis* (Doktoravhandling). Bergen: Universitetet i Bergen
- Kristiansen, M. (2011a): Ligge long eller shorte naken. En korpusbasert studie av termdanning i norske aviser. I: Nordterm 17. *Samarbetet ger resultat: från begreppskaos till överenskomna termer*. Vasa: Nordterm
- Kristiansen, M. (2011b): *Financial jargon in a general newspaper corpus*. Bergen: Norges Handelshøgskole
- Kristiansen, M. (2012): Finding financial terminology in norwegian newspaper (s. 257-283). I: Gisle Andersen (red.) *Exploring newspaper language : using the web to create and investigate a large corpus of modern Norwegian*. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company
- Kristiansen, N. (2011): Journalist møter forsker. I: Seminarinnlegg ved *Idéseminar om norsk fagspråk med søkjelys på løysingar*. Oslo. Språkrådet
- Kristiansen, T., Vikør, L.S., (2006): *Nordiske språkhaldningar. Ei meiningsmåling*. Oslo: Novus Forlag
- Laurén, C., Nordman, M. (1987): *Från kunskapens frukt till Babels torn. En bok om fackspråk*. Vasa: Vasa universitet
- Laurén, C., Picht, H. & Myking, J. (1997): *Terminologi som vetenskapsgren*. Lund: Studentlitteratur.
- Laurén, C., Picht, H., Sigurður, J. & Myking, J. (2008): *Insikter om insikt : nordiska teser om fackkommunikation*. Oslo: Novus forlag
- Law, J. (red.) (2008): *A Dictionary of Finance and Banking*. (4. utgåve.) Oxford: Oxford University Press
- Ljosand, R. (2005): Norway's misunderstanding of the Bologna Process: When internationalisation becomes Anglicisation. Konferanseinnlegg på: *Bi- and Multilingual Universities: Challenges and Future Prospects*. Helsinki University 1-3 September 2005

- Ljosand, R. (2008): *Lingua franca, prestisjespråk og forestilt fellesskap: Et kasusstudium i bred kontekst*. (Doktoravhandling) Trondheim: NTNU
- Ljosland, R. (2004): Engelsk, selvfølgelig! Språklig sosialisering blant dok- torgradsstipendiater (s. 137-146). I Simonsen (red.) *Engelsk i kunnskapssamfunnet*.
- Madsen, B. (1999): *Terminologi- Principper og Metoder*. Gads Forlag. København
- Matthews, P.H. (2007): *Oxford Concise Dictionary of Linguistics*. Oxford: Oxford University Press. Andre utgåve
- Maurais, J. (1993): Terminology and Language Planning. (s. 111-126). I: *Terminology. Applications in interdisciplinary communication*. Sonneveld, H.B. og Loening, K.L. (red.) Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company
- Myking, J. (2000): Sosioterminologi – ein modell for Norden? (s. 92 –109). I: *I terminologins tjænst. Festskrift for Heribert Picht på 60-årsdagen*. Nuoppunen, A. mfl. (red.) Vaasa: Vaasan yliopisto
- Myking, J. (2008): *Motivasjon som termdanningsprinsipp : ein teoretisk diskusjon på grunnlag av norsk oljeterminologi*. Vaasa: Universitas Wasaensis
- Mæhlum, B. (1992): *Dialektal sosialisering. En studie av barn og ungdoms språklige strategier i Longyearbyen på Svalbard*. Oslo: Novus forlag.
- Mæhlum, B. (2003a): Normer (s. 87 –103). I: Mæhlum, N., Akselberg, G., Røyneland, U., Sandøy, H. (red.) *Språkmøte. Innføring i sociolingvistikk*. Oslo: Cappelen Akademiske Forlag
- Mæhlum, B. (2003b): Engelsk eller norsk? I: Eurozine. Henta frå <http://www.eurozine.com/pdf/2003-03-07-mæhlum-no.pdf>
- Mæhlum, B. (2006): *Språklig imperialisme – hva slags krefter er det egentlig snakk om?* I Motskrift nr. 1 2006. NTNU
- Nesje, A. (2011): Forskerspråket gjennom mediekverna. I: Seminarinnlegg ved *Idéseminar om norsk fagspråk med søkjelys på løysingar*. Oslo: Språkrådet
- NHH forskingsblogg (2011): The language quandary. *NHH Forskingsprogrammet Focus*. (Blogginnlegg) Henta frå: <http://blogg.nhh.no/focus/?author=11>
- Nissilä, N. (2008): Begrepp och termer inom området balansräkning. Teoretisk utveckling och empirisk förankring. I: Acta wasaesia nr. 189 Vasa: Universitas Wasaensis
- Nordterm (2011): Terminologiens terminologi. Henta frå: <http://www.sprakradet.no/upload/Terminologi/Nordterm%20-%20terminologiens%20terminologi%20-%20no-en%20-%202011-01-27.pdf>
- Norges Handelshøgskole (2010): *Ja takk, begge deler! Best of both worlds! Språkpolitiske retningslinjer for NHH*.
- Nylenna, M. (2004): Engelskspråklig undervisning for medisinstudenter i Norge – gode intensjoner, men store bivirkninger. I: Simonsen, D.F. *Engelsk i kunnskapssamfunnet engelsk - elitenes nye latin?* Oslo: Gyldendal akademisk

- Nymark, J. og Theil, R. (2011): *Dei ukulege språka – språkpolitikk og språksituasjonar*. Bergen: Fagbokforlaget
- Nynorskordboka (2012): *Nynorskordboka*. Tilgjengeleggjort av Universitetet i Oslo i samarbeid med Språkrådet via <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=&nynorsk=+&ordbok=nynorsk>
- Nänny og Fischer (1999): *Iconicity as a Creative Force in Language Use*. I Nänny og Fischer (red.) *Form miming meaning. Iconicity in language and literature*. Amsterdam: John Benjamins.
- Picht, H. & Draskau, J. (1985): *Terminology : an introduction*. Guildford: University of Surrey, Department of Linguistic and International Studies
- Ringdal, K. (2001): *Enhet og mangfold : samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget
- Risiko (ingen dato): *Den store danske ordbok*. Henta frå: [http://www.denstoredanske.dk/It_teknik_og_naturvidenskab/Teknologi/Teknologiens_terminologi/risiko/risiko_\(Forsikring\)?highlight=risiko](http://www.denstoredanske.dk/It_teknik_og_naturvidenskab/Teknologi/Teknologiens_terminologi/risiko/risiko_(Forsikring)?highlight=risiko)
- Rosch, E. (1978): *Principles of Categorization*. I Aarts m.fl. (red.) *Fuzzy grammar- a reader* (2004). Oxford University Press
- Rowntree, D.: (2000): *Statistics without tears : an introduction for non-mathematicians*. London: Penguins
- Sandøy, H. (2004): *Norsk skrivemåte av importord – norvagisering*. *språkrådet.no*. Henta frå: http://www.sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Raad/Norsk-for-engelsk/Importord/Norsk_skrivemaate_av_importor/#importord
- Saussure, F. (1970): *Kurs i allmän lingvistik*. [Omsett av Löfqvist]. Paris: Bo Cavefors Bokförlag .
- Seim, I.M.H. (2006): *Identitet og etnisitet i samtale. En analyse av innhold og struktur i en samtale mellom to ungdommer i et flerkulturelt miljø i Oslo*. Hovedoppgave, Universitetet i Oslo.
- Simonsen, D. F. (2004): *Fagknipper og domenetap* (s. 130-133) I: D.F. Simonsen (red.) *Språk i kunnskapssamfunnet: engelsk - elitenes nye latin?* Oslo: Gyldendal akademisk
- Skaug, M. & Aagenæs, J. (2010): *Engelsk økonomisk blå ordbok / norsk-engelsk / engelsk-norsk*. Oslo: Kunnskapsforlaget
- Skilbred, T. (2005): *Finnes det en sammenheng mellom holdning til egen dialekt og holdning til dialekt i tv og radio*. Masteroppgave. Universitetet i Tromsø
- Språkrådet (2005): *Norsk i hundre! Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder : et forslag til strategi*. Oslo: Språkrådet
- St.meld. 14 (2008-2009): *Internasjonalisering av utdanning*. Henta frå: (<http://www.regjeringen.no/pages/2152661/PDFS/STM200820090014000DDDPDFS.pdf>) Kunnskapsdepartementet.

- St.meld. 35 (2007-200): *Mål og mening. Ein heilskapeleg norsk språkpolitikk*. Henta frå: (<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>) Kulturdepartementet.
- Steigum, E. (2004): *Moderne makroøkonomi*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Suonuuti, H. (2010): *Termlosen : kort innføring i begrepsanalyse og terminologiarbeid*(2. utg.). Oslo: Språkrådet
- Swales, J. M. (1997): English as *Tyrannosaurus Rex* (s. 373–382). I: *World Englishes* 16/3
- Thorsheim, A. (2008): Børskrakk for dummies..E24 Henta 14.03.12 frå: <http://e24.no/makro-og-politikk/forstaa-boerskrisen-boerskrakk-for-dummies/2199557>
- Toft, B., Picht, H., Nuopponen, A. & Myking, J. (2000). *I terminologins tjänst : festskrift för Heribert Picht på 60-årsdagen*. Vaasa: Vaasan yliopisto
- Torsvik, G. (2003): *Menneskenatur og samfunnsstruktur. Ein kritisk introduksjon til økonomisk teori*. Oslo: Det norske samlaget
- Trudgill, P. (2000): *Sociolinguistics. An introduction to language and society* (4. utg.). England: Penguin Books
- Universitetet i Bergen (2007): *Både i pose og sekk. Framlegg til språkpolitikk for Universitetet i Bergen*.
- Vikør, L.S. og Kristiansen, T. (2006): *Nordiske språkhaldningar. Ei meningsmåling*. Oslo: Novus Forlag
- Wüster, E. og Bauer, L. (1979). *Einführung in die Allgemeine Terminologielehre und Terminologische Lexikographie*. Wien,:In Kommission bei Springer
- Ystenes, M. (2004): Norsk vitenskapsspråk = femi treski? (s. 70-75) I: D. Simonsen (red.) *Språk i kunnskapssamfunnet: engelsk – elitenes nye latin?* Oslo: Gyldendal akademisk

Vedlegg 1: Pensumlister

Vedlegg 2: Spørjeskjema